

Joakim Knotten

Ei undersøking av den romerske antikken sin posisjon i den norske
skulen



Masteroppgåve på lektorprogrammet

Institutt for økonomi, historie og samfunnsvitenskap

Universitet i Sørøst-Norge

Våren 2019

Føreord

Med denne oppgåva markerer eg slutten på lektorutdanning ved USN. Fem år med studiar har gått overraskande fort, og her sit eg med ei ferdig masteroppgåve.

Fyrst vil eg rette ei stor takk til rettleiaren min Jon Wikene Iddeng. Takk for gode råd og rettleiing i det som har vore eit utfordrande år. Du har gjort betydelege bidrag til at denne masteroppgåva vart gjennomført.

Vidare må eg rette ei stor takk til alle lærarane som tok tid ut av ein travel kvardag til å svare på undersøkinga og dermed gi verdifull assistanse til fullføringa av oppgåva. Eg vil også rette ei takk til Anita Wiklund Norli for gode idear og assistanse rundt utforminga av spørjeundersøkinga.

Og sist, men ikkje minst, vil eg takke sambuaren min, Helene, for å være ein viktig diskusjonspartner, men også for å ha støtta meg i løpet av opp og nedturane som har prega dette året. Og ei siste takk til familie og vennar, for oppmuntrande ord og verdifulle råd.

Joakim Knotten

Horten, 15. mai 2019

Samandrag

Denne oppgåva presenterer ei undersøking av den romerske antikken sin posisjon i den vidaregåande skulen. Den romerske antikken høyrer heime på 2. trinnet og er eit av dei fyrste emna elevane møter i historiefaget. Utfordringa er at historie ikkje er eit avsluttande emne før etter 3. trinnet i den vidaregåande skulen, som då kan føre til at emna som er ein del av 2. trinnet ikkje blir prioritert av elevane. Samtidig er det via lite tid til historiefaget, som gir lærarane ei tidsklemme. Eit sentralt spørsmål har blitt om det er riktig å anta at den romerske antikken stiller noko tilbake for andre emne i eldre historie delen av historiefaget.

Tre element står i sentrum for å kunne svare på dette spørsmålet. Ei analyse av læreplanen og lærebøkene som representerer historiefaget og ei spørjeundersøking blant lærarar som underviser i historie ved den vidaregåande skulen. I læreplanen blir antikken nemnd i eitt av læreplanmåla. Målet går ut på å samanlikne antikke samfunn og antikken si betydning for moderne politikk, arkitektur eller annan kunst. Det er tydeleg at lærebøkene byggjer på læreplanen og den romerske antikken får då ein naturleg plass i bøkene. For å vidare undersøke den romerske antikken, vart lærebøkene sitt innhald vurdert opp mot 13 sentrale emne frå Romarriket. Spørjeundersøkinga la vekt på å identifisere haldningane lærarane har til den romerske antikken, både som emne i undervisninga, men også på eit meir personleg nivå.

Med den nye læreplanen under utforming blir det interessant å sjå om posisjonen til den romerske antikken kan endre seg. Kanskje kan denne oppgåva være med i diskusjonen rundt Romarriket sin framtidig posisjon i både læreplanen og skulen generelt.

Innhold

Føreord	1
Samandrag	2
1.0 Innleiing	5
1.1 Tema	5
1.2 Utfordringar for historiefaget på vidaregåande trinna	5
1.3 Problemstilling	6
1.4 Avgrensing	7
1.5 Læreplanen	8
1.6 Struktur	9
2.0 Analyse av lærebøkene	11
2.1 Lærebøkene	12
2.1.1 Historie Vg2	12
2.1.2 Tidslinjer 1	12
2.1.3 Alle tiders historie	13
2.2 Hovudpunkt for den romerske antikken	14
2.2.1 Borgarrollen	14
2.2.2 Republikken sitt politiske system	16
2.2.3 Ekspansjon og imperium	19
2.2.4 Sosiale forhold og slaveri	23
2.2.5 Religion	27
2.2.6 Republikken sitt fall	29
2.2.7 Keisardøme som system	32
2.2.8 Administrasjon og romarrett	34
2.2.9 Språk og litteratur	38
2.2.10 Kunst og arkitektur	41
2.2.11 Kristninga av riket	44

2.2.12 Vestriket sitt fall	48
2.2.13 Kjeldebruk	50
2.3 Oppsummering	52
3.0 Spørjeundersøking blant lærarar	56
3.1 Utforming av spørsmål	56
3.2 Resultat frå undersøkinga	61
3.2.1 Korleis fungerer emnet i klasserommet?	63
3.2.2 Den romerske antikken i læreplanen	69
3.2.3 Plass under eksamen	76
3.2.4 Lærarane sine studiar i emnet	78
3.2.5 Påstandar rundt framtida til emnet	80
3.3 Nokre interessante kommentarar om påbygg	82
4.0 Vegen vidare – eit kort innblikk i den nye læreplanen	84
5.0 Avslutning	87
5.1 Læreplanen og lærebøkene	88
5.2 Spørjeundersøkinga	91
5.3 Stiller den romerske antikken noko tilbake for andre emne i eldre historiefaget?	94
Litteaturliste	96

1.0 Innleiing

1.1 Tema

Romerriket er eit av historia sine viktigaste imperium og dominerte området rundt Middelhavet i fleire hundre år. Påverknaden romarane har hatt på ettertida er vanskeleg å argumentere mot, dermed skulle ein kunne tenkje seg at dei blir tungt omtalt og undervist i historiefaget i skulen? Romerriket og den romerske antikken har alltid vore ei historisk periode eg har likt å lese om. Frå dei storslegne slaga til det politiske maktspelet har Romerriket alltid skapt ei ekstra interesse for min del. Eg har alltid satt pris på undervisninga i emnet, men har ofte måtte stole på eiga nysgjerrigheit for å lære meir om den romerske antikken. Interessa for romarane var også eit viktig moment bak valet om å studere historie og eg var sjølvstilt veldig entusiastisk for oversiktemnet i eldre historie ved USN. Dessverre begynte dette emnet rundt år 350 e.v.t., som då sørgjer for at mesteparten av antikken ikkje var inkludert. Dette har leia vidare til at eg ofte har tenkt på den romerske antikken sin posisjon i Norge, spesielt då i skulen. Med dette som bakteppe skal eg i denne oppgåva ta for meg den romerske antikken sin posisjon som ein del av historiefaget i den vidaregåande skulen. For å vurdere den romerske antikken skal eg analysere korleis den romerske antikken blir omtalt i læreplanen og i lærebøkene, før eg til slutt skal diskutere lærarane sitt forhold til emnet.

1.2 Utfordringar for historiefaget på vidaregåande trinna

Når ein ser på historiefaget på vidaregåande trinnet er det tydeleg at ein av dei største ankepunkta for undervisning ligg i mangelen på tid. På vg2 opererer læreplanen med eit samla timetal på 56 timar à 60 minutt, medan ein på vg3 har 113 timar à 60 minutt.¹ Vidare skal då denne mengda timar fordelast på minst 38 veke.² Med desse tala kan vi rekne ut at elevane vil då i snitt få tett under 90 minutt pr. veke med historie på vg2 og tett under 180 minutt pr. veke på vg3. Problemet som her melder seg er i stor grad med tanke på timetalet som lærarar som undervisar i vg2 historiefaget møter. Med omtrent 90 minutt pr. veke, er det mogleg å ta dette i løpet av ei 90-minutters økt eller dele det opp i to 45-minutters økter. Begge alternativa

¹ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02)» Henta 13.02.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Timetall>.

² Utdanningsdirektoratet, «Ansvaret for fordeling av skoledager utover året» Henta 13.02.2019 frå <https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Skoleeiers-ansvar/Ansvaret-for-fordeling-av-skoledager-utover-aret/>.

har sine positive og negative sider. For eit pensum som omhandlar historia frå oldtida heilt fram til 1700-tallet er det lett å sjå at dette er vanskeleg å gjennomføre på ein grundig og god måte. utfordringane blir enda større for elevane som berre har hatt moderne historie gjennom ungdomsskulen³ og ikkje har hatt undervisning i antikken sidan barneskulen.⁴ Sjølv om historiefaget kanskje ikkje er det faget som oftast står i sentrum i den norske skulen, er det tydeleg at dette er ei betydeleg avgrensing. Til tross for at eg sjølv har lite erfaring i undervisningssituasjonar, og kan dermed ikkje skilte med masse erfaring rundt vanskane dette medfører, har eg sett konturen av problemet når eg har vore ute i praksis og då eg sjølv var elev ved den vidaregåande skulen. Samtidig har eg møtt historielærarar som har omtalt problemet og vanskane det medfører.

Den romerske antikken har spelt ei stor rolle i europeisk historie og fleire land i det moderne Europa kan vise til ei direkte tilknytning til romarane. For Norge sin del er dette vanskelegare. Romerriket sine grenser strekte seg aldri så langt nord at det som er Norge i dag vart nemneverdig påverka. Dette fører til at undervisninga i den romerske antikken ikkje kan vise til ei «norsk» tilknytning, noko eg trur kan påverke undervisninga. Om ein ser på seinare historieemne er det nesten utan unntak ein del som handlar om Norge, som ikkje er overraskande sidan vi snakkar om den norske skulen. utfordringa er at utan den norske tilknytninga er det vanskelegare for elevane å sjå relevansen i emnet. Dette er sjølv sagt berre en teori, men det blir interessant å sjå om den har noko for seg.

1.3 Problemstilling

Med dette i tankane har eg utvikla ei problemstilling. Problemstillinga stiller seg fyrst og fremst målet om å identifisere den romerske antikken sin posisjon i den norske skulen. Områda som skal være med på å identifisere denne posisjonen er læreplanen, lærebøker og lærarar. Problemstillinga lyder slik:

Korleis blir den romerske antikken framstilt i læreplanen og lærebøkene på vidaregåande trinnet? Og korleis stiller dette seg opp mot inntrykka frå lærarane? Er det riktig å anta at

³ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)» Henta 07.05.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Hele/Kompetansemaal/kompetansemal-etter-10.-arssteget>

⁴ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)» Henta 07.05.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Hele/Kompetansemaal/kompetansemal-etter-7.-arssteget>

den romerske antikken stiller noko tilbake for andre emne i eldre historie delen av historiefaget?

1.4 Avgrensing

I denne type oppgåve er det nødvendig å avgrense områda som eg skal undersøke og grunngi kvifor eg gjer desse avgrensingane. Den fyrste går på læreplanen. Læreplanen i historie tar for seg ganske mange forskjellige områder, men berre eit av desse læreplanmåla går direkte på antikken og betydninga av den. Dette læreplanmålet lyder slik: «Sammenligne to eller flere antikke samfunn og diskutere antikkens betydning for moderne politikk, arkitektur eller annen kunst». ⁵ Sjølv om nokre av dei andre læreplanmåla kan være med i ei vurdering av den romerske antikken, blant anna eit som snakkar om bruken av kjelder og kjeldekritikk, vel eg å halde meg til dette eine læreplanmålet. Læreplanmålet er ganske tydeleg i sitt fokus på antikken, og derunder den romerske delen av den.

Sidan det finnst fleire forskjellige lærebøker i historie, var det viktig å velje ut kva for nokre eg ville undersøke. Det var av stor betydning for oppgåve å velje bøker som eg veit er i bruk på vidaregåande trinnet og er skrive etter Kunnskapsløftet vart innført. ⁶ Dei tre lærebøkene er «Historie Vg2 – Fra de eldste tider til 1700-tallet»⁷, «Tidslinjer 1 – Verden og Norge»⁸ og «Alle tiders historie – verden og Norge før 1800». ⁹ Alle tre bøkene har eg anten brukt som elev eller i samanheng med praksis. Desse tre synast eg representerer historiefaget og læreplanen godt, og vil derfor spele ei nyttig rolle i oppgåva. Eg vurderte å identifisere andre bøker, men sidan eg har erfaring med desse tre og har jobba med dei tidlegare, var det av størst nytteverdi. Eg måtte også ta ei avgrensing med tanke på litteratur som omhandla den romerske antikken, sidan eg skal vurdere lærebøkene opp mot nokre hovudpunkt frå Romarriket. Hovudvekta ligg her på bøkene til historikar Jon Wikene Iddeng om Romarriket

⁵ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02)», Henta 08.05.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/his1-02/hele/kompetanemaal/etter-vg2-studieforberedende-utdanningsprogram>.

⁶ Regjeringen, «Kunnskapsløftet», Henta 13.05.19 frå:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/kunnskapsloftet/id534689/>

⁷ Libæk et al., *Historie Vg2 – Fra de eldste tider til 1700-tallet* (Oslo: Cappelen, 2007).

⁸ Eliassen et al., *Tidslinjer 1 -Verden og Norge* (Oslo: Aschehoug, 2007).

⁹ Heum et al., *Alle tiders historie – Verden og Norge før 1800* (Oslo: Cappelen Damm, 2013).

si historie.¹⁰ Historikar Knut Ødegård si bok antikken blir også brukt for eit litt større blikk på antikken som heilheit.¹¹ Anna generell litteratur om den romerske antikken har blitt undersøkt som støtte, men er ikkje direkte brukt i oppgåva.¹²

Den siste betydelege avgrensinga eg gjorde var når det kom til undersøkinga. I stor grad var dette fokusert på kva val eg skulle gjer rundt utforminga av undersøkinga. Sidan eg ville unngå at lærarane måtte bruke veldig masse tid på undersøkinga valde eg fleirvalsoppgåver med valfritt kommentarfelt. Eg går grundigare inn i vala eg gjorde for undersøkinga seinare i oppgåve, men denne utforminga ville gi meg den nødvendig informasjonen, utan å ta for mykje av lærarane si tid. Vidare måtte eg sjølvstilt avgrense meg litt i forhold til kven som skulle være deltakarane i undersøkinga. At det var historielærarar på vidaregåande trinnet var sjølvstilt, men også kva for nokre fylker eg skulle involvere var ikkje heilt enkelt. Valet falt til slutt på seks fylker på Austlandet. Eg utdjuvar meir om dette seinare.

1.5 Læreplanen

Læreplanen i historie er viktig å presentere og utdjupe kva den legg vekt på rundt den romerske antikken. Læreplanen som då er aktuell er den for 2. trinnet i den vidaregåande skulen. Grunnen til dette ligg i at 2. trinnet konsentrerer seg om eldre historie, medan 3. trinnet då tar for seg nyare historie. Dette er også interessant med tanke på eksamen, sidan den er fyrst etter fullført 3. trinn. På 2.trinnet er ikkje historie eit avsluttande fag. Eldre historieemna er då ikkje aktuelle for eksamen før avsluttande eksamenar på 3.trinnet.

Læreplanen seier dette om den romerske antikken: «Sammenligne to eller flere antikke samfunn og diskutere antikkens betydning for moderne politikk, arkitektur eller annen kunst».

¹³ Ein kan herifrå dele inn dette punktet i to separate delar. Den fyrste delen er å «sammenligne to eller fleire antikke samfunn (...)». Denne delen er rimeleg open for tolking,

¹⁰ Jon W. Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, (Oslo: Dreyer, 2014).

Jon W. Iddeng, *Romerrikets Historie – Keisertida*, (Oslo: Dreyer, 2018).

¹¹ Knut Ødegård, *Antikken*, (Oslo: Pax Forlag A/S, 2014).

¹² Antony Kamm og Abigail Graham, *The Romans – An Introduction* (3. utg.), (New York: Routledge, 2015).

David S. Potter, red. *A Companion to the Roman Empire*. (Malden, Mass: Blackwell, 2006).

Nathan Rosenstein og Robert Morstein-Marx, red. *A Companion to the Roman Republic*. (Malden, Mass: Wiley-Blackwell, 2007).

¹³ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02),» Henta 14.01.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/his1-02/hele/kompetansemaal/etter-vg2-studieforberedende-utdanningsprogram>.

sidan den ikkje spesifiserer kva område frå dei aktuelle antikke samfunna som skal samanliknast. I tillegg opnar dette punktet for moglegheita til å sjølv velje kva antikke samfunn som skal stå i sentrum, og kva for nokre som dermed ikkje blir omtalt. Utifrå erfaring med forskjellige lærebøker i historiefaget frå vidaregåande trinnet, er det tydelege at det er tre antikke samfunna som får relevant merksemd, og dei tre er Athen, Sparta og Romerriket.¹⁴ Desse samfunna er sjølvsagt svært relevante i antikksamanheng og vil tilby eit godt bilete på utviklinga av antikken. Noko som derimot kan føre til potensielle avvik mellom lærebøkene, og då lærarane sitt fokus, er det faktum at det ikkje er definert kva som skal samanliknast. Alle dei tre samfunna har sine områder som er naturlege å legge fokus på, det er derimot opp til kvar enkelt lærebok, og til ei viss grad lærar, å velje kva som skal vektleggast. Mest sannsynleg vil dei fleste lærarane følgje emna frå deira aktuelle lærebok, men lærebøkene kan være skilnaden med tanke på emna dei har vald.

Den andre delen av læreplanmålet gir ein tydelegare veg, «(...) diskutere antikkens betydning for moderne politikk, arkitektur eller annen kunst». Her blir ein direkte vist til å diskutere arva etter antikken og kva påverknad den har hatt på politikk, arkitektur eller annan kunst. Arva frå antikken opnar for ei meir tverrfagleg tilnærming gjennom religion, arkitektur og kunst og kan derfor være enklare å bruke aktivt i skulen. Derfor er det viktig at eg rettar søkjelyset mot det som kan definerast som arva frå den romerske antikken og korleis dette har påverka ettertida. Sidan antikken blir omtalt i eit samla kapittel blir det sentralt å identifisere aspekta som representerer den romerske antikken og skilje dei frå den greske antikken.

1.6 Struktur

Det fyrste kapittelet i hovuddelen skal ta for seg lærebøkene og ei analyse av dei opp mot læreplanen og utvalde hovudpunt om den romerske antikken. Fyrst vil eg presentere dei tre lærebøkene og gi grunnleggande informasjon om dei og omfanget av deira omtale om den romerske antikken. Vidare vil eg gjennomføre analysen av dei tre lærebøkene satt opp i mot nemnde læreplan og utvalde hovudemne. Dette vil gi eit godt innblikk i lærebøkene sin nytteverdi som hjelpemiddel i undervisninga, men også som kjelder til den romerske antikken. Sidan denne delen skal støtte seg på nokre hovudområde blir desse også grunnlaget

¹⁴ Heum et al., *Alle tiders historie*.
Eliassen et al., *Tidslinjer 1*.
Libæk et al., *Historie Vg2*.

for strukturen. Eg vil presentere hovudområda individuelt og ta for meg lærebøkene innanfor kvar del. Som avsluttande del av kapittelet vil eg ta ei oppsummering av funna mine og diskutere kort lærebøkene si handtering av den romerske antikken opp mot kvarandre og læreplanen.

Det neste kapittelet vil gå inn på undersøkinga som eg har utforma og sendt ut til lærarar i den vidaregåande skulen. Undersøkinga er viktig for å diskutere lærarane sitt syn på den romerske antikken sin relevans i skulen og deira erfaringar med emnet. Denne undersøkinga skal ta for seg fleire forskjellige aspekt av lærarane si tilnærming til den romerske antikken, kva dei legg vekt på, deira egne erfaringar og framtida til den romerske antikken som emne i skulen. Gjennom denne undersøkinga vil eg kunne bygge eit bilete av korleis lærarane oppfattar den romerske antikken sin relevans for historiefaget. Samtidig vil dette være med på å gi innsikt i korleis den romerske antikken står i den norske skulen på ein meir generell basis og gi rom for å vurdere vegen vidare for emnet. Den delen av oppgåva vil presentere statistikk frå undersøkinga og eventuelle kommentarar som lærarane måtte ha til oppgåve mi.

Dei to siste delane av oppgåva vil bestå av eit innblikk i den nye læreplanen og ei avslutning. Med tanke på at ein ny læreplan er under utforming vil dette være eit tema som vil bli diskutert seinare i oppgåva. Den nye læreplanen er derimot ikkje heilt ferdig og det som er ute er eit forslag som er oppe til kommentarar. Til tross for dette vil delar av den bli diskutert med tanke på korleis den kan ha påverknad på den romerske antikken sin posisjon i historiefaget.

¹⁵ Ambisjonane er å presentere mitt bidrag til utforminga av den nye læreplanen i form av fokuset mitt på den romerske antikken og dermed knyte den romerske antikken sin relevans til den nye læreplanen. Avslutninga av oppgåva vil fyrst fokusere på å summere opp funna frå dei forskjellige bestanddelane av oppgåva. Dette er for å rette søkjelyset på momenta som gir meg best moglegheit til å svare på problemstillinga og som også er med på å definere posisjonen den romerske antikken har i skulen. Deretter vil eg prøve å gi eit svar på problemstillinga mi.

¹⁵ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02),» Henta 14.01.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/his1-02/hele/kompetansemaal/etter-vg2-studieforberedende-utdanningsprogram>.

2.0 Analyse av lærebøkene

Lærebøkene er eit av dei viktigaste hjelpemidla i klasserommet. Lærebøkene som lærarane brukar spelar ei stor rolle i deira utforming av undervisninga og vil dermed påverke deira tilnærming til den romerske antikken. Samtidig er lærebøkene den viktigaste kjelda elevane har til stoffet. Eg skal ta for meg ei analyse av tre utvalde lærebøker i historiefaget og vurdere dei opp mot måla frå læreplanen og samtidig sjå på korleis den romerske antikken blir framstilt og omtalt. Gjennom læreplanen skal eg då sjå på kva som blir lagt vekt på med tanke på ei samanlikning mellom Romerriket og andre antikke samfunn. Samtidig som eg då ser på kva som stammar frå det romerske samfunnet og dermed blir lagt vekt på med tanke på «(...) betydningen for moderne politikk, arkitektur eller annen kunst».¹⁶ Dette trur eg vil gi eit godt innblikk i korleis lærebøkene er med på å påverke lærarane og samtidig korleis dei fylgjer læreplanen. Med tanke på lærebøkene har eg vald ut tre bøker som eg veit er i bruk i den vidaregåande skulen, og derfor kan gi eit dagsaktuelt innblikk i korleis lærebøkene stiller seg til læreplanen. Dei utvalde bøkene har eg erfaring med frå praksis og mi eiga tid som elev. Analysen av dei tre lærebøkene vil også fokusere på korleis dei utfyller eit utval av emne frå den romerske antikken. Med bakgrunn i dette vil eg samtidig prøve å vurdere kor godt dei støtter opp i ein undervisningssituasjon og er til hjelp for lærarane i den vidaregåande skulen.

Lærebøkene sin sentrale plass i undervisninga er sjølvsagt og eg vil legge fram nokre hovudpunkt som eg meiner er nyttige for å gi eit grundig og godt bilete på den romerske antikken. Valet av hovudpunkta gjekk i hovudsak utifrå dei to bøkene til Jon W. Iddeng om Romerriket si historie.¹⁷ Bøkene er nyleg utgitt og vil slikt sett representere forskingsfronten i oppgåva. Hovudpunkta har eg utarbeida i samarbeid med rettleiaren min og tar for seg fleire aspekt ved den romerske antikken. Det er sikkert andre emne som kunne blitt inkludert i analysen, men dei eg har vald ut her vurderer eg som svært sentrale. Samtidig er nokre av desse emna direkte involvert i læreplanen, som er sentral for utforminga av lærebøkene. Emna eg har vald ut er borgarrollen, det politiske systemet i republikken, ekspansjon og imperium, sosiale forhold og slaveri, religion, republikken sitt fall, keisardømme som system, administrasjon og romarrett, språk og litteratur, kunst og arkitektur, kristninga av riket,

¹⁶ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforbereende utdanningsprogram (HIS1-02),» Henta 13.04.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/his1-02/hele/kompetanemaal/etter-vg2-studieforbereende-utdanningsprogram>.

¹⁷ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*.
Iddeng, *Romerrikets Historie – Keisertida*.

vestriket sitt fall og kjeldebruk. Desse 13 emna vil i stor grad styre strukturen i analysen. Likevel er det læreplanen som er sentral og vil spele ei betydeleg rolle.

2.1 Lærebøkene

2.1.1 Historie Vg2

Den fyrste boka eg vil ta med i analysen er *Historie Vg2 – Fra de eldste tider til 1700-tallet*.

¹⁸ Denne boka vart gitt ut i 2007 og er skriva kort tid etter at Kunnskapsløftet og læreplanane frå LK06 vart innført. ¹⁹ I *Historie Vg2* er den romerske antikken innlemma i kapittelet som omhandlar antikken som heilheit og delar kapittelet med den greske antikken. Kapittelet i seg sjølv omfattar 43 sider og den romerske antikken får omtrent halvparten av dette, 21 sider. Dette viser til ei ganske jamn fordeling mellom den greske og den romerske antikken. Viktig å påpeike er at boka ikkje tar for seg nokon andre antikke samfunn, så om ein ser på læreplanmålet er det liten tvil om at boka ønskjer at ein skal samanlikne det romerske og det greske samfunnet. Eventuelt kan ein velje å berre fokusere på den greske antikken og samanlikne Sparta og Athen. Dette valet kan ein ta sidan læreplanen faktisk opnar for moglegheita, men læreboka er ganske klar på at den romerske og den greske antikken skal samanliknast.

2.1.2 Tidslinjer 1

Den andre læreboka som blir gjennomgått er *Tidslinjer 1 – Verden og Norge*. ²⁰ Boka er skriva av Jørgen Eliassen, Ola Engelién, Tore Linné Eriksen, Ole Kristian Grimnes, Lene Skovholt og Knut Sprauten. Denne boka kom ut i 2007, som er på lik linje med *Historie Vg2*, ei lærebok som vart utgitt tett etter at LK06 vart innført. Det er derfor naturleg å tenkje seg at denne også fylgjer læreplanen ganske nøye. Boka legg også fokus på Hellas, då i form av Athen, Sparta og kort om hellenismen med Aleksander den store, og Romerriket. Det er derimot ganske tydeleg at det er Athen, Sparta og Roma som er dei antikke samfunna i fokus. Sjølve kapittelet består av 27 sider og Romerriket får i denne forstand 12 sider. Kapittelet er dermed mykje mindre i omfang enn i *Historie Vg2*, men viktig å påpeike er at dette er enno

¹⁸ Libæk et al., *Historie Vg2*.

¹⁹ Regjeringen, «Kunnskapsløftet», Henta 15.04.19 frå:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/kunnskapsloftet/id534689/>

²⁰ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*.

omtrent halvparten av kapittelet. For den greske antikken og hellenismen får det same omfanget, dei siste to sidene av kapittelet er direkte fokusert på arva frå antikken.

2.1.3 Alle tiders historie

Den siste læreboka som eg har vald å ta for meg er *Alle tiders historie – verden og Norge før 1800*.²¹ Denne boka er skriva av Trond Heum, Tommy Moum og Ola Teige. Dette er den nyaste av dei gjennomgatte bøkene då den kom ut i 2013, som kan bety at den er noko meir oppdatert på forskinga kring Romerriket. Det er også ikkje utenkeleg at den har lært av eventuelle styrker og svakheiter med dei to andre lærebøkene. I same bane som dei to andre lærebøkene fokuserer *Alle tiders historie* på dei same antikke samfunna i form av Sparta, Athen og Roma. Boka nemner også kort hellenismen og Alexander den store, men konsentrasjonen er utan tvil vendt mot dei tre fyrstnemnde. Kapittelet består av 34 sider og 16 sider er om den greske antikken og hellenismen, medan Romerriket får 15 sider. Dei avsluttar på same måten som *Tidslinjer 1* med ein eigen del rundt arva frå antikken, og nokre oppgåver.

Sidan dei tre lærebøkene har forskjellig omfang med tanke på kapittelet om antikken, er det interessant å undersøke om den får meir plass enn andre emne i lærebøkene. Boka med det største omfanget er *Tidslinjer 1* med 320 sider, etterfølgt av *Historie vg2* med 283 sider og til slutt *Alle tiders historie* med 224 sider. Interessant er at *Tidslinjer 1* er boka med størst omfang, men det færreste talet sider via til antikken. For *Historie vg2* sin del brukar boka sider som er mindre i størrelse enn dei to andre, som gjer at forskjellen mellom *Historie vg2* og dei to andre mest sannsynleg er påverka av anna enn reint omfang av sider. Om ein ser opp mot andre emne brukar *Tidslinjer 1* høvesvis 16 og 18 sider på «Tidlig middelalder i Europa» og «Vikingtid».²² Dette viser at den greske og den romerske antikken sitt kapittel faktisk er større. For *Historie vg2* sin del blir både «Middelalderen» og «Vikingtid og middelalder i Norge» gitt 42 sider,²³ som ligg heilt på linje med det «Antikken» får. I *Alle tiders historie* blir «Middelalderen» gitt 36 sider, medan «Norsk middelalder» får 39 sider.²⁴ Om ein då ser opp mot dei 34 sidene «Antikken» vart via, er det ikkje snakk om store forskjellar. Dette er

²¹ Heum et al., *Alle tiders historie*.

²² Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 5.

²³ Libæk et al., *Historie Vg2*, 3-4.

²⁴ Heum et al., *Alle tiders historie*, 5-7.

også tendensen i dei andre bøkene, så det er vanskeleg å skulle sei at antikken, og dermed den romerske antikken, blir via betydeleg meir eller mindre sider i forhold til andre emne.

2.2 Hovudpunkt for den romerske antikken

2.2.1 Borgarrollen

I den romerske antikken måtte du være ein borgar for å kunne ta del i politikken. Dette innfatta løyve til å stille til val og bruke stemmeretten.²⁵ Romarane var meir enn villige til å gi borgarskap til naboane sine, som igjen førte til ei auke i borgartalet. Viktig å påpeike er at ein romersk borgar alltid var ein vaksen mann, medan barn og kvinner hadde rettighetene til umyndige personar av borgarslekt.²⁶ Sidan dette er ein ganske sentral del av den romerske identiteten er det viktig at lærebøkene tar for seg dette som ein påverknad på både sosiale og politiske forhold.

Heilt i byrjinga av oppveksten til Roma som by utvikla det seg ein heilt unik identitet for dei frie innbygarane. Det å være ein romersk borgar hadde stor påverknad på kva fordelar du hadde i samfunnet og var derfor også svært ettertrakta blant folk i områda romarane la under seg. Det var stor forskjell på det å være ein borgar og det å ikkje være det. I så forstand burde ein derfor tenkje seg til at dette burde bli omtalt i ganske breie lag i lærebøkene, for det var tross alt ein svært sentral del av den romerske identiteten. Dette er derimot ikkje tilfellet. I *Historie vg2* finn ein påfallande lite som faktisk omtalar denne nøkkeldelen av den romerske identiteten. Det blir svært kort nemnd at «romerne gjorde krigsfanger til slaver, men det kunne også tilby overvunne fiender romersk borgerskap».²⁷ Her nemner sjølvsgat boka eit av dei viktigaste elementa romarane hadde i forhandlingane med fiendar dei hadde overvunne. Evna til å kunne tilby same rettighetene innan Romerriket sine grenser som dei romerske borgarane hadde, var nok eit godt påskot for å takle romersk overherredøme. Samtidig slår boka fast at det ikkje var eit krav om å høyre til ei bestemt etnisk gruppe for å bli borgar, noko som definitivt stod i kontrast til dei greske bystatane.²⁸ Med tanke på at læreplanen påpeikar at lærebøkene skal samanlikne antikke samfunn blir borgarrolla i større grad omtalt og utgreia i delen rundt den greske. Her blir det slått fast kva ein borgar er og kva fordelar dei hadde.

²⁵ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, 201.

²⁶ *Ibid.*, 202.

²⁷ Libæk et al., *Historie Vg2*, 59.

²⁸ *Ibid.*, 54.

Utover dette dekker derimot *Historie vg2* emnet relativt svakt. Områder som kunne blitt diskutert er kvinner og barn sin posisjon i samfunnet, kva fordelar fekk ein borgar, korleis frigjevne slavar kunne bli borgarar osv. Noko som eigentleg stod ganske sentralt i den romerske identiteten, og som var ein viktig faktor i deira suksess, burde blitt omtalt i større grad.

Tidslinjer 1 manglar og eit spesifikt fokus på borgarrolla og korleis den fungerte under den romerske antikken. Fyrste gongen det blir nemnd er under delen som omhandlar romersk ekspansjon. Der blir det slått fast at romarane kunne tilby erobra folkeslag forskjellige rettigheter, der nokre kunne få fulle borgarrettigheter, medan andre vart haldt fullstendig utanfor.²⁹ Dette var sjølvsagt ein viktig strategi frå romarane si side og vart hyppig tatt i bruk blant dei italienske statane. Akkurat denne strategien er opphavet til «splitt og hersk»-taktikken romarane brukte med stor suksess i lang tid.³⁰ *Tidslinjer 1* burde spesielt i denne forstand forklare kva fulle borgarrettigheter faktisk betydde. Det er ingen indikasjonar frå læreboka si side rundt kva fulle rettigheter omfatta. Vidare går boka litt inn på korleis utanforståande kunne oppnå romersk borgarskap. Under keisartida kunne ein skaffe seg det gjennom å lære seg latin, delta i lokalstyret og være lojal overfor keisaren.³¹ Det blir også påpeika at anskaffing av borgarskap kunne gi ein viss status og leie til vidare avansement innanfor samfunnet. Her gir boka eit betre bilete på korleis borgarskapet kunne endre livet til enkelt personar i riket, men samtidig gir den ikkje meir innsikt i kva desse rettighetene faktisk omfatta, anna enn ein viss status og moglegheita for avansement i samfunnet. Det er tydeleg at læreboka forstår viktigheita av akkurat borgarrolla i det at romarane vart eit stort imperium. *Tidslinjer 1* viser også til eit større fokus på borgarrolla som eit skilje mellom den greske og den romerske antikken, då med tanke på at grekarane hadde etniske krav til borgarane og romarane ikkje hadde det. Dette stiller seg godt opp mot læreplanmålet som fokuserer på samanlikning mellom antikke samfunn. Saknet er derimot stadig der med tanke på å forklare kva rettigheter som faktisk var eksklusivt for dei som var borgarar.

²⁹ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 44.

³⁰ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, 117-118.

³¹ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 47.

Av dei tre lærebøkene er det egentleg berre «Alle tiders historie – verden og Norge før 1800»³² som tar for seg borgarrolla og betydninga av den i Romerriket i eit tilfredsstillande omfang. Til tross for at det ikkje er i veldig omfattande lag, gir det uansett eit godt overblikk over påverknaden tittelen som borgar kunne ha og korleis utdelinga av borgarskap utvikla seg. Til å byrje med var det tross alt berre dei som eigde jord som fekk tittelen som borgar, men dette endra seg gradvis i løpet av riket si historie og fleire og fleire nye folkegrupper fekk tittelen. På 200-tallet e.v.t. vart dette endra til at alle frie menn innanfor riket sine grenser fekk borgarrett. Viktig å påpeike er at sjølv om borgarretten i Romerriket var unik, og kanskje til ei viss grad kontroversiell i forhold til andre antikke samfunn, var den øyremerkta vaksne menn. Det er klart og tydeleg at borgarretten var ein sentral del av det som definerte den politiske og sosiale strukturen i Romerriket. Sidan berre borgarar kunne stemme ved val, påverke naturleg nok ei auke i talet på borgarar korleis vala gjekk føre seg. Samtidig hadde borgarane visse juridiske rettigheitar som omfatta blant anna handel og innføring av ekteskap, men dei var også underlagt skattelegging og verneplikt.³³

Det er ikkje overraskande at det er visse forskjellar mellom bøkene i forhold til kva dei fokuserer på når det kjem til borgarrolla. Alle viser til at borgarrettigheiter var eit viktig aspekt i romarane sin «splitt og hersk»-taktikk, men det er manglar med tanke på kva borgarrettigheitene omfatta. *Historie vg2* snakkar ikkje om kva rettigheiter ein får i det heile og det er tydeleg at boka burde tatt betre tak i kva borgarrolla faktisk var for romarane. Dei to andre bøkene er betre i denne forstand sidan dei tar for seg nokre av dei politiske og rettslege rettigheitene ein kunne få gjennom borgarskapet. Det er derimot tydeleg at *Alle tiders historie* har ekstra djupne og fokus i det boka skriv og tar meir tak i dei viktigaste aspekta med borgarrolla. Læreboka er også den einaste med ei dedikert del om borgarrolla.

2.2.2 Republikken sitt politiske system

Etter innføringa av republikken i 509 f.v.t. gjekk romarane gjennom fleire politiske endringar. Den romerske republikken bestod av fleire forskjellige folkevalde embetsmenn som satt for eit år. Det var ikkje enkelt å bli vald inn i desse stillingane, sidan dei ikkje var lønna, som dermed la opp til at ein måtte både ha tilstrekkeleg status og popularitet, samtidig som ein

³² Heum et al., *Alle tiders historie*, 45.

³³ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, 202.

hadde ein viss formue.³⁴ Dei forskjellige stillingane var blant anna konsul, pretor og folketribun.³⁵ Sentralt i den politiske infrastrukturen var sjølvstekt senatet og folkeforsamlinga også. For lærebøkene er det viktig å ta for seg dette emnet sidan læreplanen spesifikt ber om at undervisninga skal vise til betydninga av antikken for moderne politikk.

Historie vg2 har i byrjinga av delen rundt den romerske antikken via eit godt avsnitt til korleis det politiske systemet fungerte i republikken. Her blir senatet, konsulane, diktatoren osv. nemnd og litt rundt utviklinga av den politiske strukturen blir tatt opp. Det er tydeleg at boka fattar seg i ganske korte drag, men dekkjer ganske fint over korleis den politiske strukturen fungerte. Blant anna innlemminga av plebeiarane i politikken med folketribunane var ei markant endring til det betre for plebeiarane. Boka gjer ei samanlikning med dei greske statane og korleis ein kan sette den romerske politiske strukturen opp mot den i frå Athen og Sparta. Forfattarane legg her til grunne at den romerske styreforma likna meir på spartanarane sitt oligarkiske styre, i motsetnad til Athen sitt meir demokratiske styresett.³⁶ Sjølv om det kanskje ikkje er den grundigaste gjennomgangen av republikken sitt politiske system er det tydeleg at læreboka legg fram eit oversiktleg bilete på korleis det var lagt opp. Samtidig tilbyr boka samanlikningar opp mot dei greske bystatane og tar derfor steg for å følgje læreplanmålet.

I likskap med den førre læreboka vel *Tidslinjer 1* tidleg å greie ut om korleis republikken var organisert i frå ein politisk ståstad.³⁷ Boka definerer forskjellen på patrisiarane og plebeiarane, og korleis dei øvste politiske embeta i tillegg til senatet var øymerka patrisiarane. Den vidare politiske utviklinga blir diskutert gjennom plebeiarane sin kamp for å auke sin eigen innflytelse i det politiske Roma. Standkampane var eit stadig uromoment for romarane og fortset gjennom heile 300-tallet, heilt til plebeiarane sjølv hadde tilgang på alle embeta innanfor Romerriket. Viktig å ta med er at læreboka slår fast at til tross for at plebeiarane fekk større påverknad innanfor politikken, fortset Romerriket med å være ein aristokratisk stat. Til tross for at borgarane kunne møte i folkeforsamlinga, kunne dei berre stemme på ferdigutarbeidde lovforslag eller førehandsvalde kandidatar for dei forskjellige

³⁴ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, 215.

³⁵ *Ibid.*, 217-222.

³⁶ Libæk et al., *Historie Vg2*, 57.

³⁷ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 43.

embetspostane. *Tidslinjer 1* påpeikar her at det ikkje var rom for diskusjon på desse momenta, til motsetnad for korleis det var i Aten. Samtidig måtte ein ha rikdom og forbindelsar for å kome fram i politikken, som dermed førte til at det var dei meir velstående plebeiarane som slo gjennom i politikken. Då vart det i realiteten enno ei aristokratisk elite som kjempa om dei høgste embeta.³⁸ Gjennomgangen til læreboka er relativt godt gjennomført og det er nok liten tvil om at elevane vil få ei grei forståing for den generelle politiske strukturen i Roma. Ein får derimot eit inntrykk av at det ville vore fruktbart å lagt meir vekt på kva dei forskjellige embetsposisjonane sin funksjon var, som for eksempel konsulane, som ikkje er nemnd i det heile.

Det er ganske tydeleg at alle lærebøkene i stor grad har fokusert på dei same områda og ber preg av å ikkje skape stor skilnad i mellom seg. Som med dei to andre bøkene har *Alle tiders historie* vald å legge vekt på korleis republikken fungerte i dei to fyrste avsnitta i delen om den romerske antikken. Boka legg her vekt på korleis politikken vart påverka av dei sosiale spenningane mellom plebeiarane og patrisiarane.³⁹ Standkampane blir satt i lys og diskutert korleis dei påverka den politiske balansen i Roma. Denne strida mellom stendene førte til at plebeiarane, som utgjorde atskillig fleire menneske, fekk eiga forsamling og rett til val av eigne embetsmenn. Folketribunane, som desse embetsmennene vart kalla, hadde som ansvar å beskytte plebeiarane sine interesser. Etter kvart fekk plebeiarane også innpass i dei øvre embeta som styrte republikken, men læreboka slår her fast at republikken heldt fram med å være eit oligarki, til tross for endringane.

Vidare går *Alle tiders historie* meir i djupna på nokre av dei forskjellige embeta i den romerske republikken faktisk var og kva funksjon dei hadde. Senatet blir satt i sentrum som eit av dei viktigaste organa i republikken.⁴⁰ Senatet bestod av representantar frå dei rikaste familiane i Roma og var i stor grad ei rådgivande forsamling. Boka påpeikar at senatet i seg sjølv eigentleg ikkje hadde formell myndigheit til å trekke slutningar, dette låg til folkeforsamlinga og embetsmennene. Det blir derimot nemnd at å trekke ei slutning utan at senatet hadde hatt eit ord med i laget var farleg. Dei mektige borgarane som satt i senatet var

³⁸ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 44.

³⁹ Heum et al., *Alle tiders historie*, 43.

⁴⁰ *Ibid.*, 44.

stadig var på vakt for folk som kunne truge makta og posisjonen dei nytte godt av i republikken. Den formelle myndigheita låg i folkeforsamlinga, som bestod av alle borgarar over 18 år. Det var valfritt å møte i folkeforsamlinga, men ein kunne her bli med på å påverke politikken. For kva enkelt borgar hadde si stemme, noko som skilde seg stort frå den greske modellen, der borgarane var delt inn i grupper. Dei rikaste utgjorde flest stemmegrupper og satt dermed med mest makt. I den romerske republikken var det som sagt ikkje slik. I store delar av republikken var det dei rikaste som haldt dei høgaste embeta. *Alle tiders historie* har vald å gå i djupna på fire av desse. Det fyrste er det øvste, konsulatet. Roma hadde to konsular og dei kunne legge ned veto mot kvarandre og i likskap med pretorane hadde dei løyve til å leie troppar i krig. Dei to siste dei tar for seg er det tidlegare nemnde folktribunen og edilane. Edilen hadde ansvar for offentlege arrangement, som blant anna omfatta gladiatorkampar. Vala læreboka har gjort gir mykje meining og vil være med på å gi undervisninga ei nødvendig djupne, utan å overvelde elevane med for mykje informasjon. Den romerske republikken bestod av veldig mange forskjellige embete, men *Alle tiders historie* gjer eit fint utval av nokre av dei viktigaste.

Det politiske systemet er essensielt for republikken og då er det sjølvsagt viktig at bøkene tar for seg dette på ein god måte. Om ein vidare ser på det faktum at læreplanen også fokuserer på betydninga av antikken for moderne politikk legg det veldig opp til at lærebøkene må ta for seg det politiske systemet i ganske omfattande grad. Det er derimot litt forskjell mellom lærebøkene på dette punktet. Forfattarane av *Historie vg2* er flinke til aktivt å samanlikne med dei greske samfunna, men syner manglar på den generelle gjennomgangen av republikken. Både *Tidslinjer 1* og *Alle tiders historie* er betre her og knyt dette godt opp mot læreplanen. *Alle tiders historie* stiller derimot igjen sterkast i forhold til dei to andre lærebøkene. Boka går ganske grundig gjennom emnet og viser til forskjellige embete som prega republikken.

2.2.3 Ekspansjon og imperium

Det er liten tvil om at romarane var eit militært samfunn og skapte seg eit imperium på grunnlag av ein tilnærma uovervinnelege hærar. Likevel er det ikkje dette den einaste grunnen til at romarane klarte å skape eit imperium, der tidlegare antikken samfunn hadde mislykkast. Romarane sin «splitt og hersk»-taktikk var svært sentral her. Dette var taktikken romarane hadde tatt i bruk under krigen mot det latinske forbundet, der nokre fekk full borgarrett, nokre

halv borgarrett eller latinsk rett.⁴¹ Viktig å påpeike at dette også kan definerast som ein forén-og-hersk-taktikk, sidan romarane gav undersåttane makt og innflytelse. Denne integreringa av dei erobra områda var ein sentral suksessfaktor for at romarane kunne vedlikehalde eit rike av den størrelsen. Romarane brukte også denne taktikken i seinare ekspansjonar med stor suksess. Med tanke på størrelsen Romerriket enda opp med å bli er det viktig at lærebøkene tar for seg korleis og kvifor romarane ekspanderte. Dette er også ein av grunnane til at ein kan skilje tydeleg mellom den romerske og den greske antikken.

I *Historie vg2* blir den romerske ekspansjonen via ein god del plass og blir diskutert på ein oversiktleg måte. Det er tydeleg at boka vil få fram at militærekspansjon i fyrste omgang vart gjennomført ut av nødvendighet, då i form av auka befolkningstal og matmangel, men at dette endra seg med tida. Samtidig utvikla det seg til at krig vart ein del av den romerske identiteten.⁴² Dette ønsket om å ekspandere gjorde at romarane måtte ta stilling til kva ein skulle gjer med overvunne fiendar og som dei då i nokre situasjonar valde å tilby romerske borgarrettigheter, som nemnd tidlegare. Vidare vel *Historie vg2* å vise til korleis ekspansjonen førte til at romarane utvikla ingeniørkunst i form av intrikate vegnett, akveduktar, tunnelbygging osv.⁴³ Dette kunne dei nok bygd vidare på og knytt meir opp mot læreplanmålet, som sjølv sagt snakkar om arva etter antikken i form av blant anna arkitektur. Romarane var nok ikkje filosofar og kunstnarar på likt nivå som grekarane, men dei fostra utan tvil eminente ingeniørar og arkitektar. For *Historie vg2* sin del går vegen vidare til krigane mot Kartago. Ein ganske naturleg veg vidare sidan det var denne krigen som gav romarane tilnærma total kontroll over det vestlege Middelhavet. Boka diskuterer kort kvifor romarane faktisk heldt fram med den imperialistiske tankegangen. Det blir spekulert i at erobringane var nødvendige for å halde ved like økonomien og at befolkninga sjølv hadde blitt avhengige av krig.⁴⁴ For dei rike aristokratane var erobringane viktige for å skaffe seg ressursar og prestisje i den pågåande maktkampen innanfor republikken.

Det er ganske tydeleg at lærebøkene byggjar på liknande strukturar, spesielt om ein ser emna som blir via eksplisitt merksemd. For *Tidslinjer 1* går også kjapt frå politikk og embete til

⁴¹ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, 116.

⁴² Libæk et al., *Historie Vg2*, 57.

⁴³ *Ibid.*, 59.

⁴⁴ *Ibid.*, 61.

romarane sin ekspansjon og følgene av dette på det romerske samfunnet.⁴⁵ Denne delen startar boka med eit fokus på korleis romarane tok i bruk splitt og hersk-taktikken for å sikre seg landområde frå dei italienske naboane sine. Som tidlegare nemnd var det her romarane brukte romerske borgarrettigheter som eit forhandlingskort. Ekspansjonen til romarane blir derimot dekt veldig overflatisk og den blir i stor grad berre via ei kort oversikt. Boka nemner for eksempel at etter erobringa av Kartago, kom Egypt, Syria og Makedonia etter kvart under romerske overherredøme, men noko meir om desse erobringane blir ikkje tatt opp her. Vidare snakkar læreboka om utviklinga av hæren og då spesielt kven som faktisk kunne verve seg. Til å byrje med var det berre dei som eigde jord som kunne vere soldatar, men dette vart endra av Gaius Marius rundt år 100.⁴⁶ Her blir det kort diskutert at eigedomslose og fattige kunne verve seg og dermed sikre seg ei karriere med utsikter for jord etter teneste i hæren. Som boka svært viktig påpeikar var dette eit av stega som førte til at soldatane si lojalitet endra seg til å vere meir retta mot generalen sin. Ein suksessrik general kunne skaffe soldatane sine krigsbytte og jord når dei pensjonerte seg, og soldatane var derfor meir villige til å fylgje han. Dette bidrog til å underminere fundamentet i republikken.

Ein av dei absolutt største suksessane til Romerriket, og kanskje ein av dei viktigaste grunnane til at dei vart så store, var evna til å integrere folkeslag dei la under seg gjennom militæroverføring. Dette innebar i stor grad det å skulle gi borgarretten til vaksne menn innanfor dei erobra områda. Samtidig fekk fleire av områda fortsette med ei form for sjølvstyre, med dei vilkåra om å betale skatt og stille med menn til hæren, i dei fleste tilfella. Denne metoden for å nærme seg erobra folkeslag gjentok romarane ved fleire tilfelle seinare og sikra dermed å kunne gi desse folkeslaga ei moglegheit til å få fulle rettigheter innanfor riket. Dette var eit spesielt viktig aspekt ved den romerske antikken, spesielt sidan dette var eit av aspekta som skilde dei i stor grad frå dei greske bystatane. Boka tar for seg korleis akkurat dette viktig for at akkurat Roma var bystaten som utvikla seg til eit imperium, og ikkje Athen eller Sparta.⁴⁷ Alt dette knyt seg opp til det faktum at romarane si tilnærming til borgarretten var i stor grad forskjellig frå dei greske bystatane. Dermed var det mogleg for andre folkeslag å få varierende grad av borgarrett, og med dette ein plass i det romerske samfunnet.

⁴⁵ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 44.

⁴⁶ *Ibid.*, 45.

⁴⁷ Heum et al., *Alle tiders historie*, 50.

Før romarane kunne ta for seg kva dei skulle gjer med dei erobra områda måtte dei vinne over fiendane sine. Akkurat dette var sjølvsagt svært viktig for at romarane vart den supermakta dei var. Romerske soldatar var veldig godt utrusta, svært disiplinerte og gjekk i kamp med fienden med stort mot. Samtidig hadde romerske soldatar avlagt ei lojalitetseid som kunne potensielt ramme meir enn berre den enkelte soldat.⁴⁸ Sjølv om soldatane frykta straffa om dei braut eida si, var dei ikkje berre drive av frykta. Soldatane sin suksess i kamp kunne føre til krigsbytte, som var eit sterkt insentiv for dei fleste soldatane til å kjempe hardt for Roma. *Alle tiders historie* går vidare med å påpeika at romarane sin ekspansjon også var på grunn av dei taktiske ferdigheitene dei hadde innanfor politikk. Dette går tilbake til det som vart diskutert i førre avsnitt, der romarane kunne tilby borgarrettigheter til overvunne fiendar. Denne læreboka viser mykje større fokus på å ta for seg store delar av den romerske antikken og diskuterer ikkje berre korleis, men også kvifor romarane ekspanderte slik dei gjorde. *Alle tiders historie* gir inntrykk av å være eit svært godt hjelpemiddel for både lærarar og elevar her, og vil være ei nyttig støtte i undervisningssituasjonar.

Alle lærebøkene har gjort eit godt arbeid med tanke på tilnærminga til den romerske ekspansjonen og kva den hadde å sei for samfunnet. Den direkte påverknaden ekspansjonen hadde på samfunnet og dei sosiale forholda blir diskutert i neste emne, men alle bøkene viser til å ha eit overordna fokus på at følgjene av ekspansjonen var både positive og negative. Lærebøkene varierer litt med tanke på den faktisk ekspansjonen til romarane. Ingen av bøkene går særleg i djupna på korleis dei individuelle krigane gjekk føre seg, men *Tidslinjer 1* og *Historie vg2* gir kort innblikk i kva for nokre områder som vart tatt over. Som vist både i dette emnet og emnet rundt borgarrollen var romarane ikkje framand for å tilby borgarrettigheter som eit ledd av ekspansjonen. Lærebøkene dekkjer godt over korleis dette påverka ekspansjonen. Til tross for dette er det igjen *Alle tiders historie* som er sterkast på området når det kjem til følgjene av ekspansjonen og korleis romarane tilnærma seg overvunne fiendar. Dei to andre er derimot litt flinkare på å skape ei tidslinje som viser til romarane sin ekspansjon.

⁴⁸ Heum et al., *Alle tiders historie*, 49.

2.2.4 Sosiale forhold og slaveri

Den frie befolkninga i den romerske republikken var inndelt i to stender, patrisiarane og plebeiarane. Patrisiarane var den politiske og økonomiske eliten, medan plebeiarane var resten av borgarane. Dette førte til at patrisiarane dominerte alle embeta i byrjinga av republikken, men plebeiarane var ikkje nøgde med situasjonen og dette leia til at standkampane begynte.⁴⁹ Strida mellom patrisiarane og plebeiarane førte til at plebeiarane fekk ta større del i politikken, fyrst gjennom folketribunane og etter kvart også konsulatet. Sjølv om det var to stender som dominerte i republikken, var slavane veldig viktige for den romerske økonomien. Etter krigane mot Kartago var delar av Italia tynt buset og dette førte til at mykje av jorda låg brakk. Dette gav rike romarar moglegheita til å skaffe seg store landområde til ein lågare pris. Sidan krigane hadde ført med seg store mengder slavar til Italia, vart slavane brukt i det meste av produksjonen i Italia i staden for frie borgarar.⁵⁰ Dei store mengdene med slavar førte derimot med seg problem i form av fleire opprør og dette var ein av faktorane som var med på å rokke ved fundamentet i republikken. For lærebøkene sin del er det viktig å diskutere dei sosiale forholda i Romerriket opp mot målet om samanlikning i læreplanen. Sidan alle lærebøkene har lagt fokus på både dei greske bystatane og Roma som dei antikke samfunna ein skal samanlikne, vil skilnaden i sosiale forhold være med på å vise til dei eventuelle forskjellane og likskapen mellom samfunna. På same måten som med keisaren var det i familien eit mannleg overhovud, *Pater Familias*, som hadde nærmare total makt og kontroll over familien. Han styrte over hushaldet og alt som det omhandla.⁵¹ Dette dominerte sjølvstg store delar av det sosiale livet til dei fleste romarane, men samtidig møtte det endringar, sidan det gjorde det umogleg for andre menn av hushaldet å skaffe seg eigedom så lenge familiefaren var i live. Skilnaden her er ganske tydeleg om ein tenkjer utifrå grekarane, som fokuserte i større grad på at borgarane høyrer til ein bystat.⁵²

Innanfor Romerriket sine grenser, og då spesielt i Roma sjølv, var det store sosiale forskjellar. Patrisiarane var dei som til å byrje med var dei rikaste og mektigaste. Dette endra seg noko etter at plebeiarane vant fram med krav om å få representere seg sjølv og evna å påverke politikken. Dette utvikla seg etter kvart til at dei den politiske eliten frå begge stendene vart

⁴⁹ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, 95.

⁵⁰ Ibid., 267.

⁵¹ Ibid., 107.

⁵² Ødegård, *Antikken*, 35.

kjend som nobiliteten.⁵³ Plebeiarane er eigentleg namnet som høyrer til resten av borgarane og omfattar dermed alt frå denne eliten til dei fattigaste frie borgarane. Som diskutert rundt borgarrolla var det berre vaksne menn som hadde tittelen som borgar, noko som dermed betyr at kvinner ikkje hadde den same tittelen. I *Historie vg2* blir det kort diskutert korleis romarane tilnærma seg familien og den totale makta den eldste mannen, *pater familias*, i hushaldet hadde over resten av familien. Pater familias kunne inngå og løyse opp ekteskap på vegne av kvinnene i slekta og dømme familiemedlemmer til døden. Til tross for dette blir det påpeika at kvinnene hadde ei mykje friare rolle i Roma enn kvinnene i Athen hadde. Dei hadde moglegheita til å ferdast fritt på torget, i teatera, i dei forskjellige bada, på gladiatorkampar og hesteveddeløpa. Kvinnene kunne inneha posisjonar som prestinner for Vesta, heimen og samfunnet si gudinne, men hadde ingen moglegheiter for å skaffe seg faktisk politisk innflytelse. Det blir også påpeikt at dei som stod nedst på rangstigen var dei prostituerte, som i stor grad var kvinner. Desse kvinnene var ofte fangar frå romerske krigar, som igjen kan bli omtalt som slavar.⁵⁴ Slavane var det lågaste sjiktet i Romerriket og var den sentrale arbeidskrafta til romarane. Dei gjennomførte alt frå tungt gruvestarbeid til bokføring og var svært viktige for at den romerske økonomien skulle gå rundt. Læreboka diskuterer godt korleis dei økonomiske forskjellane førte til store skilnadar mellom dei sosiale klassene innanfor Romerriket. For dei rike i Roma var det viktig å unngå at byplebsen skulle bli misfornøgde og dermed motsette seg lover og reformar. Eit av tiltaka som var sentralt i dette var «brød og sirkus».⁵⁵ I det ligg det at byplebsen fekk gratis brød frå staten og underhaldning i form av gladiatorkampar, hesteveddeløp osv. Dette var viktig for å halde ro i Roma, samtidig som det kunne være ei moglegheit for dei rikaste i riket å hauste lovord gjennom å finansiere slike tilsetningar. Tilsvarende åtgjerd fant stad sikra i andre store byar rundt omkring i Romerriket. *Historie vg2* gjer ein god jobb med å definere dei sosiale forholda innanfor Romerriket sine grenser og samtidig legge vekt på korleis dei enkelte sosiale klassene stilte i samfunnet.

Tidslinjer 1 går for det meste i djupna på korleis ekspansjonen førte til forskjellar i samfunnet og korleis dette påverka den vidare utviklinga av Romerriket.⁵⁶ For det var ikkje berre positivt at romarane ekspanderte. Dei rikaste i samfunnet tente ofte som offiserar i hæren og

⁵³ Libæk et al., *Historie Vg2*, 57.

⁵⁴ Ibid., 69.

⁵⁵ Ibid., 67.

⁵⁶ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 45.

var dermed nokre av dei som drog størst nytte av ekspansjonen. Gjennom både krigsbytte og slavar kunne dei kjøpe opp store landområde og legge til seg dyre vaner og ein svært luksuriøs livsstil. Dette var med på å auke avstanden mellom rike og fattige. Samtidig førte erobringa av det kornproduserande Egypt til at korn prisane vart markant lågare i Italia, som igjen førte til at kornbøndene flytta inn til byane der det var arbeid å få. Denne urbaniserande tradisjonen vart berre forsterka av dei enorme mengdene med slavar som vart ført til Italia. Frie borgarar fekk ikkje arbeid ute på dei store gardane til aristokratiet og fleire gjekk derfor arbeidslause. Læreboka spekulerer i at på det meste kan så mykje som 30 prosent av Italia si befolkning ha vore slavar. Både ute på gardane og inne i byane vart mykje av arbeidet gjennomført av slavar. Dei vart ofte satt til stillingar som gardsarbeidarar, husslavar og gladiatorar. *Tidslinjer 1* slår ganske fast at erobringane til romarane medførte ei auke i dei sosiale forskjellane og Roma som by vaks til fleire hundre tusen i denne perioden. Fleire av desse var arbeidslause og levde i stor fattigdom.⁵⁷ Det er ganske tydeleg at boka har gått meir i djupna på korleis dei sosiale forholda vart påverka av ekspansjonen og det er viktig at elevane får innsikt i dei tydelege negative sidene av romarane sin ekspansjon.

Vidare tar *Tidslinjer 1* for seg korleis den romerske familien var organisert og korleis dette påverka dei sosiale forholda.⁵⁸ Også her blir, *pater familias*, si makt over familien trekt fram og det poengterast at dette varte heilt til faren døde og den eldste sonen kunne ta over. For kvinnene sin del måtte dei leve med ein formyndar heile livet. Sjølv om makta til familiefaren var stor, hadde han ikkje total makt.⁵⁹ Der var eigne embetsmenn som hadde ansvar for å oversjå at ektemannen var rettferdig mot kona si og at barneoppdragelsen var passe streng. Familiar kunne også bli knytt saman gjennom patron-vesenet. Dette systemet gjorde det slik at mektige og rike borgarar kunne knyte til seg andre familiar og tilby hjelp i enkelte situasjonar. Til gjengjeld plikta klienten, frå den lågare stilte familien, seg til å støtte patronen når det var behov for det, som for eksempel under eit val.

Når det kjem til *Alle tiders historie* si tilnærming til sosiale forhold og slaveri, vel boka å fyrst legge vekt på to sosiale grupper, kvinner og slavar. Her blir det påpeikt at kvinnene hadde ei

⁵⁷ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 46.

⁵⁸ *Ibid.*, 49.

⁵⁹ *Ibid.*, 50.

mykje friare stilling i Roma enn i Athen. Dette betydde ikkje at dei hadde borgarrett, men dei kunne bevege seg fritt og delta på arrangement som hesteveddeløp og gladiatorkampar.⁶⁰ Kvinnene kunne derimot få si sentrale rolle i samfunnet gjennom å bli prestinner for gudinna Vesta. Desse prestinnene hadde ansvar for at elden i Vesta sitt tempel ikkje slokna. Elden symboliserte Roma si evige makt.⁶¹ Posisjonen var derimot ikkje utan restriksjonar. Kvinnene måtte avleggje eit løfte om å være kysk. Ei prestinne av Vesta som ikkje var jomfru, vart gravlagt levande. Slavane blir i denne forstand ganske kort omtalt. Boka snakkar berre kort om at dei kunne bestå av krigsfangar frå erobra områder og at dei hadde fleire forskjellige områder dei arbeidde på. Samtidig var slavane dei som gjennomførte det meste av det praktiske arbeidet for romarane, som gav dei moglegheita til å bruke dagane sine i dei mange badeanlegga, amfiteatera og veddeløpsbanene. Slavane var ein viktig nøkkel i den romerske økonomien og romarane var i stor grad avhengige av dei.

Alle tiders historie vender søkjelyset vidare på den romerske familien og korleis den påverka samfunnet. I motsetnad til grekarane, der polisfellesskapet stod i sentrum, peikar boka på at familien var noko av det viktigaste for romarane, før den også fortel om *pater familias*, den eldste mannen i hushaldet og hans ansvar for religiøse seremoniar, familien sin eigedom og å dømme familiemedlem. Boka går ikkje noko meir i djupna på den romerske familien, men vel heller å gå vidare med å diskutere andre aspekt ved den romerske kulturen. Det går fram at romarane var ganske stolte av sin eigen kultur og det samfunnet dei hadde skapt. Likevel var dei fascinerte av den greske kulturen og var ikkje framand for å ta inspirasjon frå, og i nokre tilfelle direkte kopiere, grekarane. Eit eksempel som gis på dette er måten romarane tok over den greske religionen og gav gudane romerske namn.⁶² Likevel var delar av den romerske kulturen ganske unik og eit aspekt som stadig påverka den sosiale strukturen, var brød og sirkus. Om ein hadde ambisjonar om å skaffe seg makt og innflytelse i Roma var det viktig å skaffe seg folkets gunst. Ein måte å gjer dette på var å tilby mat og underhaldning. Populært i denne forstand var å dele ut gratis brød og arrangere gladiatorkampar. Slike arrangement kunne auke populariteten til ambisiøse romarar og kunne leie til større politisk innflytelse. Boka går ikkje vidare inn på korleis dette kunne påverke Roma i politisk forstand, men påpeiker at dette var ei moglegheit for rike, ambisiøse romarar.

⁶⁰ Heum et al., *Alle tiders historie*, 45.

⁶¹ *Ibid.*, 46.

⁶² *Ibid.*

Ein ganske stor fellesnemnar for dei tre lærebøkene er søkjelyset på samfunnet som utvikla seg i Roma. Korleis fungerte det sosiale livet og interaksjonane mellom menneska som budde der, kva for nokre sosiale klasser eksisterte innanfor bygrensene, kven satt med makta osv. Det er tydeleg at alle bøkene har vald å fokusere på skilnaden mellom rike og fattige i Romerriket, men spesielt innanfor Roma sine bygrenser. Særskild fokus får den sentrale posisjonen familien hadde for den individuelle romar. Dette går igjen i alle lærebøkene og er samtidig eit av aspekta som kan knytast til læreplanen, som eit skilje mellom dei greske bystatane og Romerriket.

2.2.5 Religion

Romerriket var eit religiøst samfunn med fleire gudar som omfatta alle aspekta av det daglege livet, alt frå den personlege religion innanfor husets fire veggar til dei store religiøse feiringane som prega den romerske kalenderen. Denne delen vil i stor grad omhandle korleis religionen prega Romerriket før kristendommen sitt inntog. Den faktisk kristninga av riket vil bli omtalt i ein eigen del, spesielt sidan alle lærebøkene legg veldig stor vekt på kristendommen si etablering. Grunnen til at det er viktig å snakke om dei andre religionane som påverka Romerriket er at det er med på å beskrive samfunnet som kristendommen fekk innpass i. Romerriket var utan tvil eit samfunn påverka av religion, men såg ofte pragmatisk på religion.

I *Historie vg2* blir det via eit kort avsnitt om religion som går inn på romarane sin skikk med å adoptere gudar frå andre religionar.⁶³ Læreboka diskuterer i heller liten grad korleis religion gjennomsyra fleire aspekt i det romerske samfunnet. Sjølv om forfatarane viser til romarane sin fascinasjon av andre gudar og religionar, går dei ikkje noko særleg i djupna på korleis romarane tilnærma seg religion, då spesielt i republikken sine dagar. Alt i alt gir *Historie vg2* eit oversiktleg, om enn litt snevert, bilete på religion i Romerriket. Det hadde utan tvil vore fruktbart i større grad å ta for seg korleis religiøse retningar prega republikken og keisarriket, før kristendommen tok over. Kulten som oppstod rundt keisaren blir så vidt nemnd og det er lite diskusjon rundt romarane sine mange religiøse forpliktingar og feiringar. Seinare i

⁶³ Libæk et al., *Historie Vg2*, 67.

kapittelet skal eg gå meir inn på kristendommen og kva læreboka tar før seg om den. Det er ganske tydeleg at *Historie vg2* legg større vekt på kristendommen når den snakkar om religion i den romerske antikken.

Etter fyrste gjennomlesing av kapittelet om antikken i *Tidslinjer 1* slår det meg ganske overraskande at det religiøse aspektet, utanom kristendommen, blir diskutert i svært liten grad når boka snakkar om den romerske antikken. Boka har via ganske mykje plass til kristendommen og kristninga av Romerriket, men religionen som prega riket før kristendommen er knappast nemnd. Når ein ser på framveksten til Romerriket er det liten tvil om at religion spelte ei rolle for korleis romarane tilnærma seg krig mot andre folk og statar. Samtidig spelte religionen ei stor rolle i det romerske samfunnslivet og innanfor hushaldet. Dette her nemner *Tidslinjer 1* så vidt når dei tar for seg viktigeita av familie i Roma.⁶⁴ Det kan være eit bevist val frå forfattarane å ikkje innlemme meir av korleis religion prega Romerriket før kristendommen kom på bana. Til tross for dette burde religionen ha blitt via meir plass sidan den heilt klart og tydeleg hadde stor påverknad på romarane.

Det har teikna seg eit ganske tydeleg bilete av at religionen som romarane praktiserte under republikken og langt inn i keisarriket ikkje har blitt via mykje merksemd i lærebøkene. I *Alle tiders historie* blir det påpeikt at romarane kopierte dei greske gudane og gav dei romerske namn. Romarane bygde storslegne tempel til desse gudane og ein romersk general som fekk ein triumf etter suksess i kamp, enda alltid triumfen sin ved Jupiter tempelet.⁶⁵ Det blir også nemnd at religion var noko som kunne være ganske personleg og at ei familie kunne ha egne husgudar. *Alle tiders historie* tar i mykje større grad for seg framveksten av kristendommen, men læreboka har ganske store manglar når det kjem til utgreiing av dei religiøse aspekta som prega den romerske antikken før kristendommen.

Lærebøkene har vald å ikkje ta med noko særleg rundt den romerske religion som eksisterte før kristendommen tok over. Grunnane for eit slikt val er nok fleire, men med tanke på at religionen var ein ganske viktig del av den romerske kvardagen hadde det nok vore fruktbart å

⁶⁴ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 50.

⁶⁵ Heum et al., *Alle tiders historie*, 47.

greie ut meir om emnet. Det ville gitt elevane moglegheit til å forstå meir rundt drivkrafta til romarane. Romarane var ganske overtruiske og det var alltid viktig for dei at gudane stod på deira side, uansett kva dei gjorde. Gjennom Romerriket sin framvekst tilbød dei fleire forskjellige gudar og fleire av dei adopterte dei frå andre kulturar. Det er vanskeleg å snakke om ein fast religion som omfatta heile Romerriket, religionen var i større grad ei heil rekke av forskjellige gudar og religiøse feiringar. ⁶⁶ Til tross for at den romerske religionen i stor grad var basert på kultar og eksentriske feiringar, vel ikkje lærebøkene å gi dette noko særleg merksemd. Dei gjer ganske tydelege val rundt kva dei skriv om religion i Romerriket og gir derfor kristendommen, og til dels jødedommen, mesteparten av merksemda. Dette er nok eit av dei svakaste områda for lærebøkene om ein ser totalt sett. Utifrå læreplanen sitt mål om samanlikning kunne kanskje dette blitt djupare diskutert, sidan religionen hadde så mange fellestrekk med den greske.

2.2.6 Republikken sitt fall

Sjølv om vi i dag snakkar mykje om republikken sitt fall, er det ikkje sikker at romarane sjølv ville vore einige med oss. ⁶⁷ Når vi derimot snakkar om republikken i dag blir det viktig å undersøke årsakene til at republikken som politisk system vart gradvis erstatta. Som faktisk utløyssande årsaka kan ein nok peike på Cæsar sitt inntog i Italia som ein god kandidat. ⁶⁸ Likevel var det ei eskalerande krise som prega republikken før den etter kvart falt. Dette er også noko lærebøkene må fokusere på for å forklare kvifor republikken falt og keisardømet kunne ta over. Begge desse politiske systema har prega moderne politikk og vil derfor står sentralt om ein ser utifrå læreplanen sin ståstad.

Når ein snakkar om Romerriket er det naturleg å ta for seg den politiske og sosiale omveltinga som førte til republikken sitt fall og keisarriket sin fødsel. Denne overgangen byggjer på fleire forskjellige årsaker og det er her *Historie vg2* både viser seg fram, men også kjem til kort. Boka vier plass til ein av dei viktigaste bidragsytarane til dette, nemleg Julius Cæsar. ⁶⁹ I læreboka blir det lagt på at overgangen frå bønder til eigedomslause menn som soldatar var ei viktig årsak til at republikken falt. Der det tidlegare var soldatar som kjempa for Roma og sine

⁶⁶ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, 251.

⁶⁷ *Ibid.*, 422.

⁶⁸ *Ibid.*, 423.

⁶⁹ Libæk et al., *Historie Vg2*, 61.

eigne landområde, vart det no eigedomslause menn som i større grad kjempa for eiga vinning. Hærførarane vart framleis henta frå dei rikare slektene, som igjen førte til at ambisiøse menn kunne knytte lojaliteten til soldatane til seg sjølv, i staden for den romerske stat. *Historie vg2* gir eit kort overblikk over korleis republikken sine siste år var og overgangen frå Julius Cæsar som diktator til Augustus som keisar førekom. ⁷⁰ Sjølv om ein nok kan snakke om manglar i stoffet læreboka legg fram, blant anna viktige personar som prega republikken sitt fall, får elevane eit tilfredsstillande overblikk over sentrale punkt i republikken sitt fall.

Tidslinjer 1 tar for seg republikken sitt fall på ein ganske kløktig måte. Når boka diskuterer den romerske antikken under republikken blir det i fleire instansar hinta fram mot at forskjellige aspekt starta ein prosess fram mot undergangen. Eksempelvis blir det kort nemnd at hærane sin overgang til å bli meir lojale mot generalen enn Roma sjølv, dei stadig aukande sosiale forskjellane som følgje av ekspansjonane og den skrantande økonomien påverka republikken sitt fall. Det er tydeleg at *Tidslinjer 1* fokuserer på bakenforliggende årsaker til at republikken falt, men gir samtidig innsikt i den utløyssande årsaka. Naturleg nok blir det her fokusert på Julius Cæsar og Oktavian. ⁷¹ Det er ikkje ein veldig grundig gjennomgang, men den er oversiktleg nok til at elevane vil kunne bygge ei grunnleggjande forståing av hendelseforløpet. Dette byggjer under *Tidslinjer 1* sitt ganske tydelege ønske om å ikkje fokusere på spesifikke hendingar, men i større grad forklare årsaker. Metoden læreboka har vald gir nok ei betre oppfatning på romarane si utvikling frå republikk til keisardøme og vil dermed gjer det lettare å skjønne kvifor det skjedde.

Eit naturleg skilje i den romerske antikken er overgangen frå republikk til keisarrike, noko *Historie vg2* la vekt på med å avslutte delen rundt republikken med eit avsnitt om Julius Cæsar sit liv og virke, for deretter å starte med ein undertittel, det romerske keisarriket. ⁷² *Alle tiders historie* avviker derimot her. Boka gjennomfører overgangen meir flytande og snakkar om utviklinga frå republikk til keisardøme med fokus på Cæsar sitt statskupp og vidare til då Oktavian tiltredde som øvste leiar i Romerriket. Samtidig legg boka større vekt på karrieren til Cæsar og fortel meir om korleis han bygde seg opp til å bli den dominerande skikkelsen han

⁷⁰ Libæk et al., *Historie Vg2*, 62.

⁷¹ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 46-47.

⁷² Heum et al., *Alle tiders historie*, 51.

var. Noko som er svært interessant, og som ingen av dei to andre bøkene gjer, er å nemne Gracchus-brørne i opptakta til statskuppet til Cæsar. Grunnen til at dette er interessant er at dei utan tvil var viktige bidragsytarar til at republikken sitt fall vart satt i gong.⁷³ Gracchus-brørne, Tiberius og Gaius, prøvde å gjennomføre jordreformer som skulle komme både Roma og innbyggjarane til gode, men dei prøvde å gå utanom senatet. Denne jordreforma hadde som mål å skape ein større hær av lojale bondesoldatar. Problemet med reforma var, frå senatet sitt standpunkt, at den ville gjer dei involverte svært populære blant folket. Ingen skulle utfordre makta til senatet.⁷⁴ Begge Gracchus-brørne vart tatt av dage av sine politiske motstandarar og dette førte til urolege tider i Roma. Som boka ganske korrekt påpeiker var at dei urolege tidene hadde fleire djupare årsaker som stamma frå dei stadig aukande forskjellane mellom fattige og rike i den romerske republikken. *Alle tiders historie* konsentrerer seg på å vise til korleis diverse hendingar førte republikken nærare og nærare avgrunnen. Gjennom kapitlet om den romerske antikken blir det stadig lagt vekt på korleis forskjellane mellom dei sosiale klassene vart større og korleis dette påverka den romerske republikken si framtid. Dette er noko *Alle tiders historie* og *Tidslinjer 1* deler. Begge rettar søkjelyset mot kvifor endringar skjedde i Romerriket og gir dermed elevane moglegheita til å forstå dei lengre linje som prega republikken sitt fall.

Alle lærebøkene tar i bruk republikken sitt fall som ein slags overgang for den romerske antikken. Det er eit ganske naturleg val sidan det er ei markant endring for Romerriket. Samtidig er det ikkje overraskande at dei har vald å fokusere i ganske stor grad på Cæsar og Oktavian som nøkkelpersonar. Likevel blir det hinta fram om diverse årsaker som bidrog til den romerske republikken sitt i alle lærebøkene og dette er med på å skape eit bilete av kvifor republikken falt. Det var ikkje som følgje av ei enkelt hending, men fleire årsaker over tid som enda opp med at Cæsar og Oktavian kunne vinne så stor makt. *Alle tiders historie* skaper igjen skilnad mellom bøkene der den ofte er litt meir i djupna og tar for seg i større grad kva som førte til republikken sitt endelege fall. *Tidslinjer 1* stiller sterkare *Historie vg2*, men manglar som sagt litt på djupna i forhold til *Alle tiders historie*.

⁷³ Heum et al., *Alle tiders historie*, 51.

⁷⁴ Ibid.

2.2.7 Keisardøme som system

Etter at Augustus hadde vunne borgarkrigen og hadde einemakt i Romerriket, var det viktig for han å ikkje bli sett på som ein ny konge. Derfor titulerte Augustus seg fyrst som *princeps*, den fremste.⁷⁵ Til tross for at makta til Augustus var basert på militær kontroll, var det viktig at keisaren ikkje skulle bli sett på ein einherskar med uavgrensa makt, men i staden som den fyrste av likemenn.⁷⁶ Dette var på bakgrunn av eit ønske om å behalde republikanske ideologiar og rettslege prinsipp. Iddeng sett opp fire grunnpilarar som keisardømet støtta seg på. Slekt og arv, militær makt, konstitusjonell republikansk ideologi og ei slags guddommeleg sanksjonert majestetsverdighet.⁷⁷

Historie vg2 viser korleis Romerriket sakte, men sikkert, vart omdanna til ei keisarrike med Augustus sitt inntog som *princeps*. I denne forstand var Augustus lur, sidan han aldri tok ein tittel som indikerte at han faktisk var einherskar, eller konge, ein tittel som romarane mislikte sterkt. Han titulerte seg sjølv meir som den fyrste av borgarane og tok ulike verv øvste religiøse og militære leiar.⁷⁸ Samtidig gav Augustus løyve til senatet og folkeforsamlinga å bestå. Dette hadde han nok lært av Cæsar. Blant dei mange tinga Augustus kunne gjer var blant anna retten til å samle senatet, vetorett i form av tittelen som folketribun og kontrollen over inntektene frå provinsane. Utover dette stiller derimot *Historie vg2* svakare på emnet. Augustus sin manipulasjon gjennom titlar er oversiktleg, men utover dette er det tynt med tanke på keisardømet elles vart styrt. Det var sjølv sagt ikkje keisaren som tok alle slutningane i dei forskjellige provinsane rundt omkring i riket. Guvernørar og lokale politikarar var enno ein sentral del av korleis provinsane vart styrt.⁷⁹ Læreboka burde tatt tak i korleis dette nye politiske systemet påverka riket som heilheit.

I likskap med *Historie vg2* snakkar *Tidslinjer 1* litt om korleis Augustus tilnærma seg den nye politiske strukturen, men i enda mindre grad. Det blir påpeika at Augustus prøvde å skape ein illusjon av at republikken var enno gjeldande. Dette førte sjølv sagt til at senatorane og embetsmennene fekk tilbake noko av innflytelsen sin, men realiteten var at Augustus tok alle

⁷⁵ Iddeng, *Romerrikets Historie – Keisertida*, 19.

⁷⁶ Ibid., 20.

⁷⁷ Ibid., 21.

⁷⁸ Libæk et al., *Historie Vg2*, 65.

⁷⁹ Iddeng, *Romerrikets Historie – Keisertida*, 293.

viktige slutningar. ⁸⁰ Boka nemner så vidt det faktum at Augustus tok tittelen princeps, men nemner ikkje kvifor han gjore dette. Dette er eit ganske viktig punkt som ikkje blir diskutert og det hadde vore relevant å påpeike at Augustus gjorde dette for å unngå at romarane skulle tru at han ville bli konge. Mykje av fokuset for *Tidslinjer 1* ligg på korleis administrasjonen under keisardømet fungerte og vil derfor bli diskutert i neste del av dette kapittelet.

Alle tiders historie påpeiker at det var viktig for Augustus å behalde dei gamle institusjonane frå republikken, for å unngå å skape eit inntrykk av at han var eineveldig. Dette til tross for at han utvilsamt var eineherskar. Augustus tok tittel som folketribun og brukte omgrepet den fyrste i senatet for å titulere seg sjølv. ⁸¹ Sjølv om han let dei gamle institusjonane bestå, knytte Augustus til seg ein omfattande administrasjon med forskjellige rådgivarar. Denne administrasjonen skulle etter kvart ta over mykje av det ansvaret senatet satt med under republikken. *Alle tiders historie* legg ganske stor vekt på at Augustus gjorde alt han kunne for å ikkje bli oppfatta som ein eineherskar, men utbreier ikkje noko særleg rundt korleis styret til Augustus fungerte. Boka går litt meir inn på korleis administrasjonen fungerte, men dette går eg djupare inn på i neste delkapittel.

Lærebøkene legg i stor grad vekt på det faktum at Augustus tok steg for å unngå tittelen som eineherskar, sjølv om han satt med makta. Det var viktig for Augustus å gi senatet og embetsmennene ein følelse av at republikken enno var gjeldande og at han berre var den fremste av borgarane. Under Augustus sitt styre fekk romarane utvida sine eigne grenser og i sentralområda av riket levde folk i fred og relativ velstand. Sjølv om lærebøkene kanskje ikkje går veldig inn i korleis keisardøme fungerte, går dei meir inn på korleis administrasjonen fungerte både i Roma og ute i provinsane. Dette skal eg ta for meg innanfor neste emne. Likevel er det bra at bøkene påpeiker at keisaren ikkje berre tok fullstendig makt og kasta alle gamle tradisjonar til sides.

⁸⁰ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 47.

⁸¹ Heum et al., *Alle tiders historie*, 53.

2.2.8 Administrasjon og romarrett

Når ein skapar eit imperium slik som romarane gjorde var det viktig å skape gode metodar for å styre dei forskjellige provinsane. Utover den romerske antikken ser ein tendensen av meir fokus på byråkrati og ordna system. ⁸² Det er liten tvil om at Romerriket var eit monarki etter at Augustus kom til makta og keisarane hadde nærmast uavgrensa makt. Sentrumet for Romerriket var då sjølvstekt rundt keisaren. ⁸³ Med seg hadde keisaren eit enormt nettverk av rådgivarar og tenarar med forskjellige plikter, for det meste slavar og frigjevne, men også diverse aristokratar. Styret ute i provinsane endra seg i ganske stor grad. Guvernørane i provinsane hadde ganske stor makt under republikken og dei forsynte seg ofte grovt på rikdommen ute i provinsane. ⁸⁴ Det vart ein meir bestemt struktur ute i provinsane, som var med på å halde roa og sørge for meir stabile inntekter. Det var essensielt for keisaren at han stadig fekk inn skatt frå provinsane og han organiserte provinsane deretter. For lærebøkene er det viktig at søkjelyset blir konsentrert på korleis eit imperium av denne størrelsen kunne fungere, og innsikt i administrasjonen blir derfor nyttig å leggje vekt på.

At tankane om romarretten frå den romerske antikken er relevante i dag er det liten tvil om. Som blant anna blir slått fast i *Romerrikets historie: Keisertida* gjennom det svært tydelege sitatet: «Vårt vestlige rettsystem bygger på romerretten». ⁸⁵ Iddeng påpeikar vidare at den ikkje berre har påverka seinare juristar, men også korleis europearar generelt sett tenkjer rundt rettigheter og ansvar, lov og orden osv. Nokre av tankane oppstod under republikken når pretoren var den øvste embetsmannen for rettssystem, under keisardømet var det derimot keisaren som var den dømmende makta. Viktigheita av romarretten ligg i stor grad i den tydelege påverknaden den har hatt på det moderne rettssystemet. Dette knyt seg tett opp mot moderne politikk og det er aktuelt å sjå korleis lærebøkene å ta for seg.

Etter at keisardøme fekk sitt inntog i Romerriket vart det naturleg nok endringar i administrasjonen og den politiske strukturen i riket. Som tidlegare nemnd stiller *Historie vg2* ganske svakt på området som omfattar korleis administrasjonen fungerte rundt omkring i provinsane og i Roma sjølv. Ifylgje læreplanmålet skal lærebøkene definere korleis antikken

⁸² Iddeng, *Romerrikets Historie – Keisertida*, 286.

⁸³ *Ibid.*, 287.

⁸⁴ *Ibid.*, 293.

⁸⁵ *Ibid.*, 307.

har påverka ettertida, då spesifikt i form av moderne politikk, arkitektur og annan kunst. Når ein snakkar om dette blir det naturleg å ta tak i korleis romarretten har påverka ettertida. Spesielt sidan den står igjen som eit av dei store bidraga frå den romerske antikken og noko som vi kan sjå igjen i dagens samfunn. *Historie vg2* omtalar romarretten i samsvar med ein av dei meir kjende advokatane og talarane frå romersk tid, Cicero.⁸⁶ Her blir det påpeikt at det ikkje var noko statleg påklagar i Romerriket og at alle søksmål derfor vart fremma privat. Dette kunne ofte være eit ledd i den pågåande politiske kampen som prega Roma. Romarretten la grunnlaget for nokre prinsipp som enno er gjeldande i dag, blant anna at dommaren skulle være upartisk og ein mistenkt var uskyldig til det motsette var bevist.

Om eg tar ei kjapp samanlikning mellom *Tidslinjer 1* og *Historie vg2* er det svært tydeleg at *Tidslinjer 1* har ein grundigare gjennomgang av korleis administrasjonen fungerte i keisardømet. *Tidslinjer 1* startar denne delen med ein kort diskusjon rundt *Pax Romana* og kva dette betydde for romarane. I denne perioden innsåg keisarane at hæren kunne være både ein trussel og ei ressurs, men dei måtte halde den på ein viss avstand. Starten av keisarriket var prega av ekspansjon og forsvar av riket sine grenser, som var viktig for å sysselsette hæren. Denne stadig ekspansjonen hadde ført til at romarane styrte over store landområde. Ofte let romarane den lokale eliten fortsetje styret av erobra områder, mot at dei var lojale til Roma sjølv. ⁸⁷ Ein slik strategi gjorde det mogleg for romarane i større grad å halde roa i erobra områder. Samtidig gjorde dei det mogleg for erobra folkeslag å bli borgarar, som er diskutert tidlegare. Vidare legg *Tidslinjer 1* meir fokus på at den romerske administrasjonen bestod av keisaren sin eigen stab og embetsmenn som var delvis utvalde av senatet. Dette var nok for å gi senatet ein viss følelse av at dei var med på å ta viktige val og enno spelte ei viktig rolle. Utover dette var Romerriket delt inn i provinsar og desse vart styrt av provinsstyrarar med eit lite byråkrati og hærstyrke for å halde kontroll. Til tross for dette blanda ikkje romarane seg nemneverdig inn i lokalstyret av mindre områder og ville sørge for at desse områda kunne styre seg sjølv, så lenge dei betalte skatt og fylgde romerske lover. Noko av påverknaden som var tydeleg frå romarane var utbygginga av eit stort vegnett, som var viktig for handel, kommunikasjon og flytting av troppar. *Tidslinjer 1* legg stor vekt på

⁸⁶ Libæk et al., *Historie Vg2*, 65.

⁸⁷ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 47.

korleis riket fungerte, men kunne i større grad diskutert viktigheita av denne infrastrukturen i Romerriket. Infrastrukturen var tross alt ein viktig årsak til at riket haldt seg saman så lenge.

Når det kjem til diskusjonen rundt romersk rettspraksis og Romarretten gjer *Tidslinjer 1* mykje likt som *Historie vg2*. Begge bøkene tar for seg for seg emnet i ei tekstboks. Eit enkelt verkemiddel for å vende fokuset mot eit emne som kanskje er vanskelegare å diskutere i samsvar med andre emne. *Tidslinjer 1* påpeiker at romersk rettspraksis skilde mellom private og offentlege saker, men at det ikkje var ein offentleg instans som behandla offentlege saker.⁸⁸ Derfor vart desse ført av private påklagarar og fylgd opp av offentlege embetsmenn. Ein slik praksis la større vekt på evnene til den private påklagaren og advokatar var derfor eit svært ettertrakta yrke i Romerriket. Vanlege straffemetoder var blant anna bøter, forvising, gruvearbeid, gladiatorsteneste osv. Fengsling var derimot ikkje vanleg. Romarretten blir også nemnd seinare i kapittelet som noko av arva vi har igjen frå den romerske antikken. Her peiker boka på at så seint som på 1800-tallet vart det påstått at romarretten var meir moderne enn den jussen som blei praktisert i samtida.⁸⁹ Dette viser svært tydeleg til at romarretten var forut for si tid og at den har påverka ettertida i svært stor grad. *Tidslinjer 1* går ganske godt gjennom korleis administrasjonen og rettspraksisen fungerte i den romerske antikken. Det hadde kanskje vore nyttig å tatt diskusjonen vidare med tanke på korleis dette påverka Romerriket vidare og Europa i ettertid, men det er forståeleg at det ikkje er mogleg å ta for seg alt.

Det er ganske tydeleg at forskjellane mellom bøkene på fleire områder ligg i kor mykje dei går i djupna på enkelte emne. Når det kjem til korleis administrasjonen i det romerske keisarriket fungerte får vi eit skilje mellom bøkene. *Alle tiders historie* har nok ikkje lagt hovudvekta si her, men gir uansett eit greitt overblikk. Boka snakkar fyrst om korleis provinsane vart styrt og legg her vekt på at romarane prøvde å halde ved like lokale styringsformer for å unngå altfor store endringar. Det lokale aristokratiet fekk ofte halde ved like innflytelsen dei hadde i sine områder, så lenge dei var lojale mot Roma.⁹⁰ Som styrarar av provinsane satt romarane derimot inn sine egne. Desse vart utnemnd av keisaren og hadde

⁸⁸ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 48.

⁸⁹ Ibid., 55.

⁹⁰ Heum et al., *Alle tiders historie*, 54.

som oppgave å sørge for at skatteinntektene blei samla inn og halde roa i provinsane. Sjølv innkrevjinga av desse skattane vart derimot lyst ut til privatpersonar i lokalmiljøet. Administrasjonen til romarane vart samtidig styrka av eit eige postvesen for offentleg korrespondanse og det godt utbygde vegnettet. Boka trekk også fram at keisar Diokletian prøvde på slutten av 200-tallet å stabilisere Romerriket ved å utnemne ein medkeisar og to underkeisarar. Desse fire skulle styre kvar sin del av riket og dermed fordele ansvaret på fleire leiarar. Systemet var derimot svært kostbart og varte ikkje lenge. Det er ikkje en veldig omfattande gjennomgang i *Alle tiders historie*, men den dekkjer uansett fint over behovet i ein undervisningssituasjon.

Alle bøkene har lagt ein del av fokuset sitt på romarretten og viktigheita av den både for samtida og ettertida. *Alle tiders historie* er sjølv sagt ikkje eit unntak her. Boka påpeiker tidleg at prinsipp frå romarretten enno er gjeldande i våre moderne rettsstatar.⁹¹ For romarane var det viktig at lova skulle være lik for alle romerske borgarar. Noko *Alle tiders historie* avviker frå dei to andre bøkene på er å utgreie at denne metoden for å tenkje på kom frå den stoiske filosofien. Vidare blir det slått fast at avgjersler frå tidlegare dommar kunne leggje grunnlaget for liknande saker. Eit prinsipp som enno er gjeldande. *Alle tiders historie* gir inntrykk av å være ei målretta og nøye planlagd lærebok, som heile tida har i tankane korleis stoffet passar inn i læreplanen.

Romarretten har utan tvil ei sentral rolle i dagens moderne samfunn. Alle bøkene vel å ta med korleis romarane utforma rettssystemet sitt og kva som heng igjen den dag i dag. Blant anna blir det nemnd at dommarane skal være objektive i saker og at mistenkte er uskyldige til det motsette er bevist. Det som er veldig tydeleg er derimot at ingen av bøkene går veldig djupt inn i stoffet som omhandlar utviklinga av romarretten og korleis den fungerte i praksis. Til tross for at det sjølv sagt er positivt at lærebøkene nemner romarretten og det faktum at den har relevans i dag, får ein inntrykk av at dette er eit emne som burde være meir omtalt, med tanke på innflytelsen til i dag.

⁹¹ Heum et al., *Alle tiders historie*, 47.

2.2.9 Språk og litteratur

Det er ganske naturleg å tenkje seg til at lærebøker som skal omfatte den romerske antikken snakkar om viktigheita av språket, latin. Språket eksisterer enno den dag i dag og har spelt ei sentral rolle innanfor vitenskap og kyrkjeliturgen. Sjølv om Romerriket bestod av svært mange forskjellige folkeslag og kulturar er det liten tvil om at latin var det dominerande språket. Det latinske språket var sentralt både for aristokratiet og byplebsen. Samtidig er språket relevant for læreplanmålet som blant anna snakkar om påverknaden på moderne politikk. Dette er hovudgrunnlag for at eg har vald å fokusere på dette som eit av hovudpunkta for mi analyse av lærebøkene.

I *Historie vg2* blir mykje av det som omhandlar arva frå den romerske antikken omtalt i form av tekstboksar og bilete. Dette gjeld også omtalen av det latinske språket og korleis det har påverka ettertida. Læreboka slår fast at romarane utarbeida språket sitt frå det greske, som igjen viser til eit aspekt romarane har adoptert frå grekarane. Det latinske alfabetet er i dag det mest brukte alfabetet i verden og fleire europeiske språk stammar frå latin. Eksempel på dette er fransk, spansk, italiensk og portugisisk.⁹² Akkurat denne delen bærer preg av å bestå av enkle faktasetningar rundt det latinske språket. *Historie vg2* legg vidare vekt på at vi har diverse låneord frå latin, samtidig som språket var felles språk for den katolske kyrkja og diverse universitet rundt omkring i Europa. Samtidig er dei vitenskaplege namna på planter og dyr enno på latin, og det same gjeld for faguttrykk innanfor medisin og jus. Til tross for at læreboka berre kort tar for seg korleis det latinske språket har påverka ettertida og ikkje diskuterer det noko vidare, får ein inntrykk av at dei viktigaste momenta er dekt over. Elevane vil nok sitte igjen med ei forståing om at latin har prega europeiske språk i ganske stor grad og at spora er tydeleg den dag i dag. Med tanke på litteratur er det ikkje veldig mykje som faktisk blir tatt opp i *Historie vg2*, men nokre berømte diktarar blir nemnd.⁹³ Under Augustus sitt regime levde tre av romarane sine mest berømte diktarar, Vergil, Ovid og Horats. Vergil er skaparen bak *Æniden*, verket om at romarane stamma frå ein helt som flykta frå Troja. Både Ovid og Horats hadde begge sine strider med Augustus. Ovid skreiv om erotikk og kjærleik, han vart forvist av Augustus og boka spekulerer om han også hadde eit forhold til ein av Augustus sine kvinnelege slektningar. Horats kjempa mot Augustus i borgarkrigen, men vart tilgitt etter at krigen var over. Han er kjend som ein satirikar som latterleggjorde alt

⁹² Libæk et al., *Historie Vg2*, 73.

⁹³ *Ibid.*, 65.

han mislikte i samfunnet. Det er veldig interessant at *Historie vg2* faktisk legg vekt på nokre av dei kjende diktarane frå den romerske antikken.

Det latinske språket har utan tvil ein plass i lærebøkene. Spesielt om vi ser at *Tidslinjer 1* slår veldig tydeleg fast at den mest påfallande arva frå antikken nok er språket og orda, då i form av påverknaden latin har hatt på italiensk, fransk, spansk osv.⁹⁴ Samtidig at latin har hatt, og enno har, ein sentral posisjon i kyrkjespråket og vitsskapelege omgrep og at fleire andre språk har tatt opp latinske ord i språket sitt. Boka snakkar også om språket som innbyggjarane snakka, der dei rikare ofte lærte seg gresk i tillegg til korrekt latin, medan dei lågare klassene i samfunnet brukte ei meir uformell form av latin. Dette var med på å forsterke den sosiale skilnaden som allereie var til stades i Roma. Den formelle forma for latin var den som overlevde som kyrkjespråk og eit fellesspråk for vitsskapelege.⁹⁵ På toppen av dette fekk latin ei spesiell stilling innanfor rettssystemet, særleg etter at Justinian sørga for å samle og systematisere dei romerske lovene på 500-tallet e.v.t. Sidan overklassene i Roma også lærte seg gresk, fekk gresk litteratur ei viktig rolle. *Tidslinjer 1* går derimot ikkje noko særleg inn på litteraturen sin påverknad i Romerriket, men nemner berre kort at litteraturen var ein del av renessansen på 1400- og 1500-tallet.⁹⁶

Romerriket kan vise til fleire forskjellige områder som dei har påverka i ettertida. Språket er noko som blir lagt stor vekt på av dei forskjellige lærebøkene og ofte lagt fram som noko av det mest sentrale som vi har frå den romerske antikken. Det blir lagt vekt på at den store utbredelsen som kristendommen fekk i Romerriket hadde stor påverknad på utviklinga i Europa etter antikken. Spesielt med tanke på at latin vart eit sentralt språk i den vestlege kyrkja og ved utdannings institusjonar rundt omkring i Europa. Vidare har latin enno ein plass i liturgien til den katolske kyrkja og vitsskapelege omgrep brukar enno latin.⁹⁷ Samtidig er latin opphavet til andre språk, som italiensk, fransk, spansk, portugisisk og rumensk og fleire andre språk har henta låneord frå latin. Til tross for den ganske tydeleg arva i form av språket legg ikkje boka noko særleg vekt på litteratur som stammar frå den romerske antikken. Plutark blir kort nemnd med tanke på ei kjelde som snakkar om Cæsar, sjølv om han var

⁹⁴ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 54.

⁹⁵ Ibid., 48.

⁹⁶ Ibid., 55.

⁹⁷ Heum et al., *Alle tiders historie*, 59.

gresk, så var han aktiv i perioden 45-125 e.v.t.⁹⁸ Det er ganske klart at når det kjem til litteratur frå antikken blir det i større grad lagt vekt på den som stammar frå dei greske bystatane, men det er uansett eit emne som ikkje blir lagt stor vekt på i boka.

Det er liten tvil om at det latinske språket har stått sentralt i europeisk forstand. Alle tre lærebøkene legg stor vekt på at det latinske språket har hatt stor påverknad. Spesielt det at det latinske språket er opphavet til fleire av dei store europeiske språka og att fleire andre har tatt låneord frå det latinske språket. Alle bøkene nemner at fransk, italiensk, spansk osv. har opphav i latinsk og det er klart at dette er ei tydeleg arv frå den romerske antikken. Viktig i bøkene er sjølv sagt det at alfabetet vi brukar i Europa i dag er den same varianten som romarane brukte. Dette blir understøtta av Iddeng som snakkar om at dette alfabetet vart utforma ut frå den varianten etruskarane laga.⁹⁹ Etruskarane sin variant var igjen inspirert av det greske alfabetet. Noko som derimot gir inntrykk av at det manglar frå lærebøkene er den relativt omfattande bokkulturen som vart utforma i antikken. I likskap med fleire andre områder, var dette noko romarane adopterte frå andre antikke samfunn, i denne forstand grekarane og egyptarane.¹⁰⁰ Sjølv om det tok litt tid før romarane begynte å skrive eigne tekster på latin, har vi kjelder som er skrive på latin og som er sentrale verk når det kjem til korleis vi ser på den romerske antikken. Som Iddeng også påpeikar var det viktig for romarane att dei utforma ein skrivekultur, sidan dette leia fram til nedskrivninga av ikkje berre filosofi, men matematikk, naturvitskap og teknologi. Områder som igjen leia til nokre av dei fysiske verka vi ser etter den romerske antikken i dag, som bruer, akveduktar, høghus og ruvande tempel.¹⁰¹ Det er liten tvil om at skrivekulturen er noko som mest sannsynleg hadde fortent større fokus i lærebøkene, men ein kan forstå at det ikkje blir rekna som den største arva frå romarane, sidan dei i stor grad adopterte det frå grekarane og egyptarane. Likevel bør *Historie vg2* få litt omtale her. Boka er den einaste som faktisk går inn på nokre av dei kjende diktarane som prega den romerske antikken, då i form av nemnde Vergil, Ovid og Horats.

⁹⁸ Heum et al., *Alle tiders historie*, 51.

⁹⁹ Iddeng, *Romerrikets Historie – Republikkens vekst og fall*, 241.

¹⁰⁰ *Ibid.*, 242.

¹⁰¹ *Ibid.*, 244.

2.2.10 Kunst og arkitektur

I fylgje læreplanen er det sentralt for undervisninga at elevane skal få innsikt i antikken si «(...) betydningen for moderne politikk, arkitektur eller annen kunst». ¹⁰² Det er derfor naturleg å tenkje seg til at dette burde stå sentralt for lærebøkene å utdjupe. I denne delen skal eg fokusere på dei to sistnemnde, arkitektur og kunst. Dei fysiske bevisa frå romarane er fleire og ein kan enno sjå storslegne byggverk frå den romerske antikken. Der grekarane kanskje var dei største tenkarane og diktarane, var romarane fantastiske ingeniørar og arkitektar. Sidan dette knyt seg sterkt opp mot læreplanen var det naturleg å ta med dette som eit av mine hovudpunkt i analysen av lærebøkene.

Ved fyrste augekast er det ganske tydeleg at *Historie vg2* brukar fleire bilete for å vise fram kunst og arkitektur frå antikken. For i sjølve teksta blir det ikkje nødvendigvis diskutert i svært stor grad. Gjennom bruken av bilete gir ein derimot elevane noko meir konkret å knytte perioden til. Det fyrste biletet viser den kjende statuen av ulven som ammar Romulus og Remus. Eit tydeleg kunstverk som har blitt eit symbol for den romerske republikken. ¹⁰³ Nokre av dei fyrste bileta viser direkte til anten ruiner eller arkitektur som har tatt inspirasjon frå den romerske antikken. Som blant anna biletet av Capitol, tilhaldsstaden til nasjonalforsamlinga i USA. ¹⁰⁴ Sett vekk i frå sjølve bygget blir det også nemnd at amerikanarane kalla ein del av nasjonalforsamlinga si for senatet, i nær relasjon til romarane. Til tross for at fleire av bileta viser kunstverk som stammar frå eller er inspirert av den romerske antikken, blir dei som sagt ikkje diskutert og vurdert i noko stor grad.. Noko av det som dei viser mest til er mosaikkar og statuar, blant anna den av Augustus frå år 20 f.v.t. ¹⁰⁵ Det er til ei viss grad overraskande sidan dette er eit av krava frå læreplanen. Arkitekturen blir derimot diskutert i større grad og får ein meir sentral posisjon. Blant anna akveduktane blir vist fram og forklart kva formålet deira var. Samtidig blir delar av Titus si triumfbue og ein modell av Circus Maximus vist fram. Desse får ei tilknytning til teksta som står på den neste sida, då i form av religionar i keisarriket og brød og sirkus i Roma. ¹⁰⁶ Det er tydeleg at *Historie vg2* har i stor grad lagt vekt på å vise fram kunst og arkitektur i form av bilete, men

¹⁰² Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02),» Henta 13.04.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/his1-02/hele/kompetanemaal/etter-vg2-studieforberedende-utdanningsprogram>.

¹⁰³ Libæk et al., *Historie Vg2*, 54.

¹⁰⁴ Ibid., 56.

¹⁰⁵ Ibid., 64.

¹⁰⁶ Ibid., 66-67.

læreboka manglar litt på det å skulle forklare korleis ein kan spore romerske kunst og arkitektur fram til moderne tid.

Vidareføringa og utviklinga romarane hadde av hellenistisk vitskap og teknologi får merksemd, og då spesielt romarane si evne til å utvikle praktiske teknologiske nyvinningar, som kloakksystemet og akveduktane. Det er svært interessant at boka legg mykje vekt på dei teknologiske framstega romarane gjorde, men at det også blir slått fast at romarane aldri utvikla seg til eit industrisamfunn. Dei grunngir dette med at behovet ikkje var der, sidan dei hadde ei overflod av slavar til å gjennomføre det tunge arbeidet. *Tidslinjer 1* legg i mykje større grad vekt på desse teknologiske framstega romarane hadde, noko som skil seg i forhold til dei to andre lærebøkene. I likskap med *Historie vg2* blir det også her vist fram nokre bilete som tar for seg arkitektur frå den romerske antikken.¹⁰⁷ Som tidlegare referert til bygde romarane omfattande vegnett, men vi har også bruer og storslegne byggverk som har overlevd til i dag. Romarane adoptere mykje frå dei greske bystatane og kopierte til tider reint av gresk kunst. Dette gjaldt blant anna skulpturar, mosaikkar og veggmaleri, men også søyler og hus etter gresk forbilde.¹⁰⁸ Til tross for at dei til tider kopierte frå grekarane, vidareutvikla romarane mykje av teknologien til grekarane og kom med sine egne nyvinningar i tillegg. I løpet av den romerske antikken vart buar og kvelvingar oppfunne, betong vart viktig i byggeprosessen og sement og teglstein gjorde at romarane kunne bygge høyhus på opp til sju etasjar. Desse høghusa vart brukt av dei fattigaste i Roma og dei rikare familiane haldt til i store hus med innlagd vatn og kunst på veggane. Dette understrekar dei enorme framstega romarane gjorde, men viser også til ei mørkare side når det kjem til dei enorme sosiale forskjellane som eksisterte innanfor riket sine grenser. *Tidslinjer 1* skil seg ut med dette ganske tunge fokuset på teknologiske nyvinningar og viser definitivt i relativt stor grad til korleis romarane tilnærma seg teknologi. Dette skaper ein klar skilnad mellom den greske og den romerske antikken, noko som boka påpeiker også. Med tanke på læreplanen er det veldig bra at boka framhevar korleis romarane ikkje berre adopterte, men vidareutvikla mykje frå grekarane.

¹⁰⁷ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 49.

¹⁰⁸ *Ibid.*, 48.

Eit emne som tydeleg kan vise tilbake til den romerske antikken er kunst og arkitektur. Dette står også veldig sentralt i læreplanen. Med tanke på at alle dei tre lærebøkene har prøvd å halde seg mest mogleg til læreplanen er det naturleg at *Alle tiders historie* gjer det same. I likskap med *Historie vg2* og *Tidslinjer 1* brukar læreboka fleire bilete av kunst og arkitektur for å vise fram kva vi har frå den romerske antikken. Noko av bileta dei brukar er derimot måla av seinare kunstnarar.¹⁰⁹ Boka viser også til kunst frå samtida, blant anna eit veggmaleri frå Pompeii. Dette brukar dei også i samsvar med ein diskusjon rundt ei kjelde frå den tida.¹¹⁰ Det spesielle er det at boka ikkje diskuterer kunst frå den romerske antikken noko særleg og vel heller å berre vise fram kunst frå den romerske antikken eller kunst som illustrerer noko frå den tida. Dei vel heller å nemne kort antikk kunst sin framvekst under renessansen på 1300-tallet, men det er ikkje gått i djupna på kva som faktisk er henta frå den romerske antikken. Alt får eigentleg eit inntrykk av å være ganske overflatisk. Ein skulle tru at læreboka ville gå meir i djupna på kunsten frå antikken og ikkje berre vise til den gjennom bilete.

Med tanke på arkitektur er det klassisismen sin framvekst på 1700-tallet som er den tydelegaste arva etter den romerske antikken. Blant anna Universitetet i Oslo og Kongressbygget i USA blir henta fram som eksempel på denne stilarten.¹¹¹ På dette området er *Alle tiders historie* grundigare og gjer ganske beviste val. Romarane var veldig dyktige arkitektar og ingeniørar. Dette blir lagt vekt på gjennom akveduktane, omfattande kloakksystem, offentlege arenaer, badeanlegg osv.¹¹² Dette bidrog i den store infrastrukturen som romarane bygde ut, noko som stod i sterk kontrast til grekarane. Boka viser nokre bilete av dei forskjellige byggverka som enda står og gir korte introduksjonar til hensikta dei hadde. Boka er ganske bevist på at arkitekturen er eit tydeleg fysisk bevis vi har igjen frå romarane og bruker derfor desse bileta. Vidare blir det også påpeika at gamle byggverk både frå den greske og den romerske antikken er store turistmål.

Det er klart at bøkene i stor grad fokuserer på like områder når det kjem til arva frå antikken. Dei er i fleire instansar samstemte om dei fleste områda, men avviker på nokre. Ganske overraskande er det at alle lærebøkene tar i bruk bilete av forskjellige eksempel på kunst og

¹⁰⁹ Heum et al., *Alle tiders historie*, 47.

¹¹⁰ Ibid., 46.

¹¹¹ Ibid., 59.

¹¹² Ibid., 47.

arkitektur frå antikken, men dei diskuterer ikkje i noko nemneverdig grad kor mykje dei har påverka ettertida. Dette til tross for at læreplanen legg spesifikt vekt på: «(...)betydningen for moderne politikk, *arkitektur* eller annen *kunst*». ¹¹³ Ein skulle eigentleg tru at lærebøkene ville legge større vekt på dei to siste punkta i forhold til arkitektur og kunst, men utifrå gjennomgangen av lærebøkene vil eg til ei viss grad sei at dei har manglar med tanke på betydninga for ettertida. No er det mogleg at lærebøkene tar sterkare tak i dette på eit seinare tidspunkt og knyt dette opp mot dei aktuelle tidsperiodane, som blant anna renessansen. Avgrensinga i denne oppgåva gjer at eg ikkje har undersøkt dette. Til forsvar av lærebøkene påpeiker læreplanen at ein skal fokusere på arkitektur *eller* annan kunst. Bøkene legg størst vekt på arkitekturen, mest sannsynleg sidan den har etterlat seg fleire fysiske bevis vi enno har gleda av å nyte i dag. Det er derfor vanskeleg å påstå at dei bommar veldig i forhold til det læreplanen krev, men eit større fokus på betydninga av for eksempel arkitekturen, ville vore å føretrekke.

2.2.11 Kristninga av riket

Tidlegare i oppgåva omtalte eg korleis lærebøkene tilnærma seg religion i Romerriket, då med særleg fokus på tida før kristendommen fekk sitt inntog. I denne delen skal eg vende søkjelyset på kristninga av riket gjennom Konstantin og Teodosius. Det er viktig å påpeike den tydelege påverknaden Romerriket hadde på framveksten av kristendom i Europa. Til tross for at dei kristne vart i periodar forfølgd av romarane, vart kristendommen den religionen som til slutt vaks seg så stor at den vart offisiell statsreligion. Samtidig er det tydeleg at kristendommen har prega Europa i svært stor grad sjølv etter at Romerriket falt og ein kan utan tvil peike på religionen som ei viktig arv etter romarane.

Kristendommen vart sakte, men sikkert, ei av dei viktigaste religiøse retningane i Romerriket. Oppveksten frå ei lita religiøs sekt, som utnytta dei store moglegheitene for misjon i riket, til den verdsomspennande religionen som vart offisiell statsreligion under keisar Teodosius. Dette er kanskje den tydelegaste arva som vart tatt med vidare inn i mellomalderen. ¹¹⁴ Til tross for at kristendommen etter kvart vart svært viktig for romarane, var det fyrste etter fleire

¹¹³ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02),» Henta 13.04.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/his1-02/hele/kompetansemaal/etter-vg2-studieforberedende-utdanningsprogram>.

¹¹⁴ Ødegård, *Antikken*, 219.

periodar med undertrykking og forfølgning at religionen fekk grobotn. Sjølv om romarane var vanlegvis relativt tolerante ovanfor nye religionar, får ein inntrykk av at situasjonen var noko annleis med kristendommen. Ødegård tar for seg eit passande eksempel frå Keisar Trajan (98-117 e.v.t.) si tid. Ein av provinsstyrarane til Trajan skal ha gitt han tilbakemelding på ei kristen forsamling og opplyser at til tross for det som blir definert som ei forakteleg tru, gjorde dei kristne ingenting ulovleg.¹¹⁵ Dette meiner Ødegård kan vise til at romarane kopla kristendommen opp mot politikken og ein mogleg motstand mot Romerriket. Han legg vekt på at dei kristne sin motvilje til å ofre til biletet av keisaren kanskje vart tolka som eit teikn på opprør og motstand.¹¹⁶ Interessant her er at jødane tidlegare hadde fått løyve til å ikkje tilbe keisaren, men ein kan her få inntrykk av at dette ikkje var noko som andre religiøse retningar fekk løyve til.

Dette leiar vidare til ein relativt kort introduksjon til Jesus og dei fyrste kristne. For her vel boka å vie meir plass til kristendommen og Jesus sin framvekst.¹¹⁷ *Historie vg2* konsentrerer seg på å fortelje om Jesus og korleis han kan ha blitt tolka som ein trussel mot Romerriket. Boka påpeikar derimot også at dei kristne vart i etterkant av Jesu død forfølgd fordi dei hevda at deira eigen gud var den einaste og at alle andre sine gudar var djevlar og demonar. Det blir seinare i kapittelet snakka kort om keisar Nero si straff av dei kristne i etterkant av den store bybrannen.¹¹⁸ Kristendommen fekk ikkje ein ordentleg grobotn før Konstantin den store tok til seg religionen og kalla inn til eit stort kyrkjemøte i Nikea i år 325. I same aneddrag nemner *Historie vg2* latin sin framvekst som kyrkjespråk i etterkant av Romerriket sitt fall, som diskutert tidlegare.¹¹⁹ Sjølv om Konstantin favoriserte kristendommen vart ikkje den offisiell statsreligion før år 392 under keisar Teodosius sitt regime. Læreboka legg fram det faktum at kvinnene mest sannsynleg hadde ei svært stor rolle i kristendommen si spreiding, men til tross for dette tok antikken sitt kvinnesyn overhand og kvinnene fekk ikkje ei sterk rolle i den kristne administrasjonen.¹²⁰

¹¹⁵ Ødegård, *Antikken*, 227.

¹¹⁶ *Ibid.*, 228.

¹¹⁷ Libæk et al., *Historie Vg2*, 67.

¹¹⁸ *Ibid.*, 70.

¹¹⁹ *Ibid.*, 73.

¹²⁰ *Ibid.*, 74.

I motsetnad til andre religiøse retningar i Romerriket blir kristendommen gått ganske grundig gjennom i *Tidslinjer 1*. Heile historia frå etableringa og dei mange opp og nedturane følgjarane hadde blir beskrive i relativt omfattande grad.¹²¹ Samtidig blir det gjennomført ei oversiktleg analyse av kvifor kristendommen fekk grobotn og vaks til tross for forfølgingar og undertrykking. Konstantin sin påverknad og kristendommen si etablering som statsreligion er naturlegvis med som avsluttande del rundt kristendommen. Det er ganske tydeleg at *Tidslinjer 1* har vald å eigentleg berre fokusere på kristendommen med tanke på religion i den romerske antikken, men til gjengjeld er det ein svært grundig gjennomgang som ikkje berre tar for seg fleire av hendingane som prega kristendommen i den fyrste perioden. Dei diskuterer også godt korleis kristendommen utvikla seg til tross for det stadige presset frå romarane.¹²²

Som eg tidlegare har vore inn på blir svært mykje av fokuset lagt på kristendommen når lærebøkene diskuterer religion i den romerske antikken, og *Alle tiders historie* er ikkje eit unntak her. Det fyrste boka vel å legge vekt på er kva ein veit om den historiske personen Jesus. Som kjapt påpeikt er evangelia ei av dei mest sentrale kjeldene til Jesus sitt liv og virke, men dette gjer ikkje at historikarar stiller tvil rundt Jesus sin eksistens. Han blir derimot omtalt i andre kjelder, blant anna frå den romerske historikaren Josefus.¹²³ Her blir Jesus omtalt som ein klok mann og lærar som utførte under og fekk fleire tilhøyrarar. Boka går vidare inn på eit ganske interessant poeng når det kjem til stadfesting av når Jesus blei født. Dette er boka åleine om når det kjem til dei andre lærebøkene og legg dermed opp til ein ganske interessant diskusjon rundt kjeldekritikk, som igjen er nyttig å ta for seg i ein undervisningssituasjon.

Naturleg nok følgjer *Alle tiders historie* sin gjennomgang av kristendommen og kristninga av Romerriket. Kristendommen oppstod som ei grein av Jødedommen og sentralt i framveksten var apostelen Paulus. Han var sentral i etableringa og vedlikehaldet av forskjellige kristne samfunn rundt omkring i Romerriket. Likevel blir det påpeikt at kristendommen møtte på fleire problem. Sidan kristendommen la vekt på at deira eigen gud var den einaste og alle andre var demonar og djevelen sitt verk kom dei i konflikt med Romerriket. Innanfor

¹²¹ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 50.

¹²² Ibid., 51.

¹²³ Heum et al., *Alle tiders historie*, 57.

Romerriket sine grenser var det nemleg lov å tilbe andre gudar, men det var forventat at ein ofra til keisaren som ei politisk lojalitetserklæring.¹²⁴ Dette nekta dei kristne og sidan dei heller ikkje deltok i det romerske fellesskapet vart dei upopulære. Noko som igjen førte til sverting av kristne som samfunn. Eit positivt aspekt for dei kristne var derimot at dei var opne for å ta i mot alle, uansett kjønn og sosial status. Dette førte til at kristendommen, til tross for forfølgjing, vaks. Under keisar Diokletian på slutten av 200-tallet vart dei kristne igjen forfølgte, men dette var gjort ein slutt på under keisar Konstantin. Han var den fyrste keisaren som openlyst favoriserte dei kristne og kjempa dei kristne si sak. Boka spekulerer i at Konstantin kan ha sett på kristendommen som gunstig for å halde på makta si, sidan menneske som trudde på ein gud kunne kanskje lettare akseptere at den politiske makta låg hos ein person. Som boka vidare påpeiker er det mange meiningar blant historikarane rundt kvifor Konstantin valde å favorisere dei kristne. Det hadde vore interessant om boka faktisk hadde diskutert dette vidare, for det ville lagt fokus over på kjelder som omtaler perioden. Boka vel derimot å gå vidare med Konstantin si innkalling til kyrkjemøtet i Nikea, kva diskusjonar som var sentrale her og avsluttar med erklæringa av kristendommen som statsreligion i Romerriket i 390-åra.¹²⁵ Viktig er det sjølv sagt at boka til slutt viser til korleis kristendommen si store utbreiing i Romerriket mot slutten av antikken hadde påverknad på Europa som heilheit. Kristendommen vart den sentrale religionen i Europa etter antikken, og ein kan i stor grad vise til at romarane hadde ei finger med i spelet her. Totalt sett er *Alle tiders historie* veldig godt dekkande med tanke på kristendommen og balanserer fint mellom viktige hendingar, korleis det kristne samfunnet og påverknaden av kristendommen for ettertida. Dette stiller seg ganske liknande med *Tidslinjer 1* som også treffer fint på denne balansen. Den tydelegaste forskjellen er derimot at *Alle tiders historie* har eit litt større fokus på kjelder som diskuterer kristendommen, som i denne forstand er konsentrert på Jesus som ein historisk person.

Totalt sett er det liten tvil om at lærebøkene har lagt stor vekt på kristendommen og påverknaden den har hatt på Europa etter den romerske antikken. Dette er nok eit ganske klokt val sidan kristendommen er den største religionen i Norge og dermed står sentralt for mange på eit personleg nivå. Samtidig er det ei tverrfagleg moglegheit med religions faget i skule. Det er samtidig lite å avsette på vala lærebøkene tar rundt det tunge fokuset på

¹²⁴ Heum et al., *Alle tiders historie*, 57.

¹²⁵ *Ibid.*, 58.

kristendommen og alle bøkene viser til den store påverknaden kristendommen har hatt på ettertida. Det er likevel interessant å påpeike at læreplanen ikkje legg noko overordna fokus på religion og at det derfor er vanskeleg å sei at kristendommen rettferdiggjer den omfattande plassen den får i bøkene.

2.2.12 Vestriket sitt fall

Bakgrunnen for at Vest-Romerriket falt har vore eit ofte diskutert emne av historikarar og ein kan ikkje den dag i dag peike på ein spesifikk årsak til at det falt. Som forventa går alle lærebøkene godt inn på emnet og tar for seg korleis og kvifor den vestlege delen av Romerriket falt. For at dei skal gi eit godt innblikk i forskjellige årsaker er det derimot viktig at dei opnar for diskusjon og presenterer moglege årsaker deretter. Kvifor det falt er det som sagt ikkje eit klart svar å gi og diskusjonen rundt emnet er ei retning undervisninga kan gå.

Som ein rimeleg naturleg avsluttande del går kapittelet om antikken i *Historie vg2* inn på korleis Romerriket vart splitta og den vestlege delen etter kvart falt. Her presenterer boka kort hendelseforløpet frå riket vart splitta i 395 e.v.t. til den siste vestromerske keisaren vart avsett i 476 e.v.t.¹²⁶ Læreboka fylgjer opp med å diskutere problemstillinga rundt kvifor riket falt. Her blir det slått fast at dette er eit emne som har blitt diskutert i fleire hundre år og at ein i dag definerer det som ein blanding av ytre og indre årsaker. Blant eksempla er auka press frå germanarane, som førte til eit behov for større hærar, reduserte skatteinntekter av diverse årsaker og folkevandringane på 400-tallet som følgje av hunarane sine bevegelsar vestover. Alt i alt fokuserer dei i stor grad på økonomiske årsaker til at Vest-Romerriket ikkje klarte å bestå. Det er ikkje i veldig omfattande grad at *Historie vg2* omtalar Vest-Romerriket sitt fall og ein kunne nok brukt dette som eit diskusjons emne der ein tar for seg kvifor den vestlege delen falt, medan den austlege delen stod i 1000 år til. Til *Historie vg2* sitt forsvar tar dei for seg ei diskusjonsoppgåve som legg vekt på akkurat dette og presenterer andre moment for kvifor den vestlege delen falt.¹²⁷ I ein undervisningssituasjonen opnar dette for større moglegheiter til å inkludere elevane i diskusjonen og ta i bruk læreboka meir aktivt.

¹²⁶ Libæk et al., *Historie Vg2*, 74.

¹²⁷ Ibid., 77.

Som ein avsluttande del av kapittelet går også *Tidslinjer 1* inn på Romerriket sitt fall og potensielle årsaker til det. Fyrst blir dei ytre årsakene diskutert. Boka tar for seg at den største ytre årsaka var press frå andre folk og riker, blant anna militært press frå Sassanidane i aust og germanarane sine forflyttingar mot Vestriket sine grenser. Spesielt germanarane var ein sentral ytre årsak til at spesielt den vestlege delen av riket falt. Av indre årsaker blir det i større grad fokusert på dei økonomiske problema som kom av stadig press på borgarane når det gjaldt betaling av skatt. Dette kom av eit konstant behov for å forsterke grensene og betaling av hærane vart ei altfor stor utgift, spesielt for den vestlege delen av riket. Som igjen kan forklare kvifor det var den vestlege delen som falt på 400-tallet e.v.t. og ikkje den austlege. Ei årsak som *Tidslinjer 1* også tar opp er klimaforverring og utarming av jorda, som igjen førte til matmangel. Dette førte igjen til ei befolkning som var meir utsette for pestepidemiar og andre sjukdommar. Denne nedgangen i folketalet førte naturleg nok til færre skatteinntekter og dermed enda større skattebyrde på resten av befolkninga. Boka slår eigentleg fast at kvifor Romerriket falt er nok på grunn av fleire forskjellige ytre og indre årsaker. Ein kan ikkje peike på ein spesifikk årsak som hovudproblemet, meir ein kombinasjon av fleire årsaker. Samtidig vil dei gjer det klart at opp i gjennom historia har det vore fleire eksempel på at det er enklare å erobre store territorium, men at å behalde dei er svært vanskeleg. Derfor meiner *Tidslinjer 1* at vi må vel so mykje sjå på kvifor Romerriket klarte å halde ut så lenge, ikkje berre på kvifor det falt.¹²⁸

Som med ein del av dei andre emna har *Alle tiders historie* i denne forstand også vald å legge større fokus på kvifor Romerriket falt, i staden for å legge vekt på kva som skjedde. Dette fylgjer eigentleg den raude tråden som læreboka har lagt, med å diskutere årsakene rundt endringar i den romerske antikken. Ei metode som har fungert ganske godt. Dette let også lærarane meir fri til å velje om dei faktisk vil ta for seg nokre fleire hendingar, eller om dei legg fokuset på konsekvens og årsaker. Dette viser meir til eit ønske om å rette søkjelyset på dei lange linjene i historiefaget. Når det kjem til kva boka snakkar om rundt den vestlege delen av Romerriket sitt fall, ligg fokuset som sagt på kvifor. Årsakene ligg både i ytre og indre forhold, for så lenge romarane kunne fortsette å erobre nye områder kunne dei finansiere dei stadig aukande krava til den romerske hæren. Samtidig var det enorme forbruket i byane med på å auke dei økonomiske problema for riket som heilheit. Dette vart berre forsterka av

¹²⁸ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 53.

ytre årsaker i form av press på grensene frå gotarane og hunarane. Det er tydeleg at *Alle tiders historie* legg stor vekt på dei økonomiske årsakene som svært sentrale for den vestelege delen av Romerriket sitt fall. Sidan skatteutgiftene auka for romarane, valde fleire rike å flytte ut på landet og skaffe seg store landområde for å sørge for at dei var sjølvforsynte. Dette auka berre det økonomiske presset på dei som enda betalte skatt til staten og førte til enda meir uro. Læreboka viser kort til kvifor Austriket klarte å stå betre i mot dette presset, blant anna med jordreformer på 600-tallet som la grunnlaget for ein stor og lojal hær av frie bondesoldatar. *Alle tiders historie* har tatt eit fornuftig val rundt utforminga av Vestriket sitt fall og viser til viktig poeng.

Alle bøkene tar for seg kvifor vestriket falt og diverse årsaker til dette. Dei legg i stor grad vekt på dei økonomiske årsakene som sentrale, men kombinerer ytre og indre årsaker. Det er ikkje enkelt å skulle peike på ein dominerande årsak til kvifor vestriket falt. Ein kunne peike på masseinnvandring og militær invasjon i løpet av dei siste 100 åra riket bestod.¹²⁹ Samtidig kunne ein peike på manglande økonomi og politisk innflytelse frå keisaren si side.¹³⁰ Det som derimot er tydeleg er at lærebøkene har tatt for seg vestriket sitt fall på ein så god måte som ein kan forventa. Dei tar for seg fleire forskjellige årsaker og let det i fleire situasjonar opp til lærarane og elevane til å føre egne diskusjonar rundt emnet.

2.2.13 Kjeldebruk

Når ein snakkar om historiefaget er det berre naturleg at ein må på eit tidspunkt diskutere kjelder og ta eit standpunkt i forhold til kva kjelder som er truverdige og kva for nokre som ein må stille seg meir kritiske til. Spesielt rundt eit emne som den romerske antikken der det ofte er få og vage kjelder som dominerer. Det er derfor viktig at lærebøkene også går inn på dette området og tar stilling til bruken av kjelder i historiefaget.

Bruken av kjelder var noko eg i stor grad forventa at lærebøkene skulle konsentrere seg om. Når eg då fyrst las gjennom delen rundt den romerske antikken i *Historie vg2* begynte eg å lure på om kjelder var omtalt i det heile. I denne læreboka er derimot bruken av kjelder og

¹²⁹ Iddeng, *Romerrikets Historie – Keisertida*, 510.

¹³⁰ *Ibid.*, 515.

kjeldekritikk plassert i oppgåvedelen på slutten av kapittelet. Her blir det fyrst tatt opp tre kjelder som skildrar Julius Cæsar.¹³¹ Den fyrste av kjeldene er skriva av Cæsar sjølv, den andre er Plutark si skildring og den siste er Sveton sin omtale av Cæsar. Elevane skal samanlikne kjeldene, vurdere kva dei fortel om dei tre individa (Cæsar, Plutark og Sveton) og til slutt vurdere i kor stor grad vi kan stole på desse kjeldene. Slike oppgåver er svært nyttige med tanke på å skulle forstå historikarane sine utfordringar når vi snakkar om eit emne som den romerske antikken. Vidare legg *Historie vg2* fram ei oppgåve til som tar for seg kjelder. Denne konsentrerer seg om Pompeii og Herculaneum og legg opp til ei samanlikning av ei skriftleg kjelde og ei arkeologisk kjelde.¹³² Det er viktig at arkeologiske kjelder blir diskutert sidan dei er svært sentrale i informasjonen vi har bygd opp rundt den romerske antikken.

I historiefaget er det utan tvil viktig å diskutere kjelder og lærebøker i faget burde fokusere på diskusjon rundt bruken av kjelder. Dette er dessverre ikkje eit fokus for *Tidslinjer 1*. Boka viser til forskjellige relikviar i form av kunstverk, men diskuterer ikkje nødvendigvis kva desse kan fortel oss. Til tross for at *Historie vg2* også stilte ganske svakt i forhold til kjeldebruk innanfor sjølve teksten i kapittelet sitt, diskuterte den boka i større grad kjelder i oppgåvene sine. Den metoden fungerer ganske bra sidan den legg opp til at elevane skal i større grad lære meir om kjeldekritikk. *Tidslinjer 1* har derimot presentert heilt i starten av boka ei metode for å vurdere historiske kjelder, men dette burde blitt satt meir i perspektiv til korleis ein skal vurdere kjelder frå den romerske antikken.

Ved fyrste gjennomlesing er det ganske tydeleg at lærebøkene ikkje legg veldig stort fokus på kjeldearbeid rundt den romerske antikken. To av bøkene tar for seg korleis ein bør nærme seg kjeldekritikk og kvifor dette er viktig, men ikkje noko som nødvendigvis går direkte på korleis ein skal vurdere kjelder frå den romerske antikken. Med tanke på at store delar av kjeldene frå den romerske antikken ikkje nødvendigvis er skrivne kjelder blir det ofte opp til arkeologiske funn og arkitektoniske strukturar for å teikne eit bilete. Både *Tidslinjer 1* og *Alle tiders historie* går inn på dette med kjeldekritikk og korleis ein vurderer diverse kjelder, men *Alle tiders historie* er utan tvil mest grundig på dette området. *Alle tiders historie* er den einaste av bøkene som faktisk diskuterer kjelder saman med emna dei skriv om. Blant anna

¹³¹ Libæk et al., *Historie Vg2*, 76.

¹³² *Ibid.*, 77.

blir Claudia si gravskrift ¹³³, Plutark sitt syn på Cæsar ¹³⁴ og litt rundt korleis andre historikarar har tatt føre seg aspekt ved den romerske antikken, i denne forstand Edward Gibbon sitt syn på Romerriket sitt fall. ¹³⁵ Det er ganske tydeleg at den boka som dekker over mest, og som eigentleg er meir historieforskningsretta, er nettopp *Alle tiders historie*. Samtidig er dette den nyaste av bøkene og har nok hatt nytte av å sjå kva styrkane og svakheitene til dei andre lærebøkene er. Det blir sjølvstøtt berre spekulasjonar utifrå egne tankar rundt bøkene, men boka stikk seg ut i forhold til dei to andre. *Historie vg2* tok for seg vurdering av kjelder i oppgåvene sine på slutten av kapittelet og dette er noko *Alle tiders historie* også gjer. ¹³⁶ Slike oppgåver er viktige hjelpemiddel i ein undervisningssituasjon og vil være viktige bidrag for lærarane. Blant anna går ei av oppgåvene ut på at elevane skal ta utgangspunkt i ein fiksjonsfilm med handling frå antikken. Vidare skal elevane vurdere korleis ein slik film kan brukast som ei kjelde til antikkens historie. Dei skal samanlikne moment frå filmen med det dei har lært i læreboka og frå andre kjelder. Ei slik oppgåve vil sette historie inn i eit moderne lys og gjer elevane meir klar over korleis antikkens historie enno har ein plass i det moderne samfunnet.

Ein av dei sentrale skilnadane mellom bøkene er definitivt i korleis dei tar tak i kjelder. Kjelder er svært sentralt innanfor historiefaget og lærebøkene burde diskutere dei når ein skal undervise i historie. Av dei tre lærebøkene er det *Alle tiders historie* som stiller sterkast på kjeldebruken, spesielt sidan boka har vald å bruke kjelder i sjølve gjennomgangen av den romerske antikken, for deretter å utforme oppgåver som går på arbeid med kjelder. Dette gjer at elevane til stadig vil få innsikt i bruken av kjelder, samtidig som dei blir utfordra til å gjennomføre vurdering av kjelder sjølv. *Historie vg2* har vald å ikkje ta for seg kjelder i noko stor grad i sjølv gjennomgangen, men fokuserer meir på at elevane skal få teste seg gjennom oppgåvene som er i slutten av kapittelet.

2.3 Oppsummering

Lærebøkene si tilnærming til læreplanen var ganske tydeleg frå starten av, og analysen av lærebøkene har understøtta dette vidare. Likevel er det nokre svakheiter å spore i bøkene, og

¹³³ Heum et al., *Alle tiders historie*, 46.

¹³⁴ Ibid., 51.

¹³⁵ Ibid., 55.

¹³⁶ Ibid., 61.

visse forskjellar mellom bøkene sjølv, om ein ser opp mot dei 13 punkta eg valde ut. Det fyrste emnet for analysen var borgarrolla og forskjellane meldte seg allereie her. Alle lærebøkene tok for seg korleis romarane brukte borgarskapet som eit forhandlingskort med folk dei erobra. Både *Alle tiders historie* og *Tidslinjer 1* går inn på korleis borgarskapet kunne leie til politisk avansement i det romerske samfunnet, men *Alle tiders historie* er den einaste av bøkene som tar for seg kva rettigheter som borgarskapet omfatta utover politikken. Denne tidlege tendensen til at *Alle tiders historie* skilde seg frå dei to andre fortsette til ei viss grad på dei neste emna også. Med tanke på republikken sitt politiske system presenterer alle bøkene oversiktlege gjennomgangar av korleis systemet fungerte, men *Historie vg2* skilje seg frå dei to andre i negativ forstand. Både *Tidslinjer 1* og *Alle tiders historie* er flinkare på å knyte stoffet opp mot læreplanen, men *Tidslinjer 1* snakkar i mindre grad om dei forskjellige embeta som prega republikken. Vidare følgde ekspansjon og imperium og alle lærebøkene konsentrerte seg i stor grad om følgjene av ekspansjonen. Det er lite som skilje bøkene på dette området, men *Historie vg2* og *Tidslinjer 1* har retta noko av fokuset over på kva for nokre områder som vart tatt over og når. Ei slik tilnærming kan auke moglegheita for å bruke tidslinjer i undervisninga. Til tross for dette *Alle tiders historie* sterkare på dei spesifikke følgjene av ekspansjonen og korleis romarane integrerte overvunne fiendar.

Følgjene av ekspansjonen leia naturleg vidare til dei sosiale forholda og slaveriet i Roma. Igjen fylgjer lærebøkene like linjer og har i stor grad retta konsentrasjonen på forskjellane mellom rike og fattige i Roma. Hovudfokuset for bøkene ligg derimot i betydninga av den romerske familien. Sidan dette var ein stor del av det sosiale livet i Romerriket og eit klart skilje frå den greske antikken, treff lærebøkene læreplanen godt gjennom dette fokuset. Noko bøkene derimot nærmast totalt valde å utelate var religion i Romerriket, før kristendommen. Dette var ganske overraskande sidan religionen prega alle aspekt av det romerske samfunnet. Vidare burde den klare likskapen til den greske religion ha gjort at lærebøkene ville gitt den meir omtale. Republikken sitt fall var neste hovudområde og dette skapte og skilnad mellom bøkene. Alle valde å ta for seg dette som ein overgang og nemnde hovudpersonar som Julius Cæsar og Augustus. Skilnaden var i stor grad prega av at *Alle tiders historie* retta søkjelyset sitt på meir mot årsakene til republikken sitt fall og såg dermed på dei lange linjene.

Ein gjennomgang av keisardømet som system følgde som neste hovudpunkt. Lærebøkene legg her i stor grad vekt på Augustus og stega han tok for å unngå å bli sett på som ein einherskar. For det var viktig for Augustus å gi senatet og embetsmennene inntrykk av at republikken enno var gjeldande, men to av lærebøkene har konsentrert seg meir om korleis administrasjonen i keisarriket fungerte. *Historie vg2* overraskar med ein nærmast total mangel på noko som omhandlar administrasjonen i Romerriket. *Tidslinjer 1* og *Alle tiders historie* har derimot omtalt emnet meir og snakkar for det meste om korleis provinsane vart organisert. Sidan integrering var sentralt for romarane, fekk ofte det lokale aristokratiet i erobra områder behalde mykje av innflytelsen sin. Med atterhald om at dei fylgde lovene til romarane og betalte skatt. Eit punkt eg inkluderte i samsvar med administrasjonen var romarretten. Dette emnet har fått meir omtale av bøkene, men dei manglar noko av djupna med tanke på korleis romarretten fungerte i praksis og utviklinga den hadde. Lærebøkene legg vekt på at romarretten har påverka ettertida på fleire måtar og det blir kort diskutert at den er relevant i dag. Noko som også har påverka ettertida på ein tydeleg måte er språket. Alle lærebøkene omtaler påverknaden av det latinske språket, spesielt då påverknaden på moderne språk, som spansk, italiensk, fransk, saman med vitskapen og kyrkja sin liturgi. Inntrykket er at lærebøkene ser på latin som noko av det med største betydning for ettertida. *Tidslinjer 1* slår ganske tydeleg fast at språket er kanskje den mest påfallande arva frå antikken. Der språket får betydeleg omtale, står litteraturen mykje svakare. Med tanke på bokkulturen som utvikla seg i Romerriket, burde ein forvente at lærebøkene omtalte de i større grad. *Historie vg2* er den einaste av bøkene som snakkar direkte om nokre romerske forfattarar, og gjennomfører korte introduksjonar av Vergil, Horats og Ovid.

Med tanke på læreplanen er det liten tvil om at kunst og arkitektur står sentralt. Lærebøkene har her vald å legg hovudtyngda på arkitektur og tar i stor grad for seg korleis romarane skapte både storslegne byggverk og ein imponerande infrastruktur. Manglane ligg i stor grad med påverknaden på moderne tid, sidan dei berre kort nemner kunst- og arkitekturstilane som har blitt påverka av antikken. Emnet som kanskje fekk størst omtale av lærebøkene var kristendommen og kristninga av riket. Alle valde å legge stor vekt på korleis kristendommen bevegde seg frå ei grein av jødedommen til å bli statsreligion i Romerriket. *Tidslinjer 1* og *Alle tiders historie* har begge vald å omtale heile tidslinja til kristendommen, medan *Historie vg2* har lagd vekta på Konstantin og tida etter han. Det som kanskje manglar i lærebøkene er ein djupare diskusjon rundt kristendommen sin påverknad på ettertida. Alle bøkene tar for seg

Vestriket sitt fall som ein avsluttande del om antikken. Ein tydeleg tendens er fokuset på å diskutere årsaker til Vestriket sitt fall, både ytre og indre. Hovudvekta ligg på dei økonomiske årsakene som ein dominerande faktor, men bøkene definerer ikkje ei årsak som grunnen til at Roma falt. Det siste hovudpunktet er bruken av kjelder i lærebøkene. Her skapte det seg eit skilje, sidan *Tidslinjer 1* har vald å ikkje diskutere kjelder noko særleg. *Historie vg2* og *Alle tiders historie* tar i bruk kjelder som ein del av oppgåvedelen av kapittelet og legg dermed opp til at elevane skal få jobbe med dei kjeldekritiske evnene deira. *Alle tiders historie* har også tatt for seg nokre kjelder inne i sjølve teksten og viser seg igjen som den sterkaste boka.

Eit viktig skilje eg har retta søkjelyset på er om bøkene har fokusert på å fortelje om hendingane som prega den romerske antikken, eller om dei heller forklarar korleis enkelte instansar fungerte, korleis samfunnet vart påverka av brot i historia og liknande. Dette er fordi eg til ei ganske stor grad meiner at historiefaget er eit fag der dei lange linjene er viktige å forstå. Lærebøkene er ganske like på dette området og vel for det meste å fokusere på årsakene og følgjene av hendingane som prega Romerriket. Eit godt eksempel på dette er korleis alle bøkene la vekt på følgjene av ekspansjonen til romarane, ikkje kva som skjedde under ekspansjonen.

Lærebøkene eg har tatt for meg har i ganske stor grad stilt seg sterkt i forhold til læreplanen og krava den stiller. Eit viktig spørsmål å stille seg er derimot om dei stiller sterkt nok til å være til god hjelp for lærarane ute i den vidaregåande skulen. Med tanke på at lærarane også retter seg etter læreplanen er det kanskje enkelt å sei at lærebøkene i denne analysen er gode støtter for lærarane. Som tidlegare nemnd så er nok lærebøkene ei av dei viktigaste kjeldene lærarane brukar i forhold til kva ein skal ta for seg i undervisninga, samtidig som den er hovudkjelda til elevane. Eg trur derimot at for nokre lærarar går ikkje bøkene nok i djupna og det kan være nødvendig å understøtte bøkene med andre kjelder. Dette blir sjølvsagt opp til kvar enkelt lærar og mengda tid dei faktisk er villige til å bruke på emnet. Spesielt med tanke på at i enkelte situasjonar legg lærebøkene opp til diskusjonar som kan være med i undervisninga, blir det alltid opp til lærarane og deira val i forhold til undervisningsmetodar. Det vil bli interessant å sjå kva resultatata frå undersøkinga viser med tanke på lærarane sine eigne tankar rundt emnet og eventuelle innvendingar mot den romerske antikken.

3.0 Spørjeundersøking blant lærarar

Denne oppgåva har satt seg som mål å ta for seg den romerske antikken sin posisjon i skulen, og då i til ei viss grad lærarane si haldning til emnet. Det var derfor ein naturleg framgangsmåte å utvikle ei spørjeundersøking som skulle sendast ut til diverse lærarar i vidaregåande skular i Norge. Eit svært viktig poeng med slike undersøkingar er å utforme den på ein måte som legg opp til at lærarar kan gjennomføre dei relativt kjapt, men samtidig tilby verdifulle opplysningar til oppgåva. Derfor var formuleringane og utforminga til spørsmåla svært viktig. Med dette i tankane falt valet på «fleirvals-undersøking» med valfrie kommentarar til kvar spørsmålskategori. I stor grad er spørsmåla i undersøkinga basert på å rangere frå 1 til 6, med nokre få avvik i form av ja/nei-liknande spørsmål. Ei slik utforming gav moglegheita for å spørje ganske direkte og tydelege spørsmål, men samtidig sørge for at eventuelle uklare meiningar kunne bli utdjupa gjennom kommentarfeltet. Vidare var det viktig å gi lærarane klar beskjed om at kommentarfeltet var heilt valfritt, men ville være til stor hjelp for å tydeleggjere deira tankar.

Undersøkinga er eit viktig aspekt i denne oppgåva og det er derfor nødvendig å få eit tilfredsstillande tal lærarar til å svare på undersøkinga. I byrjinga var tanken at dei vidaregåande skulane i Vestfold ville være dekkande nok for å få inn dei tala, men etter kvart som mengda svar kom inn var det tydeleg at ei utviding var nødvendig. Spesielt med tanke på at desto større talet på svar var, kunne eg med større sikkerheit slå fast resultata frå undersøkinga. Etter å vurdert kva område som burde bli lagt fokus på, bestemte eg meg for å fokusere på austlandet. Fylka som vart innlemma i denne undersøkinga vart då til slutt Vestfold, Buskerud, Telemark, Østfold, Oslo og Akershus. Lærarane som deltok i undersøkinga vart kontakta via e-post der eg greia ut om målet med oppgåva mi og kort forklarte utforminga av spørjeundersøkinga.

3.1 Utforming av spørsmål

Sidan undersøkinga er eit sentralt element i oppgåva, er det viktig å greie ut korleis eg utforma undersøkinga, kva eg spurte om og kvifor eg valde desse spørsmåla. Denne delen vil derfor nemne kva eg ville oppnå med spørsmåla mine og dei forskjellige vala eg måtte ta.

For å utføre ei slik undersøking er det sjølvsagt svært viktig at deltakarane har eit fullstendig perspektiv på kva eg ønskjer å finne ut. Til tross for at mykje av dette vart forklart i e-posten som vart sendt ut, var det viktig at denne informasjonen også var lagt ved som ei innleiing til undersøkinga. Eg fokuserte på å gi deltakarane informasjonen dei behøvde med relativt korte og presise instruksjonar.

Den generelle utforminga av undersøkinga var i stor grad basert på spørsmålet «kva er viktig for meg å finne ut?». Dette førte til at undersøkinga i seg sjølv vart fyrst inndelt i enkle kategoriar. Kategoriane var grovt sett fordelt slik: Generell informasjon om deltakarane, den romerske antikken i klasserommet, den romerske antikken som ein del av læreplanen, den romerske antikken under eksamen, erfaring med den romerske antikken frå eiga studietid og den romerske antikken si stilling i skulen framover. Desse seks kategoriane følte eg ville gi eit godt innblikk i deltakarane sine haldningar og erfaringar med den romerske antikken. Samtidig kunne eg kanskje få eit bilete av korleis dei individuelle deltakarane såg for seg den romerske antikken sin framtidige posisjon.

Dei fyrste spørsmåla hadde som mål å gjer greie for litt grunnleggande informasjon om lærarane. Derfor vart spørsmål nummer ein «Hvilke andre fag, enn historie, underviser du i?» med ei open tekstboks for deltakarane til å skrive svaret sitt i. Bakgrunnen for dette spørsmålet var å gi eit bilete over kva fag lærarane hadde erfaring frå utanom historie og dermed kanskje forstå betre deira forhold til den romerske antikken. Sidan eit av kriteria for deltakarane var at dei skulle undervise i historiefaget var det naturleg å vinkle spørsmålet inn mot kva andre fag annan enn historie dei underviser i.

For å etablere meir grunnleggjande informasjon om deltakarane vart dei spurt om talet på år dei har undervist i historiefaget. Her delte eg inn i fire alternativ, *1-5 år*, *6-10 år*, *11-20 år* og *over 20 år*. Her ville eg få eit innblikk i om det var forskjellar i forholdet til den romerske antikken utifrå mengda år dei enkelte deltakarane hadde undervist i historie. Samtidig knyt dette spørsmålet seg godt opp mot seinare spørsmål i undersøkinga og gir moglegheiter for betre å kunne forstå svara til dei individuelle deltakarane, og samtidig få ein statistikk som kan representere mangfaldet.

Grunnleggande informasjon for å kunne skilje mellom dei forskjellige lærarane var viktig for å kunne fastslå kva forutsetningar dei ville ha for å svare på undersøkinga. Spørsmål som talet år dei har undervist i historie og kva andre fag dei underviser i ved sidan av historie gav ei bilete på dette. Spesielt med tanke på kva andre fag dei forskjellige lærarane underviser var viktig for å forstå deira tilknytning til historie og den romerske antikken. Vidare også om dei eventuelt hadde fag som gav naturlege moglegheiter for tverrfagleg arbeid med den romerske antikken som fokus.

Vidare var spørsmåla formulert rundt tilnærminga deltakarane hadde til den romerske antikken i klasserommet, då i forstand av elevane sin generelle respons, lærarane si haldning til emnet og undervisningsmetodar som blir tatt i bruk. Her tok eg i bruk fleirvalsalternativet og oppfordra deltakarane til å rangere kvart spørsmål med karakterane 1-6. Eg formulerte eit innleiande spørsmål slik «På en skala fra 1-6, der 1 er i liten grad og 6 er i stor grad, i hvilken grad...» og la deretter fram påstandar eller spørsmål som dei skulle rangere. Dette er den mest brukte metoden i undersøkinga og gav deltakarane moglegheit til å svare relativt kjapt, men samtidig gi meg eit svar eg kan bruke. Det fyrste spørsmålet eg stilte her var i kor stor grad elevane responderer positivt på undervisning i emnet (les: den romerske antikken). Her ville eg få eit kort innblikk i korleis deltakarane oppfatta elevane si haldning til undervisninga og dermed bygge eit bilete rundt eventuelle samanhengar. Vidare var det deltakarane sjølv si entusiasme for å undervise i emnet. Her er den fyrste av samanhengane med det føregåande spørsmålet. Det er naturleg å tenkje seg at ein entusiastisk lærar har betre forutsetningar for å engasjere elevane for eit emne. Sjølv om dette sjølvsagt ikkje alltid har ein samanheng, kan ein ofte sjå ein viss påverknad.

Dette leia meg vidare til dei to neste spørsmåla, som fokuserte på undervisningsmetodar. Bakgrunnen for valet mitt å dele akkurat dette i to spørsmål er enkel. Under mi eiga tid som elev i den vidaregåande skulen møtte eg i veldig stor grad berre på vanleg tavleundervisning i historiefaget, og svært få alternative undervisningsmetodar. Det eg definerer som vanleg tavleundervisning er i stor grad sikta til den forelesningsmetoda som blir tatt i bruk på høgare utdanning. Då gjennom bruk av PowerPoint presentasjon, lysbilde på overheadprojektor eller liknande. Vidare har eg i praksis møtt på meir skilnad, då spesielt sidan det i stor grad har vore studentar som har hatt undervisninga i historie, som eg har observert eller leia sjølv.

Derfor ville eg sjå om fleire lærar la vekt på det eg omtalar som tradisjonell tavleundervisning eller brukte andre undervisningsmetodar. Her la eg også opp til ei kommentarboks med eit spørsmål angående eventuelle andre undervisningsmetodar lærarane brukar. Dette var for å kunne sjå på kva undervisningsmetodar som er populære blant lærarane på vidaregåande trinnet og kva dei legg vekt på. Den romerske antikken gir, som dei fleste andre historieemne, sjansen til å ta i bruk fleire forskjellige undervisningsopplegg, men det er alltid interessant å sjå kva som går igjen som populære og nytteverdige metodar.

Det neste steget eg valde var å stille spørsmål som retta seg meir inn mot den romerske antikken sin relevans i skulen på ein meir generell basis, som tverrfagleg emne og historie emne. Her var det to spørsmål som i stor grad utarta seg. Det fyrste var den romerske antikken sin posisjon historiefaget. Med dette ville eg finne ut korleis lærarane rangerer den romerske antikken innanfor historiefaget. Det ville gi ein liten peikepinn på lærarane si vurdering av den romerske antikken og kan fortelje litt om deira tilnærming og førebuingar til emnet. Viktig å ta med er at det er vanskeleg å skulle vurdere den romerske antikken sin relevans utan eigentleg å skulle samanlikne det med noko anna emne. Eg vurderte å stille meir samanliknande spørsmål, men innsåg at dette ville bli vanskeleg å gjennomføre på ein effektiv og god måte. Det andre spørsmålet la meir vekt på den romerske antikken utanfor historiefaget. Målet var å identifisere kva deltakarane tenkte rundt den romerske antikken sin relevans som tverrfagleg emne, om noko relevans i det heile. Derfor ville eg få med eit spørsmål som retta fokuset over på denne problemstillinga.

Eit naturleg steg vidare for undersøkinga var å stille spørsmål rundt læreplanen og tilnærminga deltakarane har til den. Sidan læreplanen berre omtalar antikken under eit av læreplanmåla og at emnet er eit av dei fyrste emna på andre trinnet i vidaregåande, var det viktig å stille spørsmål rundt dette. Punktet i læreplanen er som tidlegare nemnd mogleg å dele i to og kan derfor analyserast som to separate delar. Derfor kom spørsmålet om å vurdere nytteverdien av dei to separate delane individuelt fram. Dette er noko som vil tilby interessante vinklingar sidan dei to delane er svært forskjellige. Det er viktig å ta med at læreplanmålet i seg sjølv eigentleg gir stort handlingsrom, og som tidlegare nemnd kan lærarane velje å ikkje legge stor vekt på den romerske antikken.

Med tanke på at den romerske antikken er ein del av historiefaget på vg2 og at faget ikkje er avsluttande, vanskeleggjer det for eventuelle opptredenar under eksamen. Sidan den romerske antikken kjem så tidleg i historiefaget, går det nesten to år til emnet kan kome opp til eksamen. Derfor ville eg utforme spørsmål som skulle belyse akkurat dette. Det fyrste eg då spurte om i undersøkinga var om deltakarane, som dei kunne huske, hadde hatt den romerske antikken oppe som emne til eksamen. Her presenterte eg fire alternativ. Dei alternativa var «Ja, fleire gongar», «Ja, men berre 1-2 gongar», «Nei» og «Hugsar ikkje». Eg ville skilje mellom dei som svarte ja, fordi det ville gi eit tydelegare bilete på det faktiske talet den romerske antikken dukka opp på eksamen. På dette valde eg også å stille utdjupande spørsmål til dei som eventuelt svarte ja. Her la eg inn at visst ein lærarar svarte ja, ville dei bli leia vidare til eit nytt bilete som oppfordra lærarane til å ta stilling til kva som vart lagt vekt på i oppgåveformuleringa til desse eksamenane. Eg håpte her å få svar på om læreplanen alltid stod i fokus i oppgåveformuleringa, eller om deltakarane stilte andre krav. Sidan læreplanen er relativt open er det ikkje utenkeleg at fleire gjorde eigne val rundt formulering og hovudfokus. Dette ville vore eit unødig spørsmål å stille til «nei» og «hugsar ikkje» gruppene. Dei som då svarte nei eller hugsar ikkje vart ført vidare til neste kategori i undersøkinga.

Neste kategori på lista var deltakarane si erfaring med den romerske antikken gjennom sine eigne studie. Her var det snakk om deltakarane hadde mottatt undervisning i noko form eller hatt studie rundt den romerske antikken. Årsaka til dette spørsmålet var behovet for å forstå kva bakgrunnskunnskap deltakarane har og forutsetningane deira for å undervise i emnet. Dette vil sjølvsagt ikkje gi eit fullgodt bilete, men kan være med på å gi meg ein peikepinn. Her delte eg og inn i fire alternativ, der dei to «ja» alternativa ville leie vidare til eit oppfylgningsspørsmål. Dei to «ja» alternativa vart og skild mellom studiar i eit spesialiseringsemne eller i eit oversiktsemne. Dette var for å identifisere forskjellar mellom dei individuelle deltakarane og for å sjå differansen mellom dei to retningane. Spesielt sidan oversiktsemne ofte er eit obligatorisk emne som dei fleste historiestudentar har, og at eit spesialiseringsemne legg opp til at studentane har sjølv vald å studere den romerske antikken vidare. Spørsmåla som dei då vart leia vidare til var fokusert på nytteverdien av denne erfaring i jobben som lærar og kor stor del av ei årseining som handla om antikken. Spesielt det siste spørsmålet var eg usikker på om eg ville ta med, men eg valde å la det være med sidan det kunne gi eit innblikk i størrelsen den romerske antikken tok i studiane. Spørsmålet rundt nytteverdien følte

eg derimot var viktig, sidan det ville gi eit innblikk i deltakarane si vurdering av eigne studie og korleis dette har hjelpt i jobben deira som lærarar.

Den siste kategorien av undersøkinga var nokre spørsmål som fokuserte meir på den romerske antikken sin posisjon framover. Her valde eg å stille to spørsmål, der deltakarane fyrst skulle vurdere i kor stor grad dei var einige i ein påstand. Påstanden var «Den romerske antikken bør få en sterkere posisjon i den nye læreplanen». Denne påstanden legg til grunne at deltakarane har ein viss innsikt i den kommande læreplanen og diskusjonen som er rundt den. Deretter følgde eg opp med spørsmålet «Burde den romerske antikken få en større eller mindre posisjon i den norske skolen?». Igjen var fokuset å identifisere deltakarane sine tankar rundt den romerske antikken og korleis dei sjølv synast den burde utvikle seg. Det var litt personlege grunnar bak dette spørsmålet, sidan eg ville sjå litt meir av lærarstanden si generelle haldning til emnet. Til tross for dette er det viktig å hugse at ein lærar som er svært glad i antikken ikkje nødvendigvis meiner at den bør få ein større posisjon i skulen.

Som tidlegare nemnd presenterte eg moglegheita for eventuelle kommentar under dei fleste spørsmåla, og oppfordra også deltakarane til å dele sine meiningar. Dette ville eg avslutte undersøkinga med, slik at det var mogleg å legge igjen eit fullstendig inntrykk av undersøkinga og den romerske antikken. Her var håpet at eventuelle andre tankar rundt den romerske antikken, men også tilbakemeldingar og avsluttande kommentarar til undersøkinga, ville bli presentert.


3.2 Resultat frå undersøkinga

I denne delen vil eg presentere resultatata frå undersøkinga. Deltakarane som var med i undersøkinga er lærar i historie på andre trinnet i den vidaregåande skulen. Talet på mottatte svar enda opp i 129, eit tal eg er svært nøgd med. Det er vanskeleg å skulle sei noko om kor representativt dette resultatet er utifrå potensielle deltakarar. Eg har ikkje statistikk på talet lærarar som fekk invitasjon til undersøkinga, for e-postane eg sendte ut var ofte til avdelingsleiarar, rektorar eller liknande. Formålet var i stor grad å sende ut så mange e-postar så mogleg, for å auke sjansen for mange svar. Likevel trur eg at dette talet vil gi meg eit godt grunnlag for undersøkinga og bli med på å skape eit bilete på den romerske antikken i skulen.

Eg vil ta for meg resultatata innanfor kvar individuelle kategori og presentere diverse figurar som illustrerer resultatet.

Byrjinga av undersøkinga fokuserte på innsamling av meir generell informasjon om deltakarane og skulle gi eit grunnlag for korleis gruppa av deltakarar var satt saman. Det fyrste spørsmålet var kva fag dei underviste i, annan enn historie. Svara tilbyr eit relativt forutsigbart svar, der samfunnsfag og norsk er dei to faga som er mest representert. Samfunnsfag er relativt normalt å ha i samspann med historie, spesielt sidan dei to faga er satt under same fane i ungdomsskulen. I ungdomsskulen er nemleg historie, samfunnskunnskap og geografi samla under det overordna samfunnsfag. Til tross for at denne oppgåva fokuserer på den vidaregåande skulen er dette interessant å vise til, då det fortel litt om kor tett dei tre faga faktisk kan arbeidast med i skulen.¹³⁷ Sjølv om eg ikkje har vald å stille spørsmål om nokre av lærarane har undervist i ungdomsskulen, er det ikkje usannsynleg at nokre av dei har erfaring frå ungdomsskulenivået.

Vidare var det talet på år dei har undervist i historie som var spørsmålet. Som ein ser frå grafen er det tydeleg at det er veldig jamt mellom dei individuelle alternativa og at undersøkinga dermed fekk eit godt sprik mellom erfaringa dei forskjellige deltakarane hadde.




Figur 3.1

¹³⁷ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)», henta 19.02.19 frå <https://www.udir.no/k106/SAF1-03/Hele/Hovedomraader>

Det er sjølvsagt ikkje spesielt overraskande at den mest representerte gruppa er også den som omfattar flest år undervist (11-20 år). Med tanke på balansen i resultatet er eg særst nøgd med at spreinga mellom lærarane er ganske jamn og at alle gruppene er godt representert.

3.2.1 Korleis fungerer emnet i klasserommet?


Vidare følgde spørsmåla som omfatta den romerske antikken i klasserommet. Fyrst ut var eit spørsmål eg var svært interessert i få betre innsikt i, kor stor grad elevane responderer positivt på undervisning i den romerske antikken. No er det sjølvsagt viktig å ta med at dette var deltakarane sine vurderingar av responsen og ikkje svar frå elevane sjølv, men resultatet var til ei viss grad overraskande.



Figur 3.2

Som ein kan sjå i grafen svarar 93 av 129 at elevane responderer over middels positivt på undervisning i emnet. No legg sjølvsagt spørsmålet opp til at deltakarane skal vurdere i kor stor grad elevane responderer positivt, men det er uansett tydeleg at det er generelt sett god respons frå elevane. Det blir interessant å sjå med neste spørsmål om lærarane sjølv føler ein viss entusiasme for å emnet, sidan dette kan smitte over på elevane.


Vidare var det interessant å sjå kva deltakarane svarte angående sin eigen entusiasme for emnet. Resultatet her ville nok gi eit bilete på korleis lærarane behandlar emnet og kva dei legg i det. Samtidig vil dette gi eit visst grunnlag for å forstå vidare resultat og kommentarar i form av korleis den kollektive haldninga til den romerske antikken er.



Figur 3.3


Som vi ser i grafen føler deltakarane i svært stor grad entusiasme for faget. Spesielt viktig å ta med i vurderinga er at ingen svarte så lavt som ein og berre 1 svarte to, medan 28 svarte seks og heile 52 svarte fem. Det er kanskje ikkje den største overraskinga at lærarane føler entusiasme for emnet, men eg må sei at eg ikkje forventa eit resultat som reflekterer denne typen entusiasme. Det er mange faktorar som kan spele inn her, men sidan resultata rundt entusiasmen til lærarane og elevane har ei overvekt på det positive, kan ein tenkje seg at dette har ein samanheng. Ein kan nok også tenkje seg at nokre elevar har ei personleg interesse for emnet og kan dermed dominere lærarane si oppfatning av klassen som heilheit. Eg veit frå eiga erfaring at det er svært freistande å spele på ein veldig engasjert elev i eit emne som kan oppfattast som tyngre enn enkelte andre emne. Likevel, ein lærar som viser entusiasme for eit emne, har kanskje større moglegheiter for å få ein positiv respons frå elevane. Vidare kan denne entusiasmen frå lærarane spele inn på seinare spørsmål også, og eit bilete kan være i ferd med å forme seg rundt lærarane si generelle haldning til den romerske antikken.

Dei to neste spørsmåla er relevant å presentere og kommentere i samsvar, då begge to omhandlar undervisningsmetodar i klasserommet. Det fyrste var bruken av tavleundervisning og det neste om andre undervisningsmetodar.



Figur 3.4

Den fyrste grafen her viser korleis deltakarane svarte rundt spørsmålet om i kor stor grad dei brukar tavleundervisning når dei underviser i den romerske antikken. Resultatet er i relativt stor grad som forventa, med ei viss spreing mellom alternativa. Samtidig er det ikkje overraskande at dei fleste brukar tavleundervisning innanfor emnet. Det er ei velkjent og ganske føreseieleg metode å bruke som innleiingar til diverse emne. Denne metoden er også svært sentral i høgare utdanning, og kan derfor være relevant for elevane å bli kjend med. Til tross for dette viser resultatet rundt andre undervisningsmetodar, at det ikkje nødvendigvis er tavleundervisning som står i sentrum for lærarane.



Figur 3.5

Denne grafen viser fordelinga med tanke på anna undervisning. Svært viktig å påpeike er at eg ikkje legg opp til at undervisning i emnet er anten tavleundervisning eller anna undervisning. Det er sjølvsagt vanleg at lærarar kombinerer tavleundervisning og andre

undervisningsmetodar, men som tidlegare nemnd har eg delt desse to grunna personlege erfaringar med historiefaget. På grunn av dette er det sjølvsagt ikkje spesielt overraskande at dei fleste deltakarane svarer at dei brukar anna undervisning i ei relativt stort grad. Etterfølgd av dette spørsmålet var kommentarboksa der deltakarane vart oppfordra til å skrive opp kva undervisningsmetodar dei då eventuelt tok i bruk. Utifrå resultat er dette den kommentarboksa som har fått mest merksemd av deltakarane og har gitt svært mange forskjellige svar. Svare vitnar om ei rekke kreative løysingar og det er tydeleg at fleire av deltakarane ofte gjennomfører alternative undervisningsopplegg for å fange merksemda til elevane. Det er mogleg at dette er ein av grunnane til resultatet som tilsa at elevane ofte responderer positivt på undervisning i emnet. Innanfor emne som elevane kanskje ikkje har den største kjennskapen til, kan lærarane bli utfordra i mykje større grad. Ein mogleg grunn til dette er at elevane fort vil miste interessa for ukjende emne og dette vil stille større krav til engasjement frå læraren si side. Om ein ser på den romerske antikken ligg nok problemet i at emnet ikkje blir undervist i på ungdomsskuletrinnet, og at elevane derfor går heilt frå barnetrinnet i grunnskulen til 2. trinnet på vidaregåande med å få undervisning i emnet.¹³⁸ Med dette som grunnlag er det lett å forstå at elevane kan ha manglande innsikt i den romerske antikken, med mindre dei sjølv har satt seg inn i den. Når dei då kjem til undervisning i dette emnet kan ein fort tenkje seg at eit variert undervisningsopplegg er nøkkelen til at elevane skal utøve entusiasme i emnet.

Med tanke på at eg fekk fleire kommentarar rundt andre undervisningsmetodar, tenkte eg å presentere nokre av dei her. Som nemnd tidlegare, er det tydeleg at deltakarane tar i bruk fleire forskjellige metodar og opplegg for å undervise i emnet. Eit av dei fyrste aspekta eg vil ta tak i her er bruken av film og tv-seriar i undervisninga. 47 av deltakarane har nemnd dette som noko dei tar i bruk i undervisninga si. Eksempel som går igjen er filmen «Gladiatoren» og tv-serien «Rome». Det er interessant at dei tar i bruk desse, då dei er meint som underhaldning og ikkje som reine dokumentarar. Ein av deltakarane nemner at han brukar opningsscena i filmen «Gladiatoren». Den fyrste scena er eit slagscene der romarane kjempar mot «barbarar». Effekten denne scena mest sannsynleg vil ha, er at den kan gi eit godt bilete av korleis vi tolkar korleis det kan ha sett ut under slike militære situasjonar for romarane. Samtidig kan den gi eit innblikk i korleis romarane blir framstilt med tanke på organisering av

¹³⁸ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)» Henta 09.05.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Hele/Kompetansemaal/kompetansemaal-etter-7.-arssteget>

militæret, både med tanke på utstyr, disiplin og taktikk. Til tross for at ein skal ver forsiktig med å innlemme slike spelefilmar i undervisninga, trur eg at akkurat denne filmen faktisk kan gi ei god innleiing til emnet. Spesielt sidan dei fleste av elevane nok har god kjennskap til filmen og dermed kan i større grad delta i ein eventuell diskusjon. Eit interessant poeng som ein av deltakarane la vekt på var kvifor slike filmar og videosnuttar vart brukt i undervisning. Her blir det påpeika at bakgrunnen for bruken av dette ligg i det å få elevane til å forstå korleis vi tenkjer på romartida og den rolla den spelar inn på oss i dag. Dette knyt seg naturleg opp mot læreplanmålet om å vurdere arva frå antikken og korleis den har påverka arkitektur, politikk osv. Ei slik tilnærming er også verdifull for elevane med tanke på å kunne forstå korleis vi tolkar og analyserer kjeldene vi har frå den tida. Spesielt sidan dei kjeldene ofte er sparsommelege.

Eit punkt eg var spent på å finne resultata på var talet på lærarar som faktisk tar i bruk primærkjelder frå denne tida og brukar tid på å forstå desse. Gjennom eiga erfaring i historiefaget har eg opplevd at kjeldebruk og kjeldekritikk ikkje får mykje fokus, noko som eg fekk kjenne på kroppen når eg kom inn i høgare utdanning. Når du studerer historie i høgare utdanning, blir arbeidet med kjelder svært viktig, både med tanke på kritikk og referansearbeid. Slik eg har forstått den nye læreplanen, vil dette kome sterkare inn i undervisninga, men det er uansett noko som til no har til dels mangla i undervisninga. Det er derfor fint å sjå at det er fleire av lærarane som har nemnd dette som noko dei har fokus på i si eiga undervisning. Eit eksempel er ein av lærarane som nemner Cæsar sine beskrivingar av kampanjen i Gallia og Marcus Aurelius sine tekster som kjelder han tar i bruk. Innanfor den romerske antikken er ofte problemet mangelen på solide og utfyllande kjelder, derfor kan ein tenkje seg at det vil i større grad være viktig å ta tak i dette i undervisninga. Derfor må ein lærar passe på å ha ein viss kjennskap til kjeldene, slik at ein har ei oversikt over nyttige kjelder. Spesielt med tanke på den svært avgrensa tida ein lærarar har innanfor kvart emne i historiefaget, må ein bruke tida godt.

Eit inntrykk som byggjer seg med kommentarane er at fleire har eit ønske om å utfordre elevane gjennom diskusjonsoppgåver der dei skal argumentere for enkelte påstandar og standpunkt. Gjennom forsvar av eit standpunkt får elevane moglegheita til å teste sin eigen argumentasjon og prøvd ut det å skulle forsvare eit standpunkt dei ikkje nødvendigvis støttar.

Romariket sitt fall er eit av desse punkta som blir nemnd som diskusjonsemne blant kommentarane. Dette er eit svært forståeleg punkt for diskusjon, då det ikkje er mogleg å peike på ein individuell faktor som grunnen for at, for eksempel, den vestlege delen av Romariket falt, denne diskusjonen er enno gjeldande i historieforskinga.¹³⁹ Lærebøkene la også ein del vekt på Romariket sitt fall og presenterte fleire årsaker som var aktuelle for diskusjonsoppgåver. Ei slik tilnærming vil derfor være naturleg med tanke på undervisninga og kan samtidig gi elevane moglegheit til å arbeide med kjelder som diskuterer emnet.

Utifrå kommentarane og resultatata frå spørsmåla rundt undervisningsmetodar, forstår eg at ei presisering av kva tavleundervisning omfatta ville vore nyttig. Nokre av lærarane har kommentert at dei ikkje heilt forstår kva eg faktisk siktar til, kvar grensene går, medan nokre har nemnd både PowerPoint presentasjon og bruk av tavle i kommentarane sine. Eg burde presisert at eg sikta til forelesning som undervisningsmetode, i staden for å spørje om tavleundervisning. Dette kunne gitt eit resultat som ville vore lettare å tolke. Sidan eg ikkje gjorde det, er resultatet vanskelegare å tolke. Likevel var det fleire som la igjen kommentar rundt kva undervisningsmetodar dei bruker, som gjer at resultatet til ei viss grad er tydelegare.

I resultatata frå undersøkinga var det fleire som kommenterte at dei tar i bruk prosjektarbeid og gruppearbeid i relativt stor grad. Spesielt innanfor eit emne som den romerske antikken er det viktig å huske på at elevane, kanskje i større grad enn diverse andre emne, har svært forskjellige forutsetningar. Som tidlegare nemnd er ikkje den romerske antikken ein del av pensum i historiefaget på ungdomsskulen,¹⁴⁰ som då betyr at elevane ikkje har hatt emnet sidan barneskulen.¹⁴¹ I gruppearbeid får elevane moglegheit til å spele på kvarandre og kan gjennom dette lære mykje av kvarandre. Det interessante med bruken av gruppearbeid er at det sjølvstøtt legg opp til at elevane i større grad blir ansvarlege for eiga undervisning, men også gjer det mogleg å fokusere på det som interesserer dei mest i emnet.


¹³⁹ Iddeng, *Romerriketets Historie – Keisertida*, 509.

¹⁴⁰ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)» Henta 13.05.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Hele/Kompetansemaal/kompetansemaal-etter-10.-arssteget>

¹⁴¹ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)». Henta 04.03.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/SAF1-03/Hele/Kompetansemaal/kompetansemaal-etter-7.-arssteget>

3.2.2 Den romerske antikken i læreplanen


Den neste delen av undersøkinga omhandla læreplanen og korleis den la opp til undervisning i den romerske antikken. Her byrja eg med eit spørsmål som skulle vurdere viktigheita av den romerske antikken i historiefaget på ein meir generell basis.



Figur 3.6

Det er sjølvsagt vanskeleg å vurdere eit emne sin totale relevans for historiefaget, spesielt når ein ikkje skal vurdere opp i mot andre emne. Derimot er det tydeleg at dei fleste meiner at den romerske antikken i seg sjølv er ganske viktig innanfor historiefaget. Resultatet er til ei viss grad fordelt på alternativa, men interessant å påpeike er at ingen har svart 1 og at det er ei klar overvekt på den positive sida.


Eit spørsmål eg var ganske spent på resultatet frå var oppfatninga om den romerske antikken sin relevans for tverrfagleg arbeid. Utifrå egne erfaringar har eg ikkje hatt store moglegheitene til å prøve ut den romerske antikken i andre fag enn historie. Likevel vil eg tru at blant anna religionsfaget er eit alternativ, sidan kristendommen har blitt fokusert så tungt på av lærebøkene.



Figur 3.7


Resultatet frå undersøkinga gir derimot ikkje eit nødvendigvis tydelegare bilete på relevansen for tverrfagleg arbeid. Som ein ser i grafen er det ikkje ei klar overvekt den eine eller andre vegen. Om eg reknar på snittkarakteren endar eg opp på 3,5. Dette teiknar eit bilete av at den romerske antikken nok ikkje blir oppfatta som særst godt egna for tverrfagleg arbeid. Samtidig er nok moglegheitene der, som nokre lærarar nyttar godt av.

Eit av dei mest interessante resultatane var utan tvil dei spørsmåla som omhandla den romerske antikken sitt forhold til læreplanen. Lærarane skulle vurdere målet frå læreplanen, men som eg diskuterte tidlegare har eg delt det målet inn i to individuelle delar. Eg fylde denne inndelingane i spørsmåla også, for eg var på jakt etter om det var stor forskjell på kordan dei vart oppfatta. Det som er viktig å påpeike er at eg eigentleg forventa at resultatane skulle avvike frå kvarandre, sidan dei to delane legg opp til svært forskjellige tilnærmingar til den romerske antikken. Den fyrste grafen viser korleis deltakarane vurderte den fyrste delen «Sammenligne to eller flere antikke samfunn(...)».



Figur 3.8

Viktig å påpeike er at eg ikkje bad deltakarane om å samanlikne viktigheita av dei to punkta, dei skulle berre vurdere nytteverdien til dei individuelle delane for seg sjølv. Som resultatata viser, er nytteverdien til den fyrste delen av læreplanmålet for det meste vurdert til relativt stor. Utan å ha gått inn i kommentarane rundt spørsmålet, kan eg tenkje meg at denne delen av læreplanmålet er lettare å ta for seg, sidan ein skal sette to emne opp mot kvarandre. Ein kan konsentrere seg om korleis desse antikke samfunna var og samanlikne nøkkelaspekta. Eg trur dette er ei enklare metode for elevane å bruke, spesielt sidan lærebøkene er veldig tydeleg strukturert rundt dette. Den andre grafen viser derimot eit svært tydeleg resultat blant deltakarane.



Figur 3.9

Det er på grensa til å vera universal einskap om at nytteverdien av den andre delen er svært stor. Heile 117 av 129 har svart over middels, 4 eller høgare, og 90 av desse har svart 5 eller

6. Dette teiknar eit svært tydeleg bilete over deltakarane si vurdering. Det er kanskje vanskeleg å slå fast kvifor dette punktet blir vurdert meir nyttig, men nokre tankar melder seg. Utifrå korleis ein kan vurdere tverrfagleg arbeid og relevans for andre historieemne er det nok lettare å knytte dette opp mot vidare arbeid. I forhold til tverrfagleg arbeid ser ein klare linkar til at moderne politikk er lett å knytte opp mot samfunnskunnskap og valfaget politikk og menneskerettigheiter. Begge desse faga var det fleire av deltakarane som førte opp som andre fag dei underviser i, noko som då sjølvsagt vil spele inn i deira vurderingar. Spesielt med tanke på den romerske antikken sin påverknad på rettslære og demokratiet er det naturleg å tenkje seg at lærarar som underviser i begge emna kan trekke parallellar mellom faga. Samtidig trur eg at dette punktet er viktig å vurdere opp mot relevansen sin for seinare historieemne som blir tatt opp i den norske skulen. Til tross for at den greske antikken er rekna som demokratiet si vogge, er det nok ikkje mange som vil argumentere mot at romarane utvikla demokratiet i ei republikansk form på sin måte.

I slutten av denne kategorien kom nokre av lærarane med kommentarar om emne og presenterte nokre interessante tankar rundt den romerske antikken i læreplanen og i skulen og samfunnet meir generelt. Den fyrste kommentaren eg vil ta for meg går inn på korleis antikken har påverka ettertida og korleis ein ser det igjen i dag.

Det er viktig å skissere en utviklingslinje og vise at ideene, teoriene og samfunnsdannelsen har gått gjennom ulike stadier og perioder. Samfunnet vårt i dag er ikke en moderne form for antikken, men en synkretisme av ulike perioder, tanker og ideer.

Om ein ser på antikken sin påverknad trur eg det i stor grad er viktig å sjå på dei lange linjene og korleis dette har påverka forskjellige områder i samfunnet. Som denne kommentaren påpeikar er ikkje dagens samfunn ei moderne form for antikken, men har i større grad utvikla seg utifrå mange forskjellige faktorar. Dette blir i større grad noko av det som er svært viktig å tenkje på når ein skal undervise i historie. Dei lange linjene i historie er med på å skape ei heilheit i historiefaget og vil gi elevane ein tydeleg progresjon å følgje. Ein av dei andre lærarane vektlegg dette også når han seier: «Dette er ett av temaene som gjør det mulig å snakke om virkningshistorie og lange tidsspenn i historie på en hensiktsmessig måte, og det er også lett for elevene å mobilisere egen forkunnskap knyttet til perioden». Som ein ser klart og tydeleg gjennom desse to kommentarane er lærarane svært beviste på at dei lange linjene er

nyttig å legge vekt på, og slik læreplanen er formulert, gir det læreren moglegheit til å fokusere på dei. Når ein ser på arva frå antikken blir det naturleg å bruke dette for å skape ei lenke til seinare historieemne. Eg har fått inntrykk av at historiefaget i skulen bevegar seg meir og meir mot fokuset på dei lange linjene og samanhengane mellom periodane. Då til kontrast frå det meir emnebaserte mønsteret som har prega den noverande læreplanen. Det gir meir meining å rette søkjelyset hit, då historiefaget er så omfattande at det for fleire kan bli forvirrande å alltid skulle skilje mellom kvart emne, i staden for å konsentrere seg om samanhengane og likskapen.

Eg tar meg sjølv i å ofte tenkje på korleis elevane eventuelt ville vurdert emnet, og samanliknar fort då med mine egne erfaringar. I mitt tilfelle fekk den romerske antikken stor plass berre ut av generell personleg interesse, men det er alltid interessant å tenkje litt på kva posisjon den romerske antikken har blant elevane. Ein av kommentarane frå lærarane fanga interessa mi her. Læraren skriv: «Antikken er en sentral historisk epoke med tanke på dens betydning for den vestlige sivilisasjonen. Samtidig må vi være klar over at nyere historie, for majoriteten av elevene, oppleves som mer relevant for deres verden og liv». Her trur eg at læraren i stor grad kjem med eit godt poeng når ein snakkar om elevar si interesse for historie. I nyare historie kan ein ofte vise til meir sikre og handfaste kjelder som fortel noko om historia som utspelte seg. Bilete, avisutklipp osv. er det flust av når ein snakkar om nyare historie. I eldre historie melder problemet seg at kjeldene ofte er få og vanskelege å tolke. Samtidig trur eg at tidsperspektivet spelar inn i elevane si tolking av relevansen til individuelle emne og tidsepokar. Vidare kan nok elevane sjå den direkte inneverknanden historie har hatt på samfunnet rundt dei gjennom nyare historie, dette er sjølv sagt naturleg sidan det er kortare sidan det hendte. Samtidig er det fleire fysiske bevis som viser til den romerske antikken, men eg trur at problemet og melder seg i mangelen på det «norske». Sidan romarane aldri utvida grensene til det som er dagens Norge, har ikkje Norge den same tilknytninga til Romarriket som store delar av Europa har. Dette viser seg også igjen i andre emne i historie, der dei fleste har denne tilknytninga til Norge på ein eller annan måte.

Under gjennomgangen av resultata rundt læreplanen har eg fått inntrykk av at punktet frå læreplanen som fokuserer på arva frå antikken blir satt høgst blant lærarane, dette er derimot ikkje tilfelle for alle. Ein av lærarane kom med ein veldig interessant kommentar rundt bruken

av punktet som skal samanlikne antikke samfunn, «Å sammenlikne antikke samfunn har større verdi fordi det legger opp til analyse av fagstoff». Poenget her kan ligge i at ein konkret sett to samfunn opp mot kvarandre og analyserer eventuelle fellestrekk og forskjellar. Ei slik samanlikning vil føre til større fokus på fagstoffet, sidan ein må gå i djupna på stoffet for å kunne samanlikne samfunna. Til motsetnad vil delen som omhandlar arva frå antikken i større grad legge opp til at ein ser på nokre få element som kan være inspirert eller vidareført frå antikken. Desse elementa fører ikkje nødvendigvis med seg så mykje ekstra innsikt eller fagstoff som gjer det mogleg å gjennomføre ei analyse.

Under denne kategorien vart spørsmålet rundt tverrfagleg arbeid stilt og nokre kommentarar kom frå lærarane. Den generelle tanken ligg i utfordringa med å finne naturlege fag som kan gi gode moglegheiter til å arbeide tverrfagleg. Ein av lærarane kjem med ein kommentar her som eg trur gir eit fint bilete på korleis ein kan tenke rundt det.

Hva gjelder tverrfaglig er det opp til læreren. Det er ikke selvsagt at det skal foregå tverrfaglighet på dette emnet. Jeg gjorde det i norsk og historie – Hadde om Cæsar i historie, og leste dramastykke av Shakespeare om Cæsar i norsk.

Her slår han fast at bruken av tverrfagleg arbeid er i stor grad opp til læraren og dette er eg i stor grad einig i. Spesielt med tanke på problemet med talet på timar, som stadig dukkar opp for eldre historie emnet i den vidaregåande skulen. Med emne som gir naturlege moglegheiter for tverrfagleg arbeid er det som oftast lettare å ta det i bruk, men den romerske antikken gir nok diverse utfordringar. Som læraren påpeikar er det ikkje ei sjølvfølgje at dette emnet faktisk skal brukast tverrfagleg, men han gir uansett eit fint eksempel på korleis det kan gjerast. Gjennom den romerske antikken er fokuset på Cæsar då som historisk person og i William Shakespeare sitt stykke om Cæsar som litterær karakter. På denne måten kan læraren knytte litteratur og historie saman. Denne metoden kan nok legge opp til at elevane kan få større forståing av kva kunstnariske friheiter diverse forfattarar og kunstnarar kan ta for å skape eit teaterstykke, ein roman eller eit kunstverk. På denne måten vil dei få større innsikt i kjeldekritisk arbeid, som kan være nytting å ha med seg vidare.

Eg identifiserte utfordringane historiefaget møter med tanke på tid tidlegare i oppgåva. Det var derfor interessant om dette var noko som kanskje ville dukke opp igjen i kommentarane frå lærarane. Med tanke på dette vil eg vise til ein av kommentarane som vart sendt inn.

Historie i vg2 er en dobbelttime i uka, hvor timer lett kan bli borte i terminprøver, fagdager osv. Det er dermed uansett svært liten tid på hvert enkelttema, og det blir naturlig å se på antikken som helhet, og heller sammenlikne styreformer i ulike antikke områder som Sparta, Aten og Romerriket.

Utifrå denne kommentaren er det tydeleg at denne læraren ser på tidsproblemet som ein peikepinn på korleis han burde legge opp undervisninga i emnet. Det er sjølvsagt uheldig at eit emne skal måtte organiserast utifrå tid, men dette er berre realiteten for historiefaget. Med utgangspunkt i dette kan eg forstå kvifor det er enklare å samanlikne spesifikke aspekt frå antikke samfunn, i staden for å skulle gå i djupna på betydninga antikken har hatt på ettertida. Dersom fokuset blir på antikken som heilheit vil det nok gi større moglegheiter for å definere spesifikke aspekt ved perioden som har hatt påverknad på ettertida, som då vil oppfylle læreplanmålet. Eg trur at denne praktiske og realistiske tilnærminga nok i stor grad er fornuftig, men samtidig er det viktig at undervisninga også blir engasjerande for elevane. Det er alltid ei utfordring for lærarane å skulle finne ein god balanse.

Eit av faga som tar opp den romerske antikken er «Historie og filosofi». ¹⁴² Til tross for dette har ein av lærarane kommentert at «I historie og filosofi er ikke den romerske antikken spesielt relevant utover å diskutere menneskesyn og kanskje den stoiske arven». Denne påstanden vil då til ei viss grad avfeie den romerske antikken sin relevans for faget. Dette synast eg er litt rart, sidan læreplanen i «Historie og filosofi» nemner romarane. Eksempel på dette er: «gjøre rede for kultur og samfunnsforhold i gresk og romersk sivilisasjon». ¹⁴³ Dette læreplanmålet gir inntrykk av at den romerske antikken har større relevans enn det læraren her gir inntrykk av. Spesielt sidan den romerske antikken også blir nemnd i eit av hovudområda for emnet. «Hovedområdet *antikken* dreier seg om samfunnsforhold, kultur, politikk og tenkning i gresk og romersk sivilisasjon(...)». Det er derimot viktig å påpeike at eg ikkje har noko særleg erfaring med «historie og filosofi», så det er vanskeleg å peike på kva for nokre

¹⁴² Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie og filosofi - programfag (HIF1-02)», Henta 10.05.19 frå https://www.udir.no/kl06/HIF1-02/Hele/Komplett_visning


¹⁴³ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie og filosofi - programfag (HIF1-02)», Henta 10.05.19 frå https://www.udir.no/kl06/HIF1-02/Hele/Komplett_visning

områder som blir lagt mest vekt på. Denne kommentaren kan være fullstendig basert på korleis akkurat denne læraren legg opp undervisninga si, og ikkje noko som er representativt for andre lærarar sine prioriteringar.

Med tanke på læreplanmålet som fokuserer på samanlikning av antikke samfunn har eg tidlegare nemnd at dette målet gjer at du faktisk kan ignorere Romarriket. Sjølv om dei fleste sjølvst sagt vel å ta med Romarriket som eit av desse samfunna dei vil samanlikne, er moglegheita der for å vende fokuset mot andre alternativ. Ein av lærarane i undersøkinga presenterte eit svært godt alternativ i Egypt. Svært mykje kultur stammar frå Egypt og er sjølvst sagt eit samfunn som har gjort seg fortent til merksemda. Læraren skriv dette: «Jeg har pleid å kjøre på med Egypt fordi vi har en egen utstilling med omvisning tilgjengelig på Historisk museum i Oslo». Her er det eit tydeleg val i frå læraren med tanke på kva ressursar som er tilgjengeleg. Når ein har slike ressursar tilgjengeleg er dette sjølvst sagt av potensielt stor verdi for undervisninga. Spesielt sidan dette gir elevane noko meir handfast å halde seg til og har dermed kanskje lettare for å forstå kva som er bærebjelkane i akkurat dette samfunnet. Det optimale for ein lærar ville sjølvst sagt våre å alltid ha slike ressursar tilgjengeleg, sidan det kan være med på å skape engasjement frå elevane si side og variasjon i undervisninga.

3.2.3 Plass under eksamen

Neste på lista var spørsmåla som fokuserte på hyppigheita av den romerske antikken til eksamen.



Figur 3.10

Eg hadde inga klar formeining rundt akkurat dette spørsmålet når det kom til eit eventuelt resultat. For eg hadde på førehand snakka med nokre lærar, og ingen av dei hugsa å ha gitt den romerske antikken til eksamen. Inntrykket som har bygd seg opp er at fleire av dei ikkje vil sette opp eit emne til eksamen som elevane ikkje har hatt på nesten to år. Det er sjølv sagt forståeleg, men samtidig skal elevane sin endelege karakter i historie vurderast utifrå både eldre og nyare historie. Eit viktig aspekt å vurdere med dette spørsmålet er i kor stor grad det er enkelt for deltakarane å huske om dei faktisk har hatt den romerske antikken oppe til eksamen, men som resultatet viser er det berre sju som ikkje hugsa. Resultatet viser også at delar av mine mistankar rundt eksamen er delvis bekrefta, men at det også er ein del som har hatt antikken oppe ved fleire anledningar. Av dei 129 deltakarane har 54 svart at dei ikkje har hatt den romerske antikken oppe til eksamen. Samtidig har 68 svart at dei har hatt den romerske antikken oppe til eksamen minimum ein gong. Det var vidare interessant å sjå kva lærarane hadde fokusert på med tanke på oppgåveformuleringane.


Sidan dei som svarte eit av dei to «ja-alternativa» fekk eit tilleggsspørsmål er det viktig å gå inn på svara dei gav. Dette tilleggsspørsmålet vart gitt som ei open kommentarboks der dei vart beden om å skrive kva dei fokuserte på i oppgåveformuleringane sine. Ein tydeleg tendens i resultatet frå desse kommentarane var at fleire hadde brukt læreplanmålet som grunnlag, noko som mest sannsynleg er det tryggaste alternativet. Ein kommentar eg derimot vil trekke fram er denne: «Forståing av romerriket sin oppbygging gjennom republikk og overgang til keisarriket, og forståinga av kvifor riket vart vanskeleg å administrere og kontrollere». Noko av det mest interessante med denne kommentaren er det klare søkjelyset på Romarriket åleine, ikkje i samsvar med andre antikke samfunn eller liknande. Ei slik oppgåveformulering legg naturleg opp til at elevane må ha ganske god kunnskap om den romerske antikken og fokuserer dermed på andre områder enn dei fleste andre formuleringane. Der veldig mange andre vel å anten samanlikne dei forskjellige antikke samfunna, sjå meir på spesifikke emne eller fokusere på dei lange linjene, må elevane her kunne ein god del av Romarriket si historie. Samtidig vil denne formuleringa legge opp til at elevane skal kunne vise at dei forstår og kan analysere utviklinga til Romarriket, ein eigenskap som er viktig å kunne under seinare historieemne.

Eit gjennomgåande tema for ein del av kommentarane fokuserer på dei politiske systema som prega antikken. Naturlegvis har demokratiet i Athen ofte blitt nemnd, men republikken og romarane sitt politiske system blir også nemnd. Når ein skal samanlikne antikke samfunn er Athen sentral og blir nok det mest naturlege alternativet å samanlikne Romerriket med. Ei slik oppgåveformulering legg opp til ei god dekning av læreplanen, sidan det fokuserer på både ei samanlikning mellom to antikke samfunn, men også på dei politiske systema som enda opp med å påverke ettertida.

Med Romerriket sin størrelse tatt i betraktning kan ein nok ofte stille seg spørsmålet korleis dette faktisk kunne fungere over lang tid og korleis strukturen i imperiet var. Akkurat dette figurerer i kommentarane rundt eksamensformuleringar og eit inntrykk dannar seg av kva ein del av lærarane fokuserer på. Fleire av lærarane gir eksempel på oppgåver som legg fokuset på imperiedanning, imperialisme som omgrep, samanlikning av forskjellige imperium osv. Det interessante med dette er om dei faktisk legg opp til at elevane skal ta for seg utviklinga av omgrepet imperialisme, eller om fokuset ligg meir på å forstå det romerske imperiet i antikken. Eit mogleg fokus vil være samanlikning av diverse imperium frå antikken, som Makedonia og Alexander den store, Romerriket og Athen, sidan dette verkar direkte inn på kompetansemålet i læreplanen som vil at elevane skal samanlikne to eller fleire antikke samfunn. Ei slik eksamensformulering legg opp til eit fokus på romarane.

3.2.4 Lærarane sine studiar i emnet


Med tanke på at alle deltakarane er historielærar var det interessant å sjå kor mange som faktisk hadde noko erfaring med den romerske antikken frå sine eigne studie. Her igjen valde eg å dele alternativa litt opp, sidan det ville gi eit tydelegare resultat.



Figur 3.11

Som ein ser i grafen er det ganske tydeleg at nesten alle har hatt den romerske antikken i ei eller anna form for undervisning. Det er ikkje overraskande at dei fleste svarer at det er i eit oversiktsemne dei har hatt den romerske antikken, då dei fleste nok har studert historie. Sjølv om det er nokre få som har svart nei, er ikkje det sikkert at dette er fordi dei ikkje har studert historie. Det er mogleg at studieplassen ikkje tilbydde antikken som ein del av historiestudiet. Dei fleste institusjonar og studieprogram har antikken som ein del av programmet, men ikkje alle. Som eg har nemnd tidlegare i oppgåva var ikkje antikken ein del av oversiktsemnet eg tok.

Akkurat som med førre kategori valde eg her å gi dei som svarte ja eit tilleggsspørsmål. Der spurte eg om den generelle nytteverdien dei har av erfaringa. Korleis har dette påverka deira eiga undervisning og tilnærming til den romerske antikken.



Figur 3.12


Igjen synast eg at det er ein tydeleg tendens blant deltakarane at dei til ei relativt stor grad er positive til den romerske antikken som emne. Som ein ser i grafen har 70 av 129 svart fem eller seks, noko som då vitnar om at utdanninga deira i emnet har hatt svært høg nytteverdi. Det er nok ikkje utenkeleg at fleire av deltakarane ikkje har satt seg veldig inn i den romerske antikken utover utdanninga dei har fått i emnet, derfor kan ein nok tenke seg at nytteverdien er større. Eg kan trekke personlege parallellar til dette sidan eg ikkje har hatt den romerske antikken i løpet av utdanninga mi, men eg har opparbeide meg kunnskap om emnet gjennom eiga interesse.

Det dukka opp nokre kommentarar med tanke på nytteverdien studiane hadde for dei individuelle lærarane. Ein av lærarane kjem inn på problemet den romerske antikken møter fordi den er ein del av historieemna som blir undervist i på vg2. Han skriv: «Antikken er lagt til VG2, og historie er da ikke avgangsfag, så elevenes fokus er lavere enn for eksempel blant påbyggelever». Diskusjonen rundt påbyggelever og deira tilnærming til antikken tar eg opp igjen i ein separat del. Eg hadde ikkje tenkt å inkludere påbygg i oppgåva, men sidan fleire lærarar har lagt igjen kommentarar rundt emnet, er det nyttig å diskutere.

3.2.5 Påstandar rundt framtida til emnet

Avslutningsvis i undersøkinga bestemte eg meg for å stille to påstandar/spørsmål til deltakarane, for å vurdere litt den framtidige posisjonen til den romerske antikken. Dette då


spesielt sidan ein læreplan er i utforming og er mest sannsynleg klar om ei par år. Fyrste påstanden var at den romerske antikken burde få ein sterkare posisjon i den nye læreplanen.



Figur 3.13

Grafen viser her at deltakarane for det meste meiner at den romerske antikken ikkje nødvendigvis burde få ein sterkare posisjon. 80 av 129 svarer her tre eller lågare, og sjølv om dette ikkje betyr at dei meiner den romerske antikken bør få ein mindre posisjon, synast dei ikkje at den skal få styrka posisjonen.

Vidare følger ei vurdering av om den romerske antikken bør få ein større eller mindre posisjon i den norske skulen. Her er då fokuset på skulen generelt og ikkje berre på historiefaget eller læreplanen.



Figur 3.14

Resultatet snakkar i stor grad for seg sjølv her. Dei fleste av deltakarane meiner her at den romerske antikken har ein passende posisjon i den norske skulen. Nokre av lærarane lenar til den eine eller den andre sida, men resultatet i seg sjølv er ganske tydeleg. Med tanke på nokre av kommentarane som har omhandla utfordringane til historiefaget, er det ikkje overraskande at dei fleste meiner at den romerske antikken har ein passende posisjon no.

Når ein stillar slike spørsmål eller påstandar er det naturleg at ein kan legge opp til svært mange forskjellige diskusjonar. Fleire av kommentarane som har kome til denne delen av undersøkinga gjer akkurat dette, sjølv om ein del av dei sjølv sagt er emne eg har kommentert tidlegare i oppgåva. Ein av kommentarane kom derimot inn på eit emne som eg ikkje har snakka veldig mykje om tidlegare, men som blir omtalt i neste kapittel. Kommentaren handlar om korleis den nye læreplanen kan påverke den romerske antikken og kva vi eventuelt kan forvente oss. Læraren har her gitt si meining rundt korleis ein kan tolka den nye læreplanen, i alle fall slik den var lagt fram per januar 2019. «Den nye læreplanen kommer vel til å la oss velge hva vi vil legge vekt på, hvis jeg har forstått tanken om fordypning riktig. Det betyr vel at man kan velge det helt bort eller fordype seg». Som han seier her, trur han at den nye læreplanen vil gi lærarane større moglegheiter til å velje sjølv kor ein vil fordjupe seg. Dette kan bety at den romerske antikken kan få veldig forskjellig grad av fokus blant lærarane i den norske skulen. Tolkinga er sjølv sagt berre noko han har forstått utifrå den foreløpige informasjonen som er utgitt.

3.3 Nokre interessante kommentarar om påbygg

Til tross for at eg eigentleg ikkje skulle ta for meg påbygg i noko nemneverdig grad, føler eg at kommentarane eg har fått rundt påbygg gir rom for å ta det opp. I oppgåva har eg diskutert den romerske antikken som eit som berre blir omtalt på vg2, men dette er også eit emne elevane som går vg3 påbygg til generell studiekompetanse også har i læreplanen.¹⁴⁴ Som tidlegare nemnd er det nokre kommentarar rundt den romerske antikken sin posisjon på påbygg eg vil ta opp. Den fyrste kommentaren fokuserer i større grad på elevane sjølv sine kunnskarar når dei kjem i møte med antikken i historiefaget. «Spesielt på PB er antikken

¹⁴⁴ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02) - Etter Vg3 påbygging til generell studiekompetanse», Henta 10.05.19, frå: <https://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Kompetansemaal/etter-vg3-pabygging-til-generell-studiekompetanse>

fullstendig ukjent for elevene når vi starter». Forklaringa rundt dette kan være så enkel som at elevane ikkje har hatt antikken sidan dei sjølv gjekk på barneskulen, noko som på dette tidspunktet er minimum seks år sidan. Vidare var det to kommentarar til som fanga interessa mi med tanke på påbygg. Spesielt denne kommentaren gir nokre interessante tilnærmingar.

«Fordi jeg underviser i en påbygg-klasse er ikke antikkens roma noe det fokuseres på. Fordi læreplanen understreker viktigheten av demokratiet er fokus på det antikke Athen, mens Romerriket hoppes fullstendig over. Det er ikke med i læreboka vi bruker heller. Det er for mye stoff vi må igjennom og da må noe vike.»

Der vg2 har ei stor mengde stoff som skal undervisast i, har påbygg ei mengde som er rett og slett overveldande. På grunn av dette forstår eg godt denne kommentaren. Det er derimot svært interessant det han påpeiker at den romerske antikken blir fullstendig hoppa over. Spesielt sidan læreplanen i historie er den same for påbygg som den er på vg2.¹⁴⁵ Den legg opp til at elevane skal samanlikne to eller fleire antikke samfunn og at dei skal sjå på arva frå antikken, med tanke på betydning for moderne politikk, kunst og arkitektur. Mest overraskande er det nok at læreboka dei brukar ikkje tar for seg Romarriket, spesielt då desse bøkene skal ha læreplanen som grunnlag for utforminga. Ei vurdering av påbygg er svært vanskeleg å skulle sett opp mot 2.trinnet på vidaregåande. Mangelen på tid og størrelsen på pensumet gjer at påbygg heile tida kjempar for å kome gjennom heile læreboka før året er omme. Fokuset på demokratiet, då dette spelar sterkt inn med læreplanmålet som snakkar om betydning for moderne politikk, vurderer eg som eit naturleg val.

Vidare fekk eg inn ein kommentar som verkeleg gav ei interessant problemstilling rundt antikken sin posisjon på påbygg. «Antikken er lagt til VG2, og historie er da ikke avgangsfag, så elevenes fokus er lavere enn for eksempel blant påbyggelever. Antikken er derfor et større emne i påbygg enn VG2». Her blir fokuset lagt på noko som eg har nemnd tidlegare, at historie på vg2 er ikkje eit avsluttande fag for elevane. At faget ikkje er avsluttande gjer at den romerske antikken, og mest sannsynleg eldre historie generelt sett, blir nedprioritert av elevane. For elevane på påbygg er historie derimot eit avsluttande fag, og antikken er ein del av dette. Derfor er det naturleg at elevane burde ta antikken meir alvorleg, sidan dei nok har

¹⁴⁵ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02) - Etter Vg3 påbygging til generell studiekompetanse», Henta 07.03.19, frå: <https://www.udir.no/kl06/HIS1-02/Hele/Kompetansemaal/etter-vg3-pabygging-til-generell-studiekompetanse>

større moglegheit for å få dette på eksamen. Noko som eg kanskje ser på som enda meir interessant med denne kommentaren er påstanden om at antikken er eit større emne på påbygg enn på vg2. Med tanke på viktigheita for den endelege karakteren er eg einig, men om eg tar kommentaren frå førre avsnitt med i vurderinga blir dei to kommentarane kanskje litt sjølvmotseiande. Den førre kommentaren nemnde at den romerske antikken ikkje eingong er med i læreboka på påbygg, og derfor er det vanskeleg å førestille seg at antikken skal være større for påbygg enn for vg2. For i reint pensum omfang kan det hende at antikken er større på vg2, men med tanke på generell relevans for sluttarakter og eksamen spelar antikken ei større rolle på påbygg.

4.0 Veggen vidare – eit kort innblikk i den nye læreplanen

Det er mogleg å sei at den romerske antikken ikkje har den største plassen i den norske skulen, men som det kjem fram i spørjeundersøkinga lid heile eldre historiefaget av mangelen på tid. 2. trinnet på vidaregåande opererer med berre to historietimar i veka, noko som ein kjapt kan rekne seg fram til er svært knapt. Utviklinga vidare for den romerske antikken i skulen er derimot ein interessant diskusjon, då med tanke på den nye læreplanen som er i utforming og korleis den kan endre på historiefaget. Det endelege utkastet av læreplanen ligg derimot ikkje ute, men er under høyring.

Grunnlaget for denne delen av oppgåva er å kort gå inn på korleis veggen vidare for den romerske antikken blir i den norske skulen. Den nye læreplanen vil mest sannsynleg ha stor innverknad på korleis lærarar skal undervise i den romerske antikken, kvar fokuset vil ligge og mengda tid som faktisk vil bli gitt til den romerske antikken. Viktig å påpeike her er at den nye læreplanen ikkje er ferdig før etter at denne oppgåva er levert. Eg skal derimot ta for meg nokre av punkta som har blitt presentert som moglege vinklingar i høyringane som vart gjennomført i forkant av at læreplanen skulle være ferdig utforma.¹⁴⁶

¹⁴⁶ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram», Henta 15.04.19 frå: <https://hoering.udir.no/Hoering/v2/357?notatId=678>

Eit av dei fyrste punkta eg vil diskutere frå den nye læreplanen er dette: «gjøre rede for hvordan demokrati fungerte i antikken og i moderne tid, og hvordan dette ga mennesker ulike muligheter til demokratisk deltakelse». ¹⁴⁷ Det interessante i akkurat dette punktet er sjølvsagt at antikken er nemnd direkte og at ein blir bedt om å forklare korleis demokratiet fungerte i antikken. Den fyrste tanken blir nok at det i stor grad blir retta inn mot korleis demokratiet fungerte i Athen og den greske antikken, men sidan Romerriket var den fyrste republikken blir det alltid interessant å ta for seg begge vinklingane. Styringsforma i Romerriket er på fleire måtar inspirasjonen til ei mengde nasjonar den dag i dag, men samtidig må ein ta i betraktning at romarane kanskje ikkje hadde veldig stort fokus på demokratiet. Det dette punktet derimot opnar for er å sjå på kva for nokre moderne statar som har tatt inspirasjon i frå dei forskjellige antikke samfunna. Spesielt med tanke på korleis politisk deltaking utvikla seg fyrst i dei greske statane, og vidare i Roma. Dette punktet vil legge opp til at lærarane også for framtida har moglegheita til å velje kva for nokre samfunn frå antikken dei vil ta for seg.

Ein får eit tydeleg inntrykk av at den nye læreplanen skal i større grad fokusere på historiebevisstheit og kjeldarbeid. Dette leiår sjølvsagt inn i ganske interessante diskusjonar når ein kjem til den romerske antikken. Eit av punkta i den nye læreplanen er formulert slik: «utforske fortiden ved å stille spørsmål og innhente, tolke og bruke ulikt historisk materiale for å finne svar». ¹⁴⁸ For dei som driv med forskning av antikken blir ein ofte tvungen til å ta i bruk fleire forskjellige typar kjelder for å kunne bygge tilnærma fullstendige bilete av korleis diverse situasjonar utspelte seg. Sjølv om ein gjer det er det derimot ingen garanti for at ein klarer å skape eit bilete som vil gi mening i konteksten og dette fører til at ein ofte er avhengig av å kunne tolke desse kjeldene både individuelt og i samsvar med kvarandre. Samtidig vil ei slik vinkling på historiefaget føre til at elevane i større grad er betre egna til å stille kritiske spørsmål og kunne forstå korleis fortida enno spelar ei rolle i dagens samfunn.

I løpet av Romerriket si historie måtte romarane handtere fleire vanskelege situasjonar som kom til å påverke dei over lenger tid. Eit aspekt som var viktig for romarane i krigstid var den

¹⁴⁷ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram», Henta 15.04.19 frå: <https://hoering.udir.no/Hoering/v2/357?notatId=678>

¹⁴⁸ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram», Henta 15.04.19 frå: <https://hoering.udir.no/Hoering/v2/357?notatId=678>

nærmast umenneskelege evna til å alltid kunne stille med fleire menn. Samtidig vart Romerriket sjølv råka av forskjellige demografiske kriser. Eit av kompetansemåla i den nye læreplanen blir presentert slik: «presentere årsaker til viktige demografiske endringer og vurdere virkningar for mennesker og samfunn». Det er liten tvil om at Romerriket sin påverknad på dåtidas samfunn var ganske markant og ein kan nok i fleire samanhengar sjå at samfunnet som ei heilheit vart i større grad urbanisert. Spesielt for bøndene som forvalta dei mindre gardane fekk store problem med å selje produkta sine som følge av ekspansjonen til romarane. Dette førte til at fleire søkte seg inn til byane og då i størst grad Roma. Om ein snakkar om større demografiske endringar under romarane er det naturleg å ta for seg fleire av epidemiane som slo til innanfor riket sine grenser. Den største av dei som slo til når Romerriket sjølv var på sitt største var nok «den antoninske pesten». ¹⁴⁹ Samtidig kan ein også snakke om den Justinianske pesten som slo til i 541 e.v.t. ¹⁵⁰ Om ein då ser på punktet i læreplanen forstår ein at det er fleire områder som omfattar romarane som ein kan ta for seg i ein undervisningssituasjon. Dette leiar meg vidare til eit anna kompetansemål ein kan innlemme den romerske antikken i.

Når ein snakkar om historie er det viktig å forstå at det er situasjonar som kan føre til drastiske endringar i historieforløpet. Dette er noko som den nye læreplanen vil legge vekt på med eit av kompetansemåla sine i historiefaget. Det lyder slik: «drøfte hva som skal til for å kalle en endring et brudd i historien». ¹⁵¹ Eit slikt kompetansemål er med på å utfordre elevane til å vurdere og analysere endringar i historieforløpet og dermed definere korleis desse påverkar ettertida. Dette fører inn til ei djupare forståing av dei lange linjene i historiefaget. Med tanke på den romerske antikken er det liten tvil om at romarane opplevde fleire brot, både i form av politiske og militær endringar.

Med tanke på at den nye læreplanen ikkje er fastsett er det godt mogleg at noko av ordlyden i dei forskjellige kompetansemåla vil endre seg og kan i det endelege utkastet endra utsiktene for korleis den romerske antikken kan bli innlemma i historiefaget. Eg synast derimot at slik

¹⁴⁹ Iddeng, *Romerrikets Historie – Keisertida*, 262.

¹⁵⁰ Lester K. Little, «Life and Afterlife of the First Plague Pandemic» i *Plague and the End of Antiquity – The pandemic of 541-750*, red. Lester K. Little. (New York: Cambridge University Press, 2007), 3.

¹⁵¹ Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram», Henta 15.04.19 frå: <https://hoering.udir.no/Hoering/v2/357?notatId=678>

læreplanen ser ut akkurat no, er det sannsynleg at lærarane blir meir ansvarlege for å velje ut kva som blir fokusområde for dei i historiefaget. Den førre læreplanen la i større grad fokus på å definere kva emne som skulle undervisast i og korleis ein skulle ta i bruk emna. Som eit eksempel kan ein sjå på læreplanmålet eg har analysert i denne oppgåva. Utifrå det læreplanmålet blir det definert kva for eit emne som skal undervisast i og korleis ein skal ta for seg dette emnet. Då i denne grad i form av samanlikningar mellom dei antikke samfunna og korleis antikken har påverka ettertida. Utifrå korleis den nye læreplanen ser ut for augeblikket får ein kjapt inntrykk av eit skifte i korleis ein skal ta for seg historiefaget. Dette blir understøtta av ein av kommentarane eg fekk i undersøkinga.

«Den nye læreplanen kommer vel til å la oss velge hva vi vil legge vekt på, hvis jeg har forstått tanken om fordypning riktig. Det betyr vel at man kan velge det helt bort eller fordype seg».

Kommentaren og vurderinga eg har gjort er sjølv sagt berre tolkingar av slik den nye læreplanen er på dette tidspunktet. Eit endeleg svar på dette får vi når læreplanen er ferdig utforma og lærarane har fått tatt den i bruk.

5.0 Avslutning

Målet med denne oppgåva har vore å identifisere korleis den romerske antikken blir tatt hand om i den norske skulen, og samtidig diskutere korleis dette kan være representativt for nøkkelområda som omhandlar den romerske antikken. Det er ganske enkelt å påstå at den romerske antikken ikkje er eit av dei mest omtalte og fokuserte historiske emna som elevar må i gjennom i løpet av den vidaregåande skulen. Viktig å forstå er derimot at ein slik påstand ikkje kan berre kastast ut utan at den har harde fakta bak seg. Dette var i stor grad årsaka til at eg hadde eit ønske om å ta for meg akkurat denne problemstillinga i oppgåva mi.

I dette avslutningskapittelet vil eg fyrst ta ei oppsummering av funna mine frå analysen av læreplanen, lærebøkene og undersøkinga til lærarane. Utifrå dette vil eg diskutere kva utfordringar den romerske antikken har i den norske skulen og verknaden av desse.

Avslutningsvis skal eg prøve å gi eit svar på: *Er det riktig å anta at den romerske antikken stiller noko tilbake for andre emne i eldre historie delen av historiefaget?*

5.1 Læreplanen og lærebøkene

For å gjennomføre analysen av lærebøkene var det viktig å presentere kompetansemålet i læreplanen som omfatta den romerske antikken fyrst. Dette kompetansemålet lyd slik: «sammenligne to eller flere antikke samfunn og diskutere antikkens betydning for moderne politikk, arkitektur eller annen kunst». ¹⁵² Eg presenterte dette målet som to separate delar og tok derfor for meg dei i meir eller mindre grad individuelt. Den fyrste delen som tar for seg samanlikninga av to eller fleire antikke samfunn byr på nokre utfordringar med tanke på tolking. Sidan det ikkje er spesifisert kva for nokre antikke samfunn og kva for nokre områder av dei som skal samanliknast, ville dette medføre potensielle forskjellar i undervisninga. Den andre delen har eg tolka som meir tydeleg sidan det spesifikt er snakk om antikken si betydning for moderne politikk, arkitektur eller annan kunst. Her er det i større grad mogleg å sørge for at fokuset ligg på dei same aspekta og dermed skape kontinuitet i undervisninga. Samtidig presiserte eg problemet til antikken som ein del av 2.trinnet på vidaregåande. Sidan faget ikkje er avsluttande før etter 3.trinnet, vil det føre til at elevane ikkje får emnet opp til eksamen før ein eventuell historieeksamen etter 3.trinnet. Det er vanskeleg for elevane å då skulle ta opp igjen eit emne dei ikkje har hatt undervisning i på nærare to år.

Lærebøkene ei ein viktig del av denne oppgåva, sidan dei til ei ganske stor grad er eit sentralt hjelpemiddel i undervisninga, både for lærarar og elevar. For å gjennomføre denne analysen valde eg ut tre lærebøker som eg har erfaring med frå tidlegare. Dei tre var «Historie Vg2 – Fra de eldste tider til 1700-tallet» ¹⁵³, «Tidslinjer 1 – Verden og Norge» ¹⁵⁴ og «Alle tiders historie – verden og Norge før 1800». ¹⁵⁵ Dei to fyrstnemnde kom ut i 2007, medan den siste vart utgitt i 2013. Sjølv om læreplanen stod ganske sentralt i analysen av lærebøkene, valde eg også ut 13 punkt som lærebøkene skulle vurderast opp mot. Gjennom desse punkta ville eg kunne skape eit bilete av kor godt lærebøkene dekkjer over sentrale aspekt frå den romerske

¹⁵² Utdanningsdirektoratet, «Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende utdanningsprogram (HIS1-02),» Henta 05.05.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/his1-02/hele/kompetansemaal/etter-vg2-studieforberedende-utdanningsprogram>.

¹⁵³ Libæk et al., *Historie Vg2*.

¹⁵⁴ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*.

¹⁵⁵ Heum et al., *Alle tiders historie*.

antikken. Disse punkta var utarbeide i samsvar med rettleiaren min og bygde i stor grad på dei to verka til historikar Jon W. Iddeng som omhandlar Romerriket. Det var forventat at lærebøkene ville ha forskjellar seg i mellom, men det er ganske tydeleg at alle bøkene har bygd opp strukturen sin rundt læreplanen.

Med tanke på dei forskjellige hovudpunkta var det nokre hovudområde som stakk seg ut både positivt og negativt. Alle lærebøkene konsentrerte seg om dei lange linjene som prega republikken, både innanfor borgarrolla, republikken sitt politiske system, ekspansjon og imperium og til slutt sosiale forhold og slaveri. *Alle tiders historie* er boka skapte skilnad frå dei to andre, med eit ekstra søkjelys på årsakene som prega republikken og den til slutt uunngåelege overgangen til keisardømet. Ei svakheit som derimot meldte seg var den nærmast totale mangelen på omtale av dei religiøse retningane som prega Romerriket før kristendommen. Det merkelege er at religion er eit av områda som kunne vore nyttig å diskutere med tanke på ei samanlikning av antikke samfunn. Vidare følgde republikken sitt fall etterfølgt av ein diskusjon rundt keisardømet som system. Alle lærebøkene brukar republikken sitt fall som ein overgang frå republikken til keisardømet. Mykje av vekt ligg på dei sentrale rollene Julius Cæsar og Augustus spelte i overgangen og etableringa av keisardømet. Sjølv om *Alle tiders historie* har eit djupare fokus på dei bakanforliggende årsakene, viser *Historie vg2* og *Tidslinjer 1* også til enkelte aspekt som leia til republikken sitt fall.

Med tanke på keisardømet var det tydeleg at lærebøkene konsentrerte seg om Augustus sin iherdige innsats for å ikkje bli tolka som einherskar og at republikken enno var gjeldande i Roma. Nøyaktig korleis systemet fungerte blir ikkje via stor merksemd. Administrasjonen er derimot noko som *Tidslinjer 1* og *Alle tiders historie* valde å omtale. Med tanke på Romerriket sin størrelse var det viktig at provinsstyringa var godt organisert og stabil. For å oppnå dette la romarane vekt på å integrere overvunne fiendar i det romerske samfunnet, og unngå store endringar i styret på lokalt nivå. Sidan læreplanen ønskjer å inkludere ein del rundt betydninga av antikken på det moderne samfunnet, vart romarretten eit emne som fortente omtale. Lærebøkene slår fast at romarretten har påverka ettertida i ganske stor grad, men manglar på den generelle funksjonen og utviklinga den hadde i Roma. Når ein snakkar om arva frå antikken legg lærebøkene mykje av fokuset over på dei to neste emna, språk og

litteratur og kunst og arkitektur. Mykje av diskusjonen rundt desse emna er påverknaden dei har hatt på ettertida. Lærebøkene har lagt lite vekt på litteraturen, men påpeikar den tydelege påverknaden det latinske språket har hatt. Fleire europeiske språk har sitt opphav frå latin og andre har tatt låneord frå språket til romarane. Påverknaden når det kjem til kunst og arkitektur er i stor grad fokusert på arkitekturen. Romarane bygde storslegne byggverk og ein gjennomført infrastruktur, og konturane av dette er enno synleg i dag.

Eit anna emne som vi ser tydeleg igjen i dag, og som lærebøkene via stor plass, var kristendommen. Alle bøkene tok tak i store delar av kristendommen sin framvekst og korleis religionen utvikla seg til å bli den dominerande religionen i Romerriket. *Tidslinjer 1* og *Alle tiders historie* valde å ta for seg fleire av dei viktige hendingane som prega framveksten til kristendommen i Romerriket, medan *Historie vg2* valde å heller ta for seg Konstantin og kristninga av riket på has si tid. Kristendommen sin tydelege påverknad på Europa og tida etter antikken er ganske tydeleg, så det er lite å sei i mot lærebøkene at har via kristendommen mykje plass. Vestriket sitt fall er det siste emnet som lærebøkene tar for seg i gjennomgangen av antikken og søkjelyset er i stor grad retta mot årsakene som førte til undergangen. Spesielt *Alle tiders historie* er flinke til å opne for ein diskusjon rundt årsakene til vestriket sitt fall. Lærebøkene har for det meste fokusert på dei økonomiske årsakene som sentrale, men presenterer andre årsaker som kan ha vore viktige. Dette er tross alt eit emne som historikarane enno diskuterer. Det siste av hovudpunkta var kjeldebruken til lærebøkene. *Tidslinjer 1* var ein ganske stor skuffelse sidan boka ikkje tar for seg kjelder i noko betydeleg grad, medan *Historie vg2* valde å plassere vurdering av kjelder i oppgåvene til kapittelet. Den tilnærminga støtter *Alle tiders historie*, men vel også inkludere nokre kjelder elles i gjennomgangen av antikken.

«Tradisjonelt har læreboka vært det viktigste hjelpemidlet til å skaffe seg oversikt over historien». ¹⁵⁶ Slik startar «Tidslinje 1» introduksjonen sin til korleis ein skal bruke boka, men kva meiner dei eigentleg med denne påstanden? Etter å ha undersøkt og analysert tre forskjellige lærebøker trur eg at *Tidslinjer 1* siktar til at lærebøkene ikkje lenger er eit like viktig hjelpemiddel i undervisninga. Med alle dei andre tilgjengelege ressursane lærar og elev

¹⁵⁶ Eliassen et al., *Tidslinjer 1*, 3.

har i dagens skule, er det naturleg å tenkje seg til at læreboka vil ha ei mindre rolle. Det som derimot er svært tydeleg er at læreboka er ei direkte lenke til læreplanen og dei krava som den stiller. Alle bøkene som har blitt undersøkt i denne oppgåva har lagt vekt på å strukturere bøkene sine etter læreplanen, og strekt seg så langt som mogleg for å dekke over den. Sjølv om læreplanen stiller krava for lærebøkene, må ein hugse på at lærebøkene ikkje nødvendigvis skal oppnå desse krava åleine. Bøkene, i samsvar med undervisning, lekser, elevarbeid osv., er ansvarlege for at læreplanen sine krav skal oppfyllest. Det er derfor ganske enkelt å sei at lærebøkene som har blitt undersøkt her i stor grad oppfyller dei krava som er relevante å stille til dei. Noko som derimot er meir interessant å understreke er i kor stor grad bøkene er med på å utfordre elevane til å tenke kritisk, drøfte og diskutere vanskelege emne og generelt utvikle elevane utover den standardiserte historiekunnskapen. Eit inntrykk har etablert seg om at *Alle tiders historie* er ei meir oppdatert og gjennomført bok, noko som ikkje er ein overraskande observasjon sidan den er den nyaste av dei tre. Boka stiller også større moglegheiter for diskusjon mellom læraren og elevane. Den fylgjer ein svært liknande struktur som dei to andre, men alle bøkene har ein skilnad i kor mykje vekt dei legg på individuelle emne i den romerske antikken. Læreplanen omtaler som sagt den romerske antikken i berre eit av læreplanmåla, men slik læreplanen er bygd opp er det ein liknande situasjon for dei andre emna i historiefaget. Sidan læreplanmålet er ganske opent med tanke på samanlikning av antikke samfunn, legg det opp til at lærebøkene i stor grad kan velje kva for nokre områder dei vil ta for seg. Dei 13 hovudpunkta eg valde ut var for det meste basert på kva Iddeng retta søkjelyset på i sine bøker, med enkelte endringar i forhold til læreplanen. Dette ville gi eit inntrykk av korleis lærebøkene også stilte opp det som ein kalle ein forskingsfront. Utifrå dette vil eg sei at lærebøkene på dei fleste områda er godt dekkande og den romerske antikken er godt representert i både læreplanen og lærebøkene. Det er kanskje diverse manglar med tanke på korleis romarane har påverka ettertida, men sidan læreplanmålet omfattar heile antikken, må ein forvente at den greske antikken også får sin omtale.

5.2 Spørjeundersøkinga

I denne oppgåva hadde eg eit ønske om å identifisere lærarane i den vidaregåande skulen sitt forhold til den romerske antikken. For å gjennomføre dette utforma eg ei spørjeundersøking som eg sendte ut til aktuelle lærarar. Undersøkinga fokuserte på fleirvalsspørsmål og nokre opne tekstboksar. Fleirvalsspørsmåla baserte seg på å rangere frå 1 til 6, der 1 betyr i liten

grad og 6 betyr i stor grad. Dette var for å unngå at lærarane skulle måtte vie masse tid til undersøkinga, men at dei som hadde moglegheita kunne utdjupe sine tankar i tekstboksa. Eg starta undersøkinga med å finne ut litt generell informasjon om lærarane. Fyrste spørsmålet retta søkjelyset på kva fag lærarane underviser i, anna enn historie. I dette var det samfunnsfag og norsk som var hyppigast nemnd. Det andre spørsmålet var om talet på år lærarane hadde undervist i historie. Resultatet var ganske jamt fordelt mellom dei fire alternativa *1-5 år*, *6-10 år*, *11-20 år* og *over 20 år*. *11-20 år* var kategorien med flest på 41, og det er ikkje spesielt overraskande sidan det alternativet som omfatta flest år. Desse to fyrste spørsmåla gav meg eit perspektiv på bakgrunnen til lærarane og fortalde meg at gruppa med deltakarar representerte eit vidt spekter av erfaring og fleire forskjellige fag.

Neste kategori fokuserte på den romerske antikken sin posisjon i klasserommet. Fyrste spørsmålet var om elevane responderer positivt på undervisning i den romerske antikken. Dette spørsmålet var eg veldig spent på resultatata frå og var positivt overraska når 93 av 129 svarte 4 eller meir. Det er viktig å påpeike at dette er lærarane si vurdering av elevane sin entusiasme, og ikkje elevane sjølv som gir sitt svar. Vidare var det fokus på lærarane sin entusiasme for emnet. Igjen vart eg positivt overraska og svara gav eit veldig tydeleg bilete på at den romerske antikken er eit emne som dei fleste er entusiastiske for å undervise i. Eg ville deretter identifisere undervisningsmetodane som lærarane brukte. Dei to spørsmåla baserte seg her på om dei primært brukte tavleundervisning eller andre undervisningsmetodar. Her følgde også eit spørsmål i form av ei tekstbok og kva desse eventuelle andre undervisningsmetodane var. Med tanke på resultatata var det her ei jamn spreiding for kor mange som brukar tavleundervisning, med ei overvekt på at dei fleste brukar det til ei relativt stor grad, 4 eller høgare. Eg merka i etterkant av undersøkinga at eg burde presisert at eg i denne forstand sikta til bruke av forelesningsmetoda, for nokre av kommentarane viste til ei viss forvirring. Med tanke på anna undervisning var overvekta enda tyngre på dei øvre karakterane, med over 80 svar på 5 eller 6. Kommentarane som følgde nemner fleire metodar, med film, arbeid med kjelder, diskusjonsoppgåver og gruppe-/prosjektarbeid som dei mest populære. Kommentarane vitnar om ganske varierte og spennande opplegg.

Neste kategori var den romerske antikken sin relevans og posisjon i læreplanen. Fyrst vurderte lærarane viktigheita av emnet i historiefaget og relevansen for tverrfagleg arbeid.

Tendensen er liknande som med tidlegare kategoriar og inntrykket er at lærarane er generelt sett positive til den romerske antikken. Spørsmålet rundt tverrfagleg arbeid var derimot veldig midt på treet. Snittkarakteren var 3,5, som tilseier at spreinga er veldig jamn. Tverrfagleg arbeid er kanskje vanskeleg å gjennomføre om lærarane ikkje underviser i eit emne som naturleg legg opp til det. Sidan oppgåve mi har retta søkjelyset på læreplanen var dei to neste spørsmåla sentrale. Dei fokuserte på læreplanmålet og var delt inn etter dei to bestanddelane eg identifiserte i læreplanmålet, «Sammenligne to eller flere antikke samfunn(...)» og «(...) diskutere antikkens betydning for moderne politikk, arkitektur eller annen kunst». Eg delte dei inn for å rette eit større fokus mot nytteverdien av dei to individuelt. Sjølv om begge to fylde den same tendensen som andre spørsmål, vart delen rundt antikken si betydning rangert som høgst med 117 av 129 som svarte 4 eller høgare. Det er vanskeleg å påstå kva som er grunnen, men nytteverdien av å sjå påverknaden av antikken har relevans for seinare historie emne. Dette viser seg også igjen i kommentarane som omhandla emne, då fleire peikte på korleis arva frå antikken er med på å vise elevane dei lange linje som pregar historiefaget.

Sidan antikken er ein del av 2. trinnet i den vidaregåande skulen var eg interessert i å finne ut om den ofte blir gitt til eksamen og kva for nokre oppgåver som då meldte seg. Eg spekulerte rundt det at den romerske antikken mest sannsynleg ikkje var opp til eksamen spesielt ofte. Resultatet var derimot meir på at den romerske antikken vart gitt til eksamen, men resultatet var ikkje einstemmig. Dei som hadde hatt emnet oppe til eksamen hadde i stor grad fokusert på læreplanmålet, men også imperiedanning og korleis Romerriket fungerte. Den neste siste kategorien retta søkjelyset over på lærarane igjen og spurte om dei hadde fått undervisning i antikken i løpet av sine eigne studiar. Sidan det er berre historielærar som deltok i undersøkinga var det ikkje veldig overraskande at nesten alle hadde fått undervisning, anten gjennom oversiktsemne eller spesialiseringsemne. Vidare vart desse spurt om å rangere nytteverdien av denne undervisninga og resultatata var for det meste positive her og.

Den siste kategorien av undersøkinga baserer seg på nokre påstandar rundt den romerske antikken si framtid i skulen. Dei vart lagt ved i undersøkinga for å gå litt inn på den nye læreplanen som er under utforming, men også den romerske antikken sin generelle posisjon. Rundt den nye læreplanen var spørsmålet om den romerske antikken burde få ein sterkare posisjon i den. Her var overvekta på dei lågare karakterane, men sidan påstanden var at emnet

skulle få ein sterkare posisjon, betyr ikkje dette at lærarane nødvendigvis meiner at den romerske antikken bør få ein svakare posisjon i den nye læreplanen. Den siste påstanden gjekk inn på om den romerske antikken burde få ein sterkare posisjon i skulen generelt sett. Her var det tydeleg at lærarane synast at emnet har ein passande posisjon no, med berre nokre få avvik begge vegar.

Frå eit personleg perspektiv var eg spent på resultatane frå undersøkinga og korleis dei ville reflektere lærarane sine haldningar til den romerske antikken. Om ein ser totalt sett er liten tvil at den romerske antikken mottar generelt positiv omtale og inntrykket er at dei fleste lærarane har eit godt forhold til emnet. Samtidig er det viktig å leggje fram at dei også ser dei tydelege utfordringane som eldre historie har i skulen, både med tanke på tid og kor djupt ein kan gå i dei individuelle emna. Utan andre emne å samanlikne den romerske antikken opp mot er det vanskeleg å skulle slå fast den eine eller andre vegen om emnet er populært blant lærarane, men resultatane frå undersøkinga gir inntrykk av ei veldig positiv haldning i alle fall.

5.3 Stiller den romerske antikken noko tilbake for andre emne i eldre historiefaget?

Utifrå resultatane frå analysen av lærebøkene og spørjeundersøkinga får eg inntrykk av at historiefaget sin mangel på tid er ein av dei største årsakene til at fleire emne berre får ein tilnærma overflatisk gjennomgang. Som eg påpeika i innleiinga har historiefaget ikkje meir enn omtrent 90 minutt per veke på 2. trinnet i den vidaregåande skulen. Dette teiknar eit ganske klart bilete når ein tenkjer på at 2.trinnet omfattar eldre historie og undervisninga skal ta for historia fram til omtrent 1700-tallet. Med oldtida og antikken inne i dette reknestykket blir dette over 2500 år med historie. Om ein då ser på 3.trinnet har historiefaget dobbelt så masse tid per veke, 180 minutt, som ein då skal bruke på å gå gjennom historia frå 1700-talet til i dag. Det er kanskje i overkant enkelt å vurdere dette berre utifrå slike målbare tall, men poenget er det at eldre historie si kanskje største utfordring er mangelen på undervisningstid. Dette blir også støtta under av nokre av lærarane som deltok i undersøkinga, der akkurat dette problemet vart nemnd. Sjølv om den romerske antikken ikkje har den største plassen i historiefaget, er det ganske klart at dette ikkje er som følgje av den romerske antikken i seg sjølv, men meir den overordna avgrensinga eldre historie emnet møter.

Om ein då i tillegg ser på det totale omfanget i form av talet på sider som den romerske antikken får, er det vanskeleg å skulle påstå at den romerske antikken står noko særleg tilbake for andre emne i historiefaget. I dei tre lærebøkene blir antikken, og dermed den romerske antikken, i stor grad via det same omfanget når det kjem til sider, som andre emne. Det å skulle slå fast at eg har levert eit udiskutabelt svar angående posisjonen til den romerske antikken i den vidaregåande skulen, er vanskeleg å skulle påstå. Eg håpar at denne oppgåva kan være eit bidrag til diskusjonen rundt emnet og samtidig være ein peikepinn på kvifor den romerske antikken fortener ein sterk plass i historiefaget. Med den nye læreplanen i horisonten er eg veldig spent på å sjå utviklinga av historiefaget dei neste åra og korleis den romerske antikken kan posisjonere seg innanfor faget.

Litteaturliste

Eliassen, Jørgensen, Ola Englien, Tore Linné Eriksen, Ole Kristian Grimnes, Lene Skovhold og Knut Sprauten. *Tidslinjer 1 – Verden og Norge*. Oslo: Aschehoug, 2007.

Heum, Trond, Tommy Moum og Ola Teige. *Alle tiders historie – Verden og Norge før 1800*. Oslo: Cappelen Damm, 2013.

Iddeng, Jon Wikene. *Romerrikets historie – Republikkens vekst og fall*. Oslo: Dreyer Forlag, 2014.

Iddeng, Jon Wikene. *Romerrikets historie – Keisertida*. Oslo: Dreyer Forlag, 2018.

Kamm, Antony og Abigail Graham. *The Romans – An Introduction* (3. utg.). New York: Routledge, 2015.

Libæk, Ivar, Øivind Stenersen, Asle Sveen og Svein A. Aastad. *Historie Vg2 – Fra de eldste tider til 1700-tallet*. Oslo: Cappelen, 2007.

Little, Lester K. «Life and Afterlife of the First Plague Pandemic» i *Plague and the End of Antiquity – The pandemic of 541-750*, red. Lester K. Little, 3-32. New York: Cambridge University Press, 2007.

Potter, David S., red. *A Companion to the Roman Empire*. Malden, Mass: Blackwell, 2006.

Regjeringen. *Kunnskapsløftet*. Henta 13.05.19 frå:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/utdanning/grunnopplaring/kunnskapsloftet/id534689/>

Rosenstein, Nathan og Robert Morstein-Marx, red. *A Companion to the Roman Republic*. Malden, Mass: Wiley-Blackwell, 2007.

Utdanningsdirektoratet. *Ansvar for fordeling av skoledager utover året*. 13.02.2019 frå

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Skoleeiers-ansvar/Ansvar-for-fordeling-av-skoledager-utover-aret/>

Utdanningsdirektoratet. *Læreplan i historie - fellesfag i studieforberedende*

utdanningsprogram (HIS1-02). Henta 13.05.2019 frå <https://www.udir.no/kl06/HIS1-02>

Utdanningsdirektoratet. *Læreplan i samfunnsfag (SAF1-03)*. Henta 13.05.2019 frå

<https://www.udir.no/kl06/SAF1-03>

Ødegård, Knut. *Antikken – Hellas og Roma, fra bystat til imperium*. Oslo: Pax Forlag A/S, 2014.